

Georg Arnestad

**Tre kulturhussatsingar –
nokre år i etterkant**

**Arnestad Tekst og tal
Sogndal 03.06.2021**

Føreord

I 2014 og 2015 opna tre nye og store kulturhus i Hamar, Bodø og Stjørdal: Hamar kulturhus, Kulturkvartalet Stormen og Kimen kulturhus. Husa, eller bygga, var resultat av omstridde politiske prosessar i dei tre kommunane. Langvarige og bærande politiske konstallasjonar sørgde for at prosjekta vart gjennomførte trass i skarp og betydeleg folkeleg motstand.

Korleis har det så gått med desse tre kulturbygga etter at dei kom i drift? Eg stilte meg tidleg dette spørsmålet sidan eg deltok i det livlege offentlege ordskiftet 2010-2014 om bygging av svære og kostbare kommunale kulturbygg. Eg forma i 2019 ut ei prosjektskisse for ein liten studie av saka. Eg fekk positiv respons på dette frå leiarane for dei aktuelle kulturinstitusjonane. Dei ville gjerne at eg såg dei nærmare etter «i korta.» Eg søkte Stiftelsen Fritt Ord om pengar til gjennomføring av prosjektet. Fritt Ord løyvde kr 60.000. Det gjorde det mogleg for meg å reise til Hamar, Bodø og Stjørdal for å samle data og, ikkje minst, snakke med sentrale aktørarar i kulturhusprosessane. Med eit par unntak i Bodø fekk eg snakke med alle dei eg ønskte å intervjuje.

Rapporten som no endeleg ligg føre, dreier seg mest om korleis det har gått med kulturhusa etter at dei kom i drift i 2014 og 2015. Betre, til dels betydeleg betre, enn ein kunne vente, er det snøgge svaret. I alle fall når vi ser det heile i lys av den oppheta debatten 2010-14. Men ingen i Bodø bør vere særleg stolte over den mangeårige striden om og i konserthuset. Analysen i denne rapporten er i hovudsak ført fram til då Noreg stengde ned 12. mars 2020. Den langvarige uroa i Stormen konserthus har likevel gjort det nødvendig å supplere analysen med informasjon om utviklinga etter at ei ny leiing kom på plass i 2020. Rapporten gir også ei kort innføring i den politiske historia om kulturhusprosessane i dei tre aktuelle kommunane.

Rapporten kjem dessverre altfor seint. Det er min eigen feil. Eg har skrive mange utkast. Ei tid prøvde eg først å lage ein førebels kortversjon og deretter ein fyldigare versjon. Det fekk eg ikkje til. Noko av forseinkinga skuldast strevet med å få til eit nokolunde balansert grep om framstillinga av det mangeårige bråket i og rundt Stormen konserthus i Bodø. Til slutt gjekk eg fullstendig lei og gav nesten opp det heile.

Eg takkar Fritt Ord for støtte til prosjektet. Utan denne hadde det ikkje vorte noko prosjekt. Eg takkar også dei intervjuobjekta som stilte opp og gav meg sine ord, opplysningar og refleksjonar kring dei tre kulturbyggprosjekta. Eg takkar òg Høgskulen på Vestlandet som gjennom ein senioravtale har gitt meg nødvendig tilgang til høgskulens viktige infrastruktur.

Til sist: Dette arbeidet er ei utgreiing, ikkje ein forskingsrapport. Men meininga er å få publisert ein tidsskriftsartikkel om dei mangearta erfaringane og utfordringane med bygging, etablering og, ikkje minst, drift av omfattande, komplekse og kostbare kulturbygg.

Sogndal, 27.5.2021
Georg Arnestad

Innhald

Føreord	2
1 Bakgrunn for arbeidet	4
2 Prosjektet mitt	5
3 Innleiande kulturhusprosessar	7
3.1 Hamar-prosessen	
3.2 Stjørdals-prosessen	
3.3 Bodø-prosessen	
3.4 Tre kulturbygg – tre historier	
4 Hamar kulturhus: «Et kulturhus for det 21. århundret	13
4.1 Trøblete første år	
4.2 Salane	
4.3 Meir enn sal og scener	
4.4 Nokre andre sider ved kulturhuset	
4.5 Så seier tala	
4.6 Oppsummering	
5 Kimen kulturhus: «Det herre er og skal værre et bygg for alle»	24
5.1 Breitt kulturtilbod	
5.2 Institusjonar i huset	
5.3 Anna innhald i huset	
5.4 Prosjekt Kultorg 2015	
5.5 Så seier tala	
5.6 Oppsummering	
6 Kulturkvartalet Stormen	36
6.1 Introduksjon	
6.2 Stormen bibliotek: «En historie til å bli glad over»	
6.3 Stormen konserthus: «Kulturelle høydepunkter, vedvarende bråk og konflikter»	
6.4 Organisering og leiging	
6.5 Innhald og innhaldsendringar	
6.6 Ny kurs: «være det beste konserthus vi kan for byen og regionen»	
6.7 Oppsummering	
7 Avsluttande refleksjonar	53
Vedlegg: Nokre kulturindikatorar 2019	60


1 Bakgrunn for arbeidet

Mange norske tettstader, bygdesentrum og småbyar har kosta på seg nye og flotte kulturhus siste 20 åra. Om vi brukar utviklinga av medlemstalet i organisasjonen Norske kulturhus som grunnlag, har vi fått rundt 50-60 nye kulturhus på 2000-talet. Dei aller fleste av desse er kommunale. Det vil seie at husa er bygde, eigde og, i all hovudsak, drivne av norske kommunar. Og sidan kultur ikkje er noka kommunal «må-oppgåve» her i landet, har det også vore mykje usemje, folkeleg bråk og politisk støy kring bygginga av dei fleste av desse husa. Kultur skal ikkje koste så mykje. Kommunale kulturhus skal vere nøkterne. «Eit kulturhus kostar 40 mill. og ein ordførar», sa den legendariske Sp-politikaren Per N. Hagen då han vart kasta som ordførar i Tynset i 1989. Året før hadde han fått realisert eit flunkande flott kulturhus til heile 40 mill. kroner i den vakre, men sparsommelege, fjellbygda i Nord-Østerdalen.

25 år seinare, i 2014 og 2015, opna så tre store, omstridde og kostbare norske kommunale kulturbygg i Hamar, Bodø og Stjørdal. Prisen på kulturhusa i Hamar og Stjørdal låg litt under og litt over 700 mill. kroner, mens kulturkvartalet i Bodø, med eit bibliotekbygg og eit konserthus, kom opp i nesten 1,2 milliardar kroner. Kommunestyra i dei tre byane sa i 2010-2012 med noko varierende fleirtal ja til å byggje desse svære husa. Meinngane var sterkt delte i alle byane. Motstandarane var mange, svært aktive og synlege. Diskusjonane gjekk høgt i lokalpressa, på folkemøte og elles i lokalsamfunna. Dei tre svære kulturhusprosjekta blei også omdreiingspunkt for ein nasjonal debatt om kva for kulturhus kommunane burde tillate seg å byggje. Særleg Aftenposten hadde mange kritiske reportasjar i åra 2010-2014. Hadde kommunane økonomisk ryggrad til å bere desse løfta? Ville ikkje dette gå utover andre, og viktigare, oppgåver i kommunane? Eg var sjølv aktiv deltakar i debatten og stilte ved fleire høve spørsmål ved behova for desse enorme kulturbyggprosjekta. Var ikkje ambisjonane i største laget? Korleis fylla husa med relevant innhald? Mest undrande var eg til satsinga i Stjørdal. Det hadde samanheng med at det nettopp var i Stjørdal, den minste av dei tre byane, at kulturhusstriden var mest intens, både i folket og langt inn i kommunestyret.

Figuren nedanfor viser folketalsutviklinga i dei tre (små)byane for perioden 1990-2020.

Figur 1 Innbyggjartal Stjørdal, Hamar og Bodø 1990-2020



Bodø er den klart største av dei tre byane. Folketalet her er i dag 52.500, i Hamar 31.500 og i Stjørdal 24.200. I perioden 1990-2020 vaks Stjørdal og Bodø med knapt 40 pst, Hamar med

25 pst. Folketalsveksten på landsbasis i denne perioden var 27 pst. Bodø vaks sterkast av dei tre i det første tiåret (1990-2010), Stjørdal i periodane 2000-2010 og 2010-2020. Hamar har sin relativt største vekst i tiåret 2000-2010. Dei tre kulturhusprosjekta var alle element i arbeidet med å utvikle og leggje til rette for meir levande og tiltalande sentrum i byane.

Prosjekta var resultatet av langvarige prosessar som starta alt på 1980-talet. På litt ulike vis blei dei tre prosjekta også knytte til overordna tankar om moderne by- og sentrumsutvikling. Alle husa vart medvite plasserte heilt sentralt i byen. Men berre i liten grad var planlegging og utvikling av kulturbygga knytt til svulstig retorikk kring næringsutvikling og byfornyng. Tidleg i prosessen vert det gjort klart at husa (berre) skulle hyse kultur og kunst. Slik blei det også. Ein liten flørt i retning av ein kombinasjon med næring(sutvikling) vart fort lagt på is i Stjørdal. Også i Bodø vart slike idear parkerte. Det var kultur, ikkje kommers, som skulle prege dei to sjønære kremtomtane i sentrum av Bodø. I Hamar var det i ein tidleg fase snakk om å byggje leilegheiter i fleire etasjar på toppen, men dette vart forkasta, mellom anna av omsyn til høgda på domkyrkjespiret!

Alle kulturbygga vart likevel sette i samanheng med moderne, og litt visjonær, sentrums- og byutvikling; til og med i vesle Stjørdal. Richard Florida og hans førestillingar om by- og regionutvikling med hovudvekt på den kreative klassen, blei nok nemnt innimellom, men Florida og hans teoriar om «den kreative klassen» si rolle i byutviklinga, hadde ingen førande eller framskoten plass i det konkrete arbeidet med nokon av kulturhusprosjekta.

2 Prosjektet mitt

Utgangspunktet for prosjektet mitt var altså den sterke offentlege diskusjonen om behovet for store og dyre kommunale kulturhus i perioden 2010-2014. Eg heldt sjølv foredraget «*Kulturhusvekst utanfor kontroll*» under konferansen «Kulturrikets Tilstand 2012», der eg harselerte over bygginga av nettopp dei tre kostbare kulturbygga som var under utvikling i Hamar, Stjørdal og Bodø. Var vi kanskje i ferd med å få eit overskotstilbod av kulturhus? Mange slutta seg i etterkant til refleksjonane og resonnementa i foredraget mitt.

Men på den andre sida: Kulturhusa representerer då ei betydeleg demokratisering og desentralisering av kulturtilbodet, utanfor storbyane. Slik dei mange festivalane også har gjort det; rett nok til ein betydeleg lågare pris. Har kanskje ikkje dei mindre byane og (utkant)regionane rett til og behov for gode konsertlokale, teaterscener, skikkelege øvingslokale for lokalt musikk- og kulturliv og for kulturskulen, brukarvennlege bibliotek, kunstgalleri, moderne kino osv.? Vi trong då ikkje gjere kulturhussatsande kommunar til lått. Burde vi ikkje heie dei fram i staden? Og dessutan: Debatten den gongen (2010-14) dreidde seg nesten berre om kulturhusa som arenaer for scenisk kunst og kultur. Dei andre, og minst like viktige, kulturhusfunksjonane blei knapt nemnde i det heile.

Uansett: Dei planlagde kulturanlegga i dei tre (små)byane Bodø, Hamar og Stjørdal vart alle realiserte. Eit kvart hundreår etter at planane først dukka opp, var det duka for storstilte opningsfestar i Hamar, Bodø og Stjørdal. Eg hadde sjølv gleda av å vere med på den svært inkluderande opningsfesten for Kimen kulturhus i Stjørdal i slutten av august 2015, der meir enn 9 000 personar møtte fram. Eg fekk i løpet av dagen og (den seine) kvelden eit inntrykk av at folket i bygdebyen tok vel imot kulturhuset sitt. No var dei innstilte på å leggje den mangeårige striden bak seg. Det gjaldt både motstandarar og tilhengjarar. Men ville det vare? Alt før eg reiste til Stjørdal, hadde eg forresten høyrte om uro blant folk i Hamar på grunn av misnøye med programprofilen til det nye kulturhuset, som opna i mars 2014. Eg hadde òg late

meg fortelje at det allereie var begynt å storme ganske heftig kring det storslegne konserthuset Stormen i Bodø, som opna i november 2014.

Under opningsfesten i Stjørdal slo det meg at det kunne ha vore kjekt å følgje med nokre år framover om korleis det ville gå med Kimen kulturhus og dei to andre omstridde kulturbygga. Eg nemnde det heile for kulturhusrådgivar Rune Håndlykken, som også var på opningsfesten i Kimen. Han tykte ideen var god. Dei neste åra følgde eg derfor med på utviklinga av og ved kulturhusa i dei tre byane, for det meste via lokale media på nettet.

Hausten 2019 vart eg så fulltids pensjonist. Då høvde det å ta opp att prosjektideen. Eg bestemte meg for å utforme eit lite prosjekt der formålet var finne ut av og summere opp korleis det hadde gått med desse tre omstridde kulturhusa etter at dei kom i drift. For å kunne gjennomføre eit slikt prosjekt var eg avhengig av at dei aktuelle kulturhusa ville samarbeide med meg. Det ville dei. Eg var òg avhengig av at nokon ville finansiere reisa til, og nokre dagars opphald, i Hamar, Stjørdal og Bodø. Eg fekk positive signal om dette frå Stiftelsen Fritt Ord. Eg bestemte meg for å gå i gang.

Sjølve prosjektideen var enkel. Eg ville beskrive og forklare utviklinga av dei tre kulturbygga i Hamar, Bodø og Stjørdal 2014/15-2020. Å få fram det varierte og mangslungne innhaldet i husa har vore viktig, ikkje minst fordi mykje av den offentlege debatten har dreidd seg berre om det som vert vist frå scener og salar i kulturhusa. Men kulturhusa er altså så mykje meir enn dette. Kven kulturhuset hyser av (lokale) kulturelle aktørar er sjølvsagt vesentleg, ikkje minst for husets profil og omdøme. Og kva for publikum eller målgrupper har ein retta tilbodet inn mot? I kva grad hadde ein teke omsyn til under planleggingsarbeidet? Og korleis sikra ein seg at den eller dei som skulle leie drifta av husa, var innforstått med intensjonane? Organisering og leing av kulturhusa er såleis faktorar som har mykje å seie. Driftsøkonomien spelar sjølvsagt ei rolle. Eit regionalt kulturhus (og konserthus) står dessutan overfor fleire krevjande balansegangar: a) mellom utleigehus og/eller eigenproduksjon og b) mellom profesjonelle aktørar og/eller frivillig og amatørbasert kulturliv. Og korleis finne balansen mellom reint kommersielle og lokale/regionale kulturytringar.

Finst det suksessfaktorar som avgjer om ein lykkast eller mislykkast med kulturhusa? Kva har vore dei viktigaste utfordringane? Kvifor storma det til dømes så sterkt kring Stormen konserthus i Bodø alt frå første driftsåret og fram til 2020? Mens det stort sett heile tida berre har vore vellæte å høyre om Kimen kulturhus i Stjørdal?

Forteljninga om og analysen av dei tre kulturanlegga kviler i hovudsak på intervju med (og anna informasjon) frå vel 40 informantar med ulike former for tilknytning til dei tre kulturanlegga. Eg har gjort flest intervju i Bodø og færrast i Hamar. Intervjua har vore mellom 30 og 60 minutt. Dei er digitalt lyd festa og skrivne ut, heilt eller delvis. Det har vore lagt vekt på å få informantar både i og utanfor kulturanlegga, politikarar og byråkratar, og ulike brukargrupper av husa. Intervjua er supplerte med mykje skriftleg informasjon frå og om kulturbygga. Lokalavisene, Hamar Arbeiderblad, Hamar Dagblad, Bladet (i Stjørdal) og (særleg) Avisa Nordland (i Bodø) har også vore viktige kjelder.

Prosjektet er utført med tilskot (kr 60 000) frå Stiftelsen Fritt Ord. Desse midlane dekte reise- og opphaldsutgiftene mine i samband med feltopphald i Hamar (9-12.2.2020), Stjørdal (23-26.2.2020) og Bodø (8-11.3.2020), og andre driftsutgifter. Under opphaldet mitt i Bodø vêra eg elles tydeleg at ei ny tid var i emning. Det stemte. Eg kom heim til Sogndal frå Bodø seint onsdag kveld 11. mars. Dagen etter, torsdag 12. mars, vart heile Noreg stengt ned. Koronaen var definitivt komen til Noreg. Analysen min stoggar stort sett der og omfattar såleis ikkje

kulturhusa og koronaen. For Stormen konserthus har det likevel vore nødvendig med ei delvis ajourføring av utviklinga fram til no. Dette på grunn av direktørskiftet i mai 2020 og ein heilt ny (og etterlengta) kurs for konserthuset.

Arbeidsinnsatsen min i prosjektet er for det meste betalt av Nav, gjennom pensjonen min. Eg har elles ein senioravtale med min siste arbeidsgivar, Høgskulen på Vestlandet (HVL), campus Sogndal. Det gir meg blant anna tilgang til HVL sin (digitale) infrastruktur, inklusive det gode biblioteket. Særleg viktig for meg i dette prosjektet har den elektroniske tilgangen til (avis)databasen Atekst vore.

3 Innleiande kulturhusprosessar

Kultur og kulturpolitikk er relativt sjeldan på den politiske dagsorden i norske kommunar. Men når kommunane vil byggje kulturhus, vert det nesten alltid bråk enten bygget er budsjettert til 100, 200, 500 eller 1.000 millionar kroner. Det trengst derfor sterk politisk vilje og berekraftige politiske koalisjonar for å arbeide fram og få realisert så pass store, omstridde og kostbare prosjekt. Slik vart det til gongs både i Hamar, Stjørdal og Bodø. Heilt avgjerande for dei tre prosjekta var at dei i perioden 1999-2011 blei borte fram av forholdsvis stabile og langvarige, om enn høgst ulike, politiske koalisjonar. Eit riss av denne historia følgjer nedanfor for kvart av dei tre prosjekta.

3.1 Hamar-prosessen

I *Hamar* starta prosessen med ei lita kommunesamanslåing. For etter hard strid vart vesle Vang kommune med verknad frå 1.1.1992 slått saman med den langt større Hamar kommune. Éin av dei sterke motstandarane av samanslåinga var reklamemannen og RV-politikaren Einar Busterud. Ved kommunevalet i 1987 i Vang var han listetopp for RV. Men i forkant av kommunevalet i (nye) Hamar kommune i 1991 var Busterud sentral i skipinga av By- og bygdelista (BBL), ei protestliste mot kommunesamanslåing og mot bygging av ein ny veg (E6) gjennom Hamar sentrum. Med den karismatiske Einar Busterud som listetopp fekk BBL 12,6 pst. oppslutning og seks mandat i bystyret. Forfattaren Knut Faldbakken, på 26. plass på lista, var éin dei seks som kom inn. Andre profilerte kulturfolk var òg på lista. Etter kvart kom byutvikling i Hamar til å verte flaggsaka for BBL.

Busterud seier i dag at han rundt 1990 flytta tilbake frå Oslo til det

jeg vil kalle bortimot en død by, der det stod i strategiplanen at Hamar skulle være en eldreby og en soveby. Ap hadde hatt den politiske makta lenge, men bortsett fra ishockey var de ikke interessert i å gjøre Hamar til noe særlig.

Moderne byutvikling innebar også satsing på kultur. Riksteateret hadde i mange år reist forbi Hamar, men spelte på Elverum og i Brumunddal. Busterud seier det slik i dag:

Det var åpenbart at vi mangla en samlende større kulturarena. Og det var med dette det begynte.....Men etter hvert som jeg gikk inn i denne materien, så skjønnte jeg at dette var for småtenkt, vi må på en måte lage et Folkets Hus for 21. århundret Sånn sett så kom den her kulturhustanken opp som noe som skulle være en kombinasjon av møteplass og kulturarena i vid forstand, altså.

Ulikt andre protestlister vart BBL-lista inga døgnfluge. Lista fekk framgang ved alle dei fire kommunevala etter 1991; 1995, 1999, 2003 og 2007. Siste året fekk dei heile 45,3 pst. av stemmene. Ap var taparen. BBL fekk ordføraren alt etter valet i 1999, då SV svikta Ap og gjekk over til BBL. Busterud vart deretter ordførar i tre samanhengande periodar 1999-2011.

Han var så ute av politikken 2011-15, men kom i 2015 tilbake som listetopp for BBL og vart ordførar på ny. Det er han framleis.

Kulturhusprosessen starta for alvor seint på 1990-talet, då ulike alternativ for bygging vart vurderte og etter kvart vraka. Behovet for nye lokale for Hedmark Teater kom tidleg inn i bildet. Det same gjorde Folkets hus, som alt hyste den kommunale kinoen. Dessutan trong kor og korps i byen nye lokale ettersom Sangens og Musikkens hus skulle rivast i samband med bygginga av eit kjøpesenter i byen. Musikkrådet kom derfor fort inn i planarbeidet med kulturhuset. Det vart ein premiss for bygginga at kommunen forplikta seg til å skaffe alternative øvingslokale for dei som heldt til i song- og musikkhuset. Det vart også klart at bygget skulle romme ei scene som tilfredsstilte krava frå Riksteateret. Shell-tomta ved Stortorget, der Hamar bibliotek (1986) alt var plassert, blei tidleg peikt ut som lokaliseringsstad for kulturhuset. Folkets hus, med Hamar kino, låg i nabobygget.

Først etter kommunevalet i 2003 kom det skikkeleg fortgang i arbeidet. Terje Halvorsen, kultursjef i Hamar kommune frå 1. februar 2005, fortel at han då fekk denne ordren av ordførar Busterud:

«Terje, den viktigste oppgaven du har framover, er å få realisert det kulturhuset som vi har planlagt.» Så begynte jeg å ta tak i det som forelå. Da var det et vedtak fra høsten 2004 helt inntil jul, der et skisseprosjekt var lagt fram. Det hadde ligget lenge uten å bli avklart, et skisseprosjekt som Vandkundsten hadde laget, de danskene som var arkitekter på Huset og hadde vunnet en konkurranse, det var en prosess som begynte og tegna et skisseprosjekt og et forslag til et hus, og det hadde da kommunestyret, etter at det hadde ligget lenge, tatt til orientering. Og når jeg begynte å titte i det, var på en måte beskjeden at dette er det ikke så veldig mange som tror på, prosjektet i seg sjøl altså. Og prosjektet var egentlig veldig arkitektonisk gjennomarbeida på mange måter, men innholdsmessig stod mye igjen

Det første Halvorsen gjorde, var å starte arbeidet med reguleringsplan, som vart avslutta i 2008. Eit forprosjektet vart utgreidd, og så godkjent av kommunestyret i desember 2009, og detaljprosjektering sett i gang. I desember 2010 vedtok kommunestyret ein økonomiplan der kulturhuset var finansiert. Detaljprosjektet var ferdig 29. mars 2010. Tre månader seinare, 22. juni, vedtek så Hamar bystyre med 25 mot 14 stemmer å setje i gang bygging av eit nytt kulturhus til 619 millionar kroner. BBL (16), H (3), V (2), SV (2) og Ap (2 av 10) utgjorde fleirtalet.

Fylkesmann Sylvia Brustad la ned grunnsteinen for det nye kulturhuset 30. august 2011. Men ordførar Busterud tok ingen sjansar. Han sørge personleg for at gravemaskinene starta arbeidet på kulturhustomta alt dagen etterpå:

sånn at det skulle være umulig å reversere bygginga etter valget (mandag 12.9). Uansett hvor dårlig dette valget går, skal jeg sørge for at det er umulig å stoppe denne prosessen.

Men Morten Aspeli, A, som vart ordførar etter valet i 2011, følgde lojalt opp fleirtalsvedtaket:

jeg gikk ut tidlig i valgkampen, og sa at om jeg blir ordfører, så blir kulturhuset bygget..... Jeg var tydelig på at vi skulle ha respekt for vedtak som det avtroppende kommunestyret hadde gjort; det skulle vi realisere..

Kulturhuset var eit viktig element i BBL sitt arbeid med å leggje til rette for eit trivelegare sentrum. Busterud sjølv var også svært bevisst på kva slags kulturhus ein skulle byggje:

Et kulturhus med lav terskel, som det skal være en brei inngang til. Det skulle ikke bare bygges som en framføringsarena, men som en bruksarena. Det er jo mange slike kulturhus som er rene framførings- og visningshus, men dem står jo døde mesteparten av uka. Og det vil vi ikke ha!

Men likevel skar det seg for Hamar kulturhus. For den første kulturhussjefen ville nemleg ha eit heilt anna kulturhus enn det Busterud, og «hamarsingene» flest, såg føre seg. Då vart det nesten opprør i Mjøsbyen.

3.2 Stjørdals-prosessen

Ideen om eit kulturhus i Stjørdal sentrum vart lansert alt på 1980-talet av Venstrepolitikaren Erling Strand. I 1987 fekk han med seg Hovudutval for kultur på dette vedtaket: *«Hovedutvalg for kultur anmoder om at det i utarbeidelsen av bebyggelses- og reguleringsplaner i Stjørdal sentrum blir avsatt tilstrekkelig areal for et fremtidig kulturhus i området M 18 (Husbyjordet)».*

I 1993 foreslo så eit utval, leia av den same Strand, å greie ut kulturhusanlegg og bibliotek med sikte på realisering innan 2004. *«Uten tvil vil både skolene og kulturhuset ha stor, gjensidig nytte av et tett naboforhold,»* skreiv FAU-utvalet ved Halsen skole i ei fråsegn 9.10.93. Eit samrøystes kommunestyre tok innstillinga til orientering.

Fire år seinare, i 1999, gjekk den breie borgarlege koalisjonen, no under leiing av ordførarkandidat Johan Arnt Elverum, Sp, med H, KrF, V og (også) Frp på laget, til val med kulturhus på programmet, utan at saka var sterkt prioritert. Koalisjonen vann valet. Den prioriterte «skoler, barnehager, bosentre, haller og idrettsanlegg». Men under valkampen i 2003 seier ordførar Elverum til Adresseavisen at på «Husbyjordet vil han i framtiden både bygge kulturhus og nytt hotell». «Vi trenger da ikke kulturhus, vi kan utnytte rådhuset bedre», parerer Ap sin ordførarkandidat Merethe Storødegård, og føyer til: «Bygger vi mer, vil det smerte enda mer» (Adresseavisen 11.7.2003). Og slik var kulturfronten i Stjørdal heilt inntil det siste. Dei borgarlege ville byggje eit heilt nytt kulturhus på Husbyjordet. Ap (og SV) var sterkt imot dette. Dei gjekk for ei langt billigare (og dårlegare...) løysing; nemleg å utnytte rådhuset betre, der det frå før av var eit bibliotek og ein kinosal.

Meir alvor vart det over prosjektet då koalisjonen i 2005 klarte å finne pengar til ei stilling som kulturhusutgreiar. Jomar Ertsgaard, høgskulekandidat i kulturfag frå Høgskulen i Telemark (Bø), vart tilsett. Det var ikkje lett å skaffe pengar til dette årsverket, fortel dagens Sp-ordførar Ivar Vigenes, som sjølv var med i budsjettforhandlingane hausten 2005. Men den nye stillinga blei svært viktig. «Jomar var helt avgjørende for å få dette prosjektet igjennom», seier Vigenes. Etter kvart fekk ein dessutan kyrkja med seg på laget, trass motstand frå SV og humanetkarane. Eit politisk sjakktrekk, ifølgje journalist Jan Erik Sundøy i lokalavisa Bladet.

I desember 2008 går dei fem borgarlege partia i koalisjonen inn for å byggje eit kulturhus på Husbyjordet i sentrum. Utbygginga skal skje i regi av det nye selskapet Stjørdal kulturutvikling AS (SKU), der kommunen gjekk inn med 3,5 mill. kroner i aksjekapital og næringslivet med 2,85 mill. kroner. Skipinga av dette selskapet, tidleg i 2009, var politisk omstridt. Men Frp har alltid likt slike konstruksjonar, fortel ordførar Ivar Vigenes, som noko seinare også peikte ut gruppeleiar for Frp, Ola Morten Teigen, som styreleiar i Stjørdal kulturutvikling AS.

I 2010-2012 er det mykje fram og tilbake i kulturhussaka. Det er betydeleg uro i Frp, diskusjonar om muleg innføring av parkeringsavgift og sterkt søkelys på Stjørdal kulturutvikling. Rådmann Kjell Fosse finn likevel pengar til kulturhuset i forslaget til økonomiplan. I november 2010 vedtok kommunestyret med 24 mot 16 stemmer at det skal byggjast eit nytt kulturhus i sentrum i Stjørdal. Ap føreslo i starten av debatten å utsetje heile

saka og ha folkeavstemming. Dette blei nedstemt med 22 mot 18 stemmer. Ei heilt uoffisiell meningsmåling i lokalavisa Bladet (6.12.2010) viste at 70 pst. av folket ville ha ei folkerøysting om kulturhuset.

Kommunevalet i 2011 vart eit kulturhusval. Diskusjonen rasa kringom i kommunen. Ap gjorde eit svært godt val (+4 mandat), Sp eit dårleg val (-3). Ap og SV fekk til saman 20 representantar i kommunestyret, medan den borgarlege Sp-leia koalisjonen fekk 21. Hadde Ap fått 17 stemmer meir, ville Ap og SV fått fleirtalet i kommunestyret. Då hadde kulturhusplanane ikkje vorte realiserte. Etter valet skuldar opposisjonsleiar Joar Håve, Ap, ordførar Elverum for å kjøpe seg støtte frå koalisjonspartane med å gi betydeleg høgare godtgjersle til komitéleiarar og varaordførar (jf. Trønderavisa 14., 15. og 16.9. 2011). Håve er framleis bitter over det som skjedde i etterkant av dette spennande og tette valet. Venstre vingla valnatta og var på veg over til Ap. Men alt dagen etterpå fall partiet ned att på borgarleg side. Kulturhuskoalisjonen kunne halde fram!

Den siste og endelege voteringa om kulturhuset skjedde 21. juni 2012. Då vedtok kommunestyret med 21 mot 20 røyster å byggje eit kulturhus på Husbyjordet i sentrum av Stjørdal. Huset, no kostnadsrekna til brutto 710 mill. kroner, låg i heilt i nærleiken av tre barne- og ungdomsskular og ein stor vidaregåande skule. Dette var med i planlegginga heile tida.

Å byggje nytt kulturhus var ikkje noka hovudsak for den langvarige borgarlege koalisjonen som vart etablert i Stjørdal framfor kommunevalet i 1999. Men dette endra dette seg utover 00-talet. Kulturhuset stod etter kvart fram ei viktig symbolsak for sentrums- og byutvikling i Stjørdal. Samtidig vart det tidleg gjort klinkande klart at dette skulle vere eit brukshus og ein møteplass for alle, ikkje berre eit konserthus. Med politisk kløkt, inklusive gode økonomiske og andre insentiv overfor samarbeidspartia, klarte ordførar Johan Arnt Elverum å halde den borgarlege kulturhus-koalisjonen samla fram til bygginga av huset starta i 2013. Prosjektet rakna nesten i 2011. Men Frp, som ikkje er (var) særleg begeistra for kommunal satsing på store kulturhus, vart likevel med heilt til siste slutt. Det er nesten utruleg. Nesten like utruleg som at Arbeidarpartiet heile tida var motstandar av det folkeleg-kulturelle kulturhusprosjektet i Stjørdal.

3.3 Bodø-prosessen

Mens Ap både i Hamar og, særleg, i Stjørdal var sterk motstandar av satsingane på nye kulturhus, var det i *Bodø* ein Ap-leia koalisjon med SV, Sp og KrF på laget, som sørgde for å realisere det ambisiøse prosjektet som etter kvart fekk namnet Kulturkvartalet Stormen. I spissen for dette arbeidet stod Ap-ordførar Odd-Tore Fygle (1999-2011). Frp var, delvis saman med Raudt, den sterkaste kulturhusmotstandaren i Bodø-politikken. H var heile tida *for* bygginga av det nye kulturkvartalet, men såg helst at kostnadene vart noko «nedskalerte», slik H-ordførar 2011-15, Ole H Hjartøy, uttrykkjer det. Men dette var mest for å imøtekome samarbeidspartnar, og kulturhusmotstandar, Frp.

Utgangspunktet i Bodø var at kommunen ved utgangen av det siste hundreåret sat som eigar av to store sentrale tomter, rettelege «kremtomter», ifølgje ordførar Fygle, ned mot hamna midt i Bodø by: Ein parkeringsplass for bilar. Og ein busstasjon.

Eit privat selskap søkte i 1999 om løyve til å byggje eit kjøpesenter på busstomta. Det fekk dei ikkje. Dette blei starten på ein heftig politisk debatt. Kva skulle dei to verdifulle kvartala midt i byen ned mot småbåthamna brukast til? Eg brukte mykje tid på den saka, fortel Fygle.

Fullføringa av dette var den endelege ferdiggjeringa av oppbygginga av Bodø etter krigen. Tomtane var dei siste igjen av offentleg eigedom i sentrum. Det skapte dynamikk i debatten.

Det vart tillyst ein arkitektkonkurranse. Vinnar vart arkitekt Nils Torp med utkastet «Storstue». Arkitektens klare melding var ifølgje kultursjef i Bodø, Arne Vinje, at de tomtene som lå her og som var eiet av kommunen, og som hadde lagt der i 70 år, og som nå var under press, de burde legges til fellesskapet, og de burde utnyttas til kulturell aktivitet i en eller annen form. Men ingenting var ennå bestemt, det var i 2004/05.

Det var brei politisk oppslutning om offentleg utnytting av desse tomtane, og at dei skulle brukast til kulturformål. Dei fekk dei namnet Kulturkvartalet; etter at ein kommunebyråkrat, ifølgje Odd-Tore Fygle

av en eller annen ulykksalig grunn hadde klart å blande inn ordet «kulturvarehus», noe som skapte negativ stemning ... For dette skulle ikke være noe varehus, det skulle være rein kultur.

Bystyret avgjorde i 2007 at det skulle byggjast nytt kulturhus og bibliotek «med tilhørende kulturfunksjoner». Bystyret gjorde endeleg vedtak om plassering av bygga i 2008.

Etter ein ny arkitektkonkurranse vart utkastet «Urbane figurer» av det Londonbaserte selskapet DRDH Architects kåra som det beste. Dette var ingen publikumsfavoritt, for å seie det mildt. 31. mars 2009 gav likevel eit samrøystes bystyre med ståande akklamasjon si tilslutning til utkastet «Urbane figurer», med to bygg: eit bibliotek og eit konserthus. Men først då statsråd Giske under valkampen i august 2009 gav klarsignal for ei løyving på 161 mill. kroner til eit nytt hus for det utvida og styrkte nordnorske symfoniorkesteret kom brikkene heilt på plass. Men kva meir skulle konserthuset hyse? Det tenkte ingen på.

17. juni 2010 vedtok så bystyret med stemmene frå Ap, SV, KrF og Sp bygginga av kulturkvartalet Stormen til 1.181 millionar kroner. Finansieringsplanen var klar. Låneopptaket var berekna til 245 mill. kroner. H ville utsetje saka og ha ein kritisk gjennomgang av heile prosjektet. Tom Cato Karlsen frå Frp tok hardare i: «Vi må verne innbyggerne i Bodø for de enorme driftsutgiftene og de økonomiske konsekvenser.» (Avisa Nordland 18.6.2010).

Kulturminister Anniken Huitfeldt la ned grunnsteinen 6. august 2011, ein måned før kommunevalet. «Stopp galskapen», var hovudparolen til Frp i valkampen. Men ordførar Fygle sørge for at gravemaskinene kom på plass og begynte arbeidet på tomta i god tid før valet. Som han sjølv sa det: «No ha æ i alle fall gjort det æ kan». Etter valet vart det likevel ein kort byggestogg. Den nye ordføraren, Ole Hjarthøy, H, hadde ikkje tenkt å stoppe prosjektet, men Frp, som var marginalt mindre enn H, kravde at biblioteket ikkje skulle byggjast. Hjarthøy la ned veto. Frp gav til sist etter. Hjarthøy seier at «hele prosjektet hang i en veldig tynn tråd, da, og det vet folk flest ikke.»

Kulturlivet, då? Det var det ingen som tenkte på. Først i mai 2011 bad styringsgruppa for Kulturkvartalet om råd og kalla inn til eit samrådsmøte. Då møtte det over 100 personar. Avisa Nordland skildrar det slik under overskrifta «Endelig ble de lyttet til»:

De var der alle sammen. De profesjonelle og amatørerne, operaelskerne og rockerne, ungdommene og de eldre. Lokalhistorikerne, billedkunstnerne, teaterfolket, jazzgjengen, danserne og de ultrasmale, de alternative De vil bidra. De vil skape innholdet.

Slik gjekk det ikkje. Kulturlivet fekk rett nok vere med å prege innhaldet i biblioteket. Men innhaldet i konserthuset synest eine og aleine å ha blitt avgjort av leiinga for Bodø kulturhus KF som også tok over leiinga av Stormen konserthus KF. Resultatet vart som ein kunne vente. Det storma kring Stormen frå starten av og fem år framover. Unnvikande Bodø-politikarar, saman med kommuneleiinga, må bere hovudskulda for dette.

Figur 2 Hovuddata for dei tre kulturbyggprosjekta

Kulturhus	Byggjekostnad	Tomt utpekt	Politiske hovudaktør bak	Byggjevedtak	Opning	Driftsform
Hamar kulturhus, Hamar	662,7 mill.	1999	By- og bygdelista, ordførar Einar Busterud	22.6.2011	14.03.2014	Del av kommunal kulturforvaltning
Stormen konsert- og Stormen bibliotek, Bodø	1181 mill.	Slutten av 1990-talet	Arbeiderpartiet, ordførar Odd Tore Fygle	17.6.2010	16.11.2014	Bibl: del av komm. kulturforvaltning Konserthus: kommunalt føretak
Kimen kulturhus, Stjørdal	717 mill.	1985	Sp, ordførar Johan Arnt Elverum (Ivar Vigdenes frå 2013)	21.6.2012	21.08.2015	Del av kommunal kulturforvaltning
Sum	2,6 mrd.					

3.4 Tre kulturbygg – tre historier

Det var altså tre høgst ulike politiske konstallasjonar som bar fram dei tre kulturhusprosjekta som er tema for denne rapporten. Å byggje kommunale kulturhus i Noreg er såleis langt frå eit prosjekt berre for venstresida i politikken, om nokon skulle tru det. Det er også verdt å notere seg at det både i Hamar og i Bodø vart politisk maktskifte i 2011, utan at det fekk særlege følgjer for den planlagde bygginga av kulturhusa, anna enn ein litt fordyrande 14 dagars Frp-initiert byggestogg i Bodø. Men stemninga var så pass amper før kommunevalet dette året at begge dei to avtroppande ordførarane (Busterud og Fygle) sørge for at gravemaskinene kom i arbeid på kulturhustomtane ei veke eller to før valdagen 13. september. I Stjørdal, derimot, sikra, som nemnt, den rådande koalisjonen seg vidare styringsmakt også etter valet i 2011, om enn berre med 17 stemmers overvekt. Det hadde neppe vorte noko kulturhus på Husbyjordet i Stjørdal om Ap hadde kome til makta i 2011.

Men korleis har så folket i dei tre byane teke imot dei ny kulturbygga? Brukar dei husa? Er dei godt nøgde med tilboda? Har kulturlivet fått det slik dei ønskte det? Kva for posisjon har husa fått i byen? Og, ikkje minst, kva inneheld og produserer dei nye kulturbygga? Er det noko liv i husa? Er dei kanskje livlause på dagtid? Har byane lagt bak seg dei lange og harde stridane om dei svære byggeprosjekta? Det var spørsmål som dette eg ønskte å få svar på under mine tre dagars opphald i kvar av dei tre byane i februar og mars 2020. Eg hadde kulturhusa som base under opphaldet. Til saman intervjuar eg 43 personar, flest i Bodø, færrest i Hamar. Dei 43 har ulike former for tilknytning til kulturhusa. I hovudsak intervjuar eg brukarar av og leiinga for husa, relevante kommunepolitikarar og -byråkratar, representantar for andre kulturinstitusjonar og for lokalpressa.

Utanfrå, frå publikum si side, vert gjerne eit kulturhus vurdert ut frå kva som vert presentert frå dei ulike scenene i husa. I særleg grad gjeld dette som vert formidla frå hovudscena i huset. Alle kultur- og konserthus har ei slik hovudscene. I Hamar kulturhus har den fått namnet Kirsten Flagstad-salen. I Stjørdal går den under namnet Storsalen. I Bodø heiter den Store sal. Det er særleg gjennom repertoaret her at husa får omdømmet sitt blant «folk flest». I Hamar viste dette seg svært tydeleg alt første driftsåret.

Men vi må altså ikkje gløyme at kulturhusa har ein mykje meir omfattande og variert aktivitet enn det som viser att frå scenene i storsalane i husa. Husa i Hamar, og særleg, i Stjørdal, er arenaer og tilhaldsstader for fleire andre kulturinstitusjonar, som bibliotek, kulturskule, regionteater, kyrkje, kino, galleri, kafé osv. Husa har i tillegg ei rekkje øvingsrom, for bl.a. det

frivillige song og musikklivet, for dans o.l. Dette er aktivitetar som var lenge planlagde og tenkte inn i dei to husa. Korleis har det så gått i praksis? Har desse leigetakarane funne sin plass i kulturhusa? I Bodø vart, som nemnt ovanfor, utviklinga noko annleis. Stormen konserthus fekk nemleg berre éin leigetakar, Arktisk filharmoni. Det var knapt intensjonen. Stormen bibliotek vart derfor vertskap for to andre kulturaktivitetar som konserthuset ikkje ville hyse. Viktige (brukar)grupper i kulturlivet i Bodø følte seg heller ikkje særleg velkomne i konserthuset. Kvifor vart det slik?

I dei tre neste kapitla prøver eg å gi eit fullstendig oversyn over det mangfaldige innhaldet i og organiseringa av dei tre kulturbygga i denne undersøkinga. Eigentleg dreier det seg faktisk om fire ulike bygg. Stormen kulturkvartal består nemleg både av eit bibliotekbygg og eit konserthus. Sjølv om desse to var planlagde og bygde som del av eit samla prosjekt, gjekk det slik at dei to, i driftsfasen, fekk svært lite med kvarandre å gjere.

4 Hamar kulturhus: «Et kulturhus for det 21. århundret»

Kulturhuset i Hamar med sine 15 100 kvadratmeter til 662,7 mill. kroner vart opna fredag 15. mars 2014 av dronning Sonja. Opningskonserten, med ei rekkje lokale artistar, blei sendt på NRK1 same kvelden. Men mannen som tok det første spadetaket på kulturhustomta 31. august 2011, forfattern Knut Faldbakken, var ikkje invitert.

4.1 Trøblete første år

Den same Faldbakken, som sat i bystyret i Hamar 1991-95 for By- og bygdelista, har følgd kulturhuset tett. Han seier i dette (i 2020) om erfaringane med Hamar kulturhus etter seks års drift:

Etter en trang fødsel, med en litt humpete start, med drivere som «føk litt opp av topplokket sitt» og med en drift som ikke var helt i vater, så har programmet og profilen blitt mer variert. De har funnet en form som fungerer veldig bra, og huset har en veldig god og positiv posisjon i byfolks bevissthet fordi at de kommer med et programtilbud som appellerer til mange. Det eneste, om jeg skal være lite grann pirkete, så kunne de ha greidd, i samarbeid med arkitektene, å lage til et bedre galleriområde slik at en kunne ha kunstutstillinger her, det rommet de har i kjelleren, er dystert og ikke noe skikkelig galleri. Men huset har et svært godt bibliotek og rikelig med øvingsrom for dans, musikk og sang, pluss Teater Innlandet og en kino, vegg i vegg. Huset er blitt et godt allbrukshus. Jeg kan ikke si annet enn at jeg er litt stolt når jeg går over plassen her og inn i huset, og om kvelden ser lyset og all aktiviteten oppe i øvingsrommene.

Det Faldbakken her gir uttrykk for, synest å vere ei allmenn oppfatning i Hamar. Folket i Hamar set pris på og brukar huset. Huset lever og har høg aktivitet heile dagane. Men huset hadde, som Faldbakken uttrykkjer det, «en trang fødsel.» Det var fordi den første leiinga av huset la opp til ein noko elitistisk programprofil, stikk strid med det politikarar, kommuneadministrasjon og, viste det seg, Hamarfolk flest ønskte. Det var visst ikkje plass for verken Øystein Sunde, Halvdan Sivertsen eller andre såkalla «E6-artistar» på scena i det nye kulturhuset. Terje Halvorsen, tidlegare bl.a. kultursjef i Hamar kommune, seier det slik:

Vi sa jo i starten at kulturhuset skulle være et tredje- eller fjerdegenerasjons samfunnshus som skulle være for alle, men de (kulturhussjefen og programansvarlig) fnøs jo av sånne E6-kulturhusturneer og den typen, vi skulle *ikke* være som alle andre kulturhus. Men forventningen blant publikum i Hamar var jo at det var nettopp det vi skulle være..... Og i kommunestyret ble det stilt spørsmål på detaljnivå om hvorfor ikke Ingrid Bjørnov og Øystein Sunde kan spille i kulturhuset.

Programansvarleg i kulturhuset, Mocci Ryen, arbeidde nært den dåverande kulturhusleiaren, Durita Brattenberg. Ho fortel:

Det var et veldig nært samarbeid mellom oss to. Fra dag 1 og før Kulturhuset sto ferdig, var vi opptatt av å ha et redaktøransvar og en strategi m.h.t innhold og aktiviteter. Vi så på Kulturhuset som et tilskudd til et allerede eksisterende og svært aktivt kulturliv i byen. Vi ønsket ikke å utkonkurrere eksisterende aktører, men heller legge en strategi som ga rom til alle. Vår hovedstrategi oppsummeres slik;

1. Prioritere og gi plass til lokalt og regionalt kulturliv.
2. Dyrke ungdom som en viktig målgruppe.
3. By på store kunst- og kulturopplevelser utover det eksisterende kulturtilbudet i regionen.

Men presset frå lokale politikarar var, ifølgje Ryen, til å ta og føle på:

Idet huset åpnet dørene var det en forventning utenfra på at det skulle syde med liv fra morgen til kveld. Vi på vår side måtte bruke noe tid på å sortere alt som kom av henvendelser og samtidig utvikle systemer og rutiner for arrangementsgjennomføring etter hvert som vi selv ble kjent med huset. I tillegg var det like mange meninger om hva som burde skje i huset, som det var innbyggere i byen. Så når en politiker i formannskapet ringer deg og forteller deg hvilken artist du må booke, og denne samme politikeren blir utålmodig og selv ringer managementet for å få tak i artisten. Dette til tross for at man da har ansatt en programansvarlig med både erfaring, nettverk og full oversikt over en programkabal som skal sjongleres og landes. Ja, da skjønner du hvordan ting var ... det var litt Texas, rett og slett.

Jau då. Det var nok litt «texas» kring Hamar kulturhus første året. Mangeårig ordførar og «kulturhusgründer» Einar Busterud seier at det kunne ha gått «riktig ille», og at repertoarvalet «var stikk motsatt av den grunntanken jeg hadde jobba mot». Nokre artistar meinte også at terskelen for å få opptre var høgare i Hamar kulturhus enn i Operaen i Oslo (jf. HA 10.4.2015). Slikt kunne «hamarsingene» ikkje leve med. Politikarane ville sjølve gripe inn. Men det vart ikkje nødvendig. For den sitjande kulturhusleiaren, Durita Brattenberg, blei i mars 2015 sjukmeldt på grunn av ein kreftdiagnose og gjekk ut i permisjon. Då vende kommuneleiinga seg straks til Terje Gloppen, dåverande prosjektleiar i Hamarregionen Utvikling, og tidlegare bl.a. kultursjef for OL på Lillehammer og direktør for Kulturby Bergen 2000. Gloppen stod også på søkjarlista då stillinga som sjef for Hamar kulturhus vart utlyst vinteren 2012. No, i 2015, fekk Gloppen tilbod om straks å tre inn i stillinga som konstituert kulturhussjef. Han takka ja og tok til i stillinga alt veka etter. Han var då godt kjent med kva for utfordringar huset stod overfor.

Den pragmatiske og røynde kulturleiaren frå Fitjar i Hordaland visste kva som måtte gjerast. Han roa det heile ned og sa klårt i frå med det same:

Ja, det første eg tok tak i innvortes, det var at Hamar kulturhus ikkje skal ha nokon programprofil, det skal rett og slett ha eit program, og grunnen til at eg sa det, var at eg tenkjer at eit teaterhus eller eit konserthus skal ha ein profil, dei er sett til å forvalte kunstnarlege uttrykk, nærmast definert gjennom oppgåva. Vi er sette til å vere eit hus som skal formidle ulike uttrykk, så vi skal ikkje setje oss opp med nokre kunstnarlege ambisjonar. Og det trur eg at eg formidla ut til opinionen..... Hovudsaka er jo å fylle hovudsalen vår med dei artistar og dei framføringar som har appell til dei publikum som gjer at du kan ha mulegheit for å fylle dei 498 seta. Programmeringsmessig er det dette som er oppgåva vår, altså å fylle salane med mest muleg meiningsfylt innhald i forhold til den kapasiteten salane har.

Enkelt og greitt. Og slik vart det. Politikarane og folket skulle få, og fekk no, det kulturhuset dei ville ha og var blitt lovde. Nett slik Einar Busterud uttrykte det med omgrepet «*Et Folkets Hus for det 21 Århundret.*» E6-artistar var ikkje lenger noko «skjellsord» i Hamar kulturhus. Fram mot jul i 2015 konstaterer Hamar Dagblad:

Nå omfavner vi kulturhuset. Noe har skjedd i Hamar kulturhus. Kritikken har stilnet og folk strømmer til. Konstituert kulturhussjef Terje Gloppen er lykkelig.

4.2 Salane

Terje Gloppen er framleis «lykkelig». Som kulturell formidlar overfor folket i Hamar-regionen står Hamar kulturhus trygt og godt. Frå scena i den store *Kirsten Flagstad-salen* får publikum det dei vil ha av populære konsertar; pop, rock, litt klassisk musikk, lokale og regionale korps og kor, teaterframsyningar og show. Salen har god akustikk, særleg for akustisk musikk, og eit fleksibelt amfi. Salen har plassar i amfioppstilling, og kan også huse 900 publikummarar med flatt golv. I 2019 var salen utselt i alt 33 gonger. Det er eit stort, men lite nytta, vrimleareal utanfor salen, som ligg i 2. etasje ved enden av ei lang og brei trapp opp frå den romslege, men oftast folketomme, foajeen.

Pauline Hall er ein mellomstor multisal på cirka 170 kvadratmeter. Salen er bygd slik at den kan nyttast til stort sett det meste og er fleksibel med tanke på tekniske løysingar og oppsett. Salen vert brukt som konsert- og førestillingssal, men er også godt eigna til konferansar. Salen har eit oppbygd amfi og kan huse maksimalt 184 publikummarar. Det er muleg å byggje opp kinooppsett, kafébord, sitjematter o.l. framfor amfiet. Salen ligg ved sida av Flagstad-salen.

Klubbscene Rolf Jacobsen er ein tett og intim såkalla blackbox-sal. Her kan publikum oppleve lokale band og mindre ensemble i sjangrar som rock, metal, blues, jazz og visesong. Klubbscenen eignar seg også godt og vert brukt som litteraturscene. Éin gong i månaden arrangerer til dømes Hamar Musikkverksted konsertkonseptet Klubb Nor i klubbscenen, der unge og talentfulle lokale musikarar får prøvd seg på scena framfor publikum. Klubbscene har ca. 150 ståplassar, ca. 100 plassar i kinooppsett og ca. 50 plassar i klasseromsoppsett. Scena ligg rett ved sidan av kafeen.

Det er det samla repertoaret frå desse scenene publikum legg til grunn for sine vurderingar. Men innhaldet, breidda og variasjonen i det som vert presentert frå hovudscena i Kirsten Flagstad-salen, er aller viktigast. Første året var publikum misnøgde. «Hamarsingen» gav klårt uttrykk for at han (og ho) søkjer underhaldning, ikkje kulturell oppseding, frå hovudscena i det nye kulturhuset.

Terje Gloppens filosofi om at huset skal vere ein formidlingsarena er framleis gjeldande. Huset har i hans sjefstid hatt berre to prosjekt ein kan kalle eigenproduksjonar, fortel Gloppen. Biblioteket har fleire eigenproduksjonar enn kulturhuset. Bruken av salane er i hovudsak basert på utleige og innkjøp av førestillingar og show av ulike typar. Dette omfattar sjølv sagt også lokale artistar, kor, korps og musikar. Men mangelen på eigenproduksjonar synest ikkje å ha vore særleg tema for diskusjonar. Hamar kulturhus er eit nesten reint utleigehus. Trauste «hamarsinger» synest å vere nøgde med det.

Det har sjølv sagt vore litt bråk kring leigeprisane, særleg i den største salen. Prisspørsmålet her er knytt til nivået på kva for tenester ein treng i tillegg til leige av sjølvve salen, som lyd og lyspakkar og andre tekniske innretningar. Årlege aktørar som Toneheim folkehøgskole og Stange videregående skole kjøper no, ifølgje Gloppen, «rubbelt og bete og synest det er verdt investeringa». Ein opererer elles med tre prisnivå for scenene: 1) lokale/regionale utøvarar, 2) offentlege aktørar (t.d. Barnevernet) og 3) kommersielle aktørar. Dessutan har kulturhuset eit eige prisregime overfor aktørar som er på øvingssida og vil nytte seg av dei mange fasilitetane huset har her, særleg når det gjeld musikk og dans. Her starta ein med ein leigepris på 50

kroner timen. No (2020) er den komen opp i kr 65. Som Gloppen seier det: «Det er ikkje berre overkomeleg. Det er ein draum.»

4.3 Meir enn sal og scener

Men Hamar kulturhus er altså mykje meir enn sal og scener. Som brukshus, særleg for musikklivet, står huset sterkt. Den direkte årsaka til dette er at Sangens og Musikkens hus i Hamar sentrum måtte rivast, i 2011. Huset var tilhaldsstad for kor og korps i Hamar og for den kommunale kulturskulen. Huset var ein stiftelse eigd av kommunen og det lokale musikkrådet. Det vart bestemt at aktørane som sokna til huset, skulle få tilhaldsstad i det nye kulturhuset. Tidlegare Hedmark musikkråd leia brukarprosessen for dei lokale aktørane på oppdrag av kommunen og Hamar musikkråd. Alt på slutten av 1990-talet vart det skipa ei kommunal prosjektgruppe for regionalt kulturhus på Hamar. Resultatet vart at kulturhuset fekk i alt rundt 30 øvingsrom og -salar, av varierende storleik og med ulik etterklang for akustikk. Desse vert brukte av det frivillige song- og musikklivet, dansarar, kulturskulen og av Hamar Musikkverksted: tre kulturverkstader, dansesal, teatersal, korpssal, korsal, 5-6 øvingsrom for musikkskulen, klubbscene, eit lydstudio/kontrollrom, ca. ti ulike øvingsrom for band/grupper. Tilbodet er svært godt. Og det er mykje brukt.

Leigeprisane er for musikklivet er, som alt nemnt, no (2020) kr 65,- per time. Og brukarane skryter av husets tekniske stab: «Driftsstab og teknisk stab er helt konge, de skjemmer oss nesten bort, så vi føler oss velkommen hver dag», seier Trond Eklund Johansen i det regionale musikkrådet:

Tilgangen til scener/arenaer er i perioder vanskelig, fordi det er stor aktivitet, og en tendens til at mange ønsker de samme tidene. Det krever lengre planleggingshorisont enn amatørmusikklivet er vant til. Det er i ferd med å gå seg til, og flere lokale aktører er gjengangere som arrangører. Kirsten Flagstad-salen er bygd med akustisk musikk som 1. prioritet, men kan dempes for teater og forsterket musikk. Det gjør at den har stor fleksibilitet, og at den er den foretrukne salen for orkester/korps, som ellers har veldig begrenset utvalg av egnede arenaer.

Biblioteket

Biblioteket, som med sine ca. 2 000 kvadratmeter går over to luftige etasjar, er eit basiselement i kulturhuset, det største biblioteket i Innlandet og «det levende hjertet» i huset. Biblioteket, inklusive filialen i Vang, har 17 tilsette, fordelt på 14,5 årsverk. Vel åtte årsverk vert utført av bibliotekarar. Samla budsjett (2019) var ca. 11 mill. kroner. Musikkavdelinga ved Hamar bibliotek er ei av de største innan folkebiblioteksektoren i Noreg. Først og fremst gjeld dette noter og bøker. Hovudbiblioteket er ope 46 timar for veka og har laurdagsope (fram til medio mars 2020).

Den nye bibliotekleiaren Per Olav Sanner, frå 2016, stramma inn og konsentrerte seg meir om litteraturaktivitetane. Eksplosjonen av arrangement etter opninga i 2013 hadde vorte i største laget. Det gav ikkje Sanner dårleg samvit om han lét vere å vise film, skipe til ei kunstutstilling eller ein konsert. No står litteraturformidling i sentrum for biblioteket, som har vorte byens litteraturhus, med bl.a. samarbeidsprosjektet Litteraturscene i Hamar. Biblioteket er òg er flittig brukar av både klubbscene, særleg, og multisalen Pauline Hall til litterære arrangement. Dei har til og med hatt arrangement i kinoen, i passasjen (overbygget over Torggata) og i foajéen ved inngangen. Også Kirsten Flagstad-salen har biblioteket prøvd seg på i samband med eit litterært arrangement i tilknytning til 100-årsjubileet for HamKam. Biblioteket har ei rekkje relevante lokale samarbeidspartar. Og samspelet med kulturhusadministrasjonen om behovet for ekstra tenester ved arrangement har gått seg bra til etter kvart, ifølgje biblioteksjefen.

Hamar kommune hadde i 2019 kr 412 i driftsutgifter per innbyggjar til bibliotekformål. Det er klart høgast av våre tre kommunar og godt over landsgjennomsnittet, som i 2019 var 309 kroner per innbyggjar. Hamar bibliotek hadde i 2019 161 arrangement med i alt 6.200 deltakarar. Fysiske besøk i biblioteket, registrert ved teljapparar, var same året 196.000. Det er eit solid tal.

Kulturskulen

Hamar kulturskole har vel 400 elevar og har 23 tilsette på ca. 11 årsverk (2020). Netto driftsbudsjett for kulturskulen var i 2019 8,1 mill. kroner eller kr 259 per innbyggjar i kommunen, noko som er under landssnittet. 8,1 mill. kroner utgjer 7,6 pst. av netto driftsbudsjett til kultur i kommunen.

Kulturskulen trivst, ifølgje rektor Anette Solberg, veldig godt i kulturhuset. Solberg begynte som rektor i august 2019. Ho lèt vel over lokalitetane:

Det er fantastisk å ha så gode lokaliteter tilpasset våre fag. Store gode saler, akustisk tilpasset de aktivitetar vi har. Korsal, teatersal, dansesal, multisal til forsterket lyd og storstua Kirsten Flagstad-salen. Alle saler er koblet opp mot et studio i kjelleren, så eksempelvis opptak kan foregå i alle salene.

Samlokalisering med bibliotek og kulturhusets stab av produsentar, teknikk, grafiske medarbeidarar osv. gjer samarbeid veldig enkelt. På den negative sida vert det trekt fram at kulturskulen kunne ha vore meir involvert i planlegginga av bygget. Det har skapt ein del utfordringar. Den nye rektoren har no fått etablert eit eige kulturskulekontor i 3. etasje. Det har styrkt fellesskapet. Rektor trekkjer vidare fram at det burde være muleg å få til samarbeid med Teater Innlandet, som for eksempel kunne ha bidrege for elevar med fordjuping i teater.

Elevtalet er vel 400, om lag på landsgjennomsnittet, der ca. 13 pst. av elevar 7-15 år deltek på kulturskulen. Stjørdal ligg langt høgare. Kulturskulen har flest elevar på musikk og få gruppeaktivitetar, noko som gjer elevtalet er relativt lågt. Det er ønskjeleg å breie ut tilbudet, for å nå nye målgrupper. Rektoren set si lit til at det i temaplanen for kultur i Hamar kommune i 2019 er ei klar politisk føring på at elevtalet i kulturskulen skal aukast:

Utviklingen går riktig vei. Men vi må klare å få kulturskolen til å være et nav i kulturlivet. Da må vi ha, slik jeg ser det, mulighet for å ha tilhørighet i kulturhuset slik at alle ansatte kan møtes og være en del av en profesjonelt læringsfellesskap.

Den nye rektoren stakar opp ei meir offensiv satsing for kulturskulen. Det er bra.

Teater Innlandet

Det var ei lykke at det gamle Hedmark teater hadde så dårlege fasilitetar at dei på det tidspunktet ein begynte å planleggje nytt kulturhus på Hamar, vart trekte med i arbeidet og at Stortinget, og etter kvart Kulturdepartementet, såg positivt på dette. Alt i Budsjett-innst. S. nr. 2 (2001-2002) seier eit fleirtal i kulturkomiteen på Stortinget, alle unnateke medlemmene frå Framstegspartiet og Senterpartiet, at dei har

merket seg planene for utvikling av aktiviteten og nye lokaler for Hedmark Teater på Hamar i samarbeid med kommunen. D e t t e f l e r t a l l e t stiller seg positiv til dette utviklingsarbeidet med sikte på nye lokaler, noe som innebærer at staten må øke sitt tilskudd til Hedmark Teater når lokaler tas i bruk.»

Men Kulturdepartementet kom ikkje med noko bidrag til etableringa av kulturhuset. I september 2007 kom likevel kulturminister Trond Giske med ein million kroner til å greie ut etablering av Teater Innlandet. «Jubelen stod i taket. Men så begynte kranglinga. Oppledingene ble forbanna da Hedmark Teater utlyste fire stillinger.» Dette skreiv Hamar

Dagblad 5. mars 2010. Det gjekk seg likevel til. Resultatet til slutt vart at Teater Innlandet fekk ei auka husleigestøtte frå departementet på 4,5 mill. 2014-kroner årleg. Dette var viktig, truleg avgjerande, for kulturhuset. Husleiga vert no nytta til nedbetaling på byggjelånet.

Utan Teater Innlandet, eller rettare sagt, Hedmark teater, hadde det knapt vorte noko kulturhus på Hamar. Teateret rår no over ca. 2 500 kvadratmeter av kulturhuset, og held til i ein avsondra del av huset. Teateret har ein framsyningssal og ein prøvesal, og tilknytte verkstader og kontor. Talet på fast tilsette ved teateret er 31. Teaterets formålsparagraf seier:

Teater Innlandet AS har som formål å formidle profesjonell scenekunst av høy kunstnerisk kvalitet. Teateret skal i egen regi og i samarbeid med andre aktuelle aktører produsere og programmere scenekunst og bidra til utviklingen av Innlandets kunst- og kulturliv.

Teateret har også vore ein stor og viktig bidragsytar til Dansefestivalen MOVE i Hamar. Teateret ser det likevel ikkje som sitt oppdrag å bidra med lokale og utstyr til det frivillige kulturfeltet i Hamar, ifølgje teatersjef Thorleif Linhave Bamle. Andre aktørar i og med tilknytning til kulturhuset tykkjer at teateret er for lite innstilt på å medverke til samarbeid. Samtidig er det eit godt forhold mellom TI og kulturhusets administrasjon. Teateret lever mest sitt eige liv som leigetakar i kulturhuset, og som brukar av Kirsten Flagstad-salen og er lite involvert i andre aktivitetar i kulturhuset. Her er det altså noko å gripe fatt i.

Kinoen

Hamar kino, i nabobygget Folkets Hus, var opphavleg tenkt inn som ein integrert del av kulturhuset, med felles inngang. Men styret for kinoen, som var (og er) organisert som eit kommunalt føretak (KF), ønskte at kinoen som ein i hovudsak kommersiell aktør, fekk halde fram som eige selskap. Slik vart det også. Kinoen «fekk» to nye kinosalar i samband med bygginga, til erstatning for dei to som var rivne. Det var meininga at kulturhuset og kinoen skulle ha felles inngang, gjennom foajeen i kulturhuset. Men kinoen trekte seg då det gjekk opp for dei kor trangt sjølve inngangspartiet var. I staden heldt dei fram med inngangen i Folkets Hus. Kinoen vart derfor ingen integrert part av Hamar kulturhus. Det er lite felles aktivitet og få konkrete samarbeidsprosjekt. Men kulturhuset inkluderer likevel kinobesøket inn sine oversyn over besøk i kulturhuset. Besøkstala ved kinoen var 182.000 i 2018 og 159.000 i 2019.

Kunstgalleri

Hamar kulturhus har også *eit kunstgalleri*. Det finn vi i eit lite luftig og noko dystert rom på 170 kvadratmeter i kjellaren (underetasjen) på kulturhuset. Det er iblant også utstillingar i foajeen på huset. Galleria vert administrerte av kulturhuset som set saman programmet. Galleriet samarbeider med Nasjonalmuseets vandreutstillingar og med Kunstbanken. Og har 5-7 utstillingar i året. «De burde ha greidd, sammen med arkitektene, å lage til et bedre galleriområde», konstaterer Knut Faldbakken.

Kafé/restaurant

I første etasje i sørenden av kulturhuset låg *Café Valuta*, ved sida av black box-scena og med inngang til biblioteket. Kaféen vart kanskje litt for mykje restaurant og for lite kafé. I alle fall fekk drivaren ikkje økonomi idet, og sa til slutt (2020) opp kontrakten. No har kulturhuset gjort avtale med ein ny kafédrivar. Gode kulturhus treng ein skikkeleg kafé. Men slike kaféar er vanskelege å få særleg god økonomi i. Det viser erfaringane frå alle husa «våre».

4.4 Nokre andre sider ved kulturhuset

Unnseleg hovudinngang

Hamar kulturhus har ein overraskande unnseleg og lite prangande hovudinngang. Då eg skulle inn i kulturhuset for første gong, skjønnte eg verkeleg ikkje at dette var hovudinngangen i kulturhuset! Og når du kjem inn døra, vert du møtt av ein stor og tom foajé, utan noko særleg innhald. Eg følte meg rett og slett litt «lost». Var dette verkeleg kulturhuset? Den opphavelige tanken her var at dette skulle vere ein felles og ein meir open foajé både for kino og kulturhus. Men kinoen, som altså heldt fram som eit eige kommunalt føretak (KF), gjekk vekk frå desse planane. Denne «tomheten» har dessutan å gjere med rømmingsvegar, og med korleis ein eventuelt kunne stengje av for kinoen, som har heilt andre opningstider. Uansett: kulturhuset har eit stort areal som bør kunne nyttast ut betre. Men «kulturhusfolket» på Hamar synest ikkje vere særleg opptekne av dette.

Stortorget

Til kulturhushistoria på Hamar høyrer at Hamar kommune samtidig med bygging av kulturhuset, også rusta opp *Stortorget*, rett utanfor kulturhuset. Prosjektet var basert på idear frå den spanske arkitektgruppa Ecosistema Urbano, som vann den føregåande kunstkonkurransen. Utviklingsprosessen skjedde med betydeleg medverknad frå barn og unge gjennom prosjektets deltaking i den kulturelle skolesekken. Parken vart opna helga 12-14 september 2014. Budsjettet lydde opphavleg på 62,8 mill. kroner. Sluttsommen blei 71,8 millionar. Parken gir plass til folkeliv og aktivitetar av mange slag, særleg for barn, med bl.a. leik i vatn (fontener) og på is, men også for store utandørs konsertar med populære artistar. Park og kulturhus utfyller kvarandre godt.

Lokal storbrukar: «Damenes Aften»

«Damenes Aften» er namnet på eit semiprofesjonelt kvinnekor i Hamar. Koret, som består av ca. 20 kvinner, vart etablert i 1992 av Erland Dalen. Han har heile tida vore dirigent for koret. Dalen har blant anna bakgrunn som musikkfagleg korkonsulent i Norges Korforbund. Siste åra har han arbeidd mykje med prosjektkor, både fleire stader i Noreg og i utlandet.

Hamar kulturhus opna nye mulegheiter for dirigent Dalen og kvinnekoret hans. Alt sidan første driftsåret, i 2014, har dei invitert til store konsertar i Kirsten Flagstad-salen med koret Damenens Aften i samarbeid med 150-200 inviterte songarar frå Hamar og grannekommunane. Konsertane tek utgangspunkt i songane til populære artistar. Det starta med ein Queen-prosjekt i 2014, ABBA i 2015, Stevie Wonder i 2017 og songar frå Phantom of the Opera og Les Misérables i 2019. Og i 2021 står Elton John på programmet.

Dirigent Dalen og koret leiger hovudscena (Kirsten Flagstad-salen) i kulturhuset for om lag ei veke, med fem-seks konsertar annakvart år for bortimot fulle hus. Med ABBA i 2015 var det heile sju fulle konsertar. Leigeprisen for denne veka, fortel Dalen, er 200-250.000 kroner. Men det er jo

et stort teknisk personell, det er profesjonelle folk som driver dette, masse folk i arbeid og en veldig lydrigg med så mange sangere, det er solister og band og 200 sangere og 5-6 forestillinger. Det koster jo ikke i nærheten om du leier det én kveld, det spørres jo hvor mye teknikere og slike ting du trenger. Men jeg skulle ønske at flere lokale turte å satse litt, det dreier seg også om dét. Det er for få som tør å leie den store salen!

Damenes Aften er eit etablert kor, blant dei beste i Noreg. Dei reiser mykje rundt i Europa og har vunne fleire prisar. Kvart år har dei julekaberet på Hamar Teater, der det forresten skjer ganske mykje for tida. I Hamar er ein for tida inne i ein veldig «boom» no når det gjeld kor,

fortel Dalen, kanskje opp mot 50 kor, deriblant eit ungdomskor, Defrost Youth Choir, som gjer det godt internasjonalt.

Øvingsfasilitetane i kulturhuset, midt i byen, beskriv Dalen som «veldig luksus». Han har øvingar i kulturhuset både med Damenens Aften og barnekoret Filokus, til «en veldig rimelig penge», mens han må leige dobbelt så dyre lokale på by'n til eit mannskor han også driv. Kanskje burde Kulturhuset no revidere politikken om kven som får tilgang til øvingar i huset når i veka, seier han. Slik det er i dag, er det stappfullt måndag-torsdag, mens fredag er det langhelg....

Dalen opplever iblant at kulturhuset er ein konkurrent «til oss i det frivillige musikklivet, fordi de arrangerer så mye konserter samtidig som vi har våre prosjekter.» Han er også blant dei som etterlyser ei meir open og inkluderande haldning frå Teater Innlandet overfor andre aktørar i og med tilknytning til kulturhuset.

Besøkstal til bry

Norske kulturhus med sitt breie nedslagsfelt plar telje *besøkstal*, det vil seie kor mange som passerer dei automatiske teljeapparata som er installerte ved inngangsdørene til kulturhusa. Hamar kulturhus har plassert automatiske teljeapparat ved alle dei fire inngangane. Huset hadde i 2018 og 2019 ca. 480.000 besøkande. Høgste besøkstalet var i 2016, med 512.000. Målsetjinga frå starten av var 700.000, noko som avspeglar ein viss kulturell arroganse i småbyen. Besøkstala omfattar også selde billetter (2019: 159.000) ved Hamar kino, som korkje reelt eller formelt er ein integrert del av kulturhuset. Det meir korrekte besøkstalet ved Hamar kulturhus kan derfor seiast å vere 321.000 i 2019 og 298.000 i 2018, det vil seie dei tala som vi får fram når vi ekskluderer kinobesøket i Hamar kino KF frå det samla besøkstalet som kulturhuset gir opp. Svært langt, altså, frå det høge måлтаlet på 700.000, som underteikna var éin av fleire skeptikarar som stilte spørsmål ved før opning av huset. Eg har av denne grunn også fått rikeleg med ironiske kommentarar, særleg av Hamar Arbeiderblad. I dag kan det nok vere grunnlag for å seie at talet 700.000 besøkande (eller meir...) for Hamar kulturhus, sakna eit kvart sakleg grunnlag.

«Ta kulturhuset i bruk!»

Lat oss til sist i dette delkapittelet trekkje fram lesarbrevskribenten Einar Lang-Ree (1928-2021), den mest iherdige og standhaftige av dei mange kritikarane av kulturhussatsinga på Hamar. Mens mykje av kritikken stilna etter skiftet av direktør våren 2015, heldt Lang-Ree det gåande med lesarbrevane sine i Hamar Arbeiderblad. «Hans hundsa oss, reiv og sleit i oss og skreiv til oss som ein skattebetalar som hadde vore med på å finansiere dette sirkuset her», fortel Terje Gloppen.

Men i mars 2016 tek Gloppen og kultursjef Midtlien til orde mot den djerve og mangeårige kulturhuskritikaren i artikkelen «Kulturhuset og virkeligheten sett i tuskmørke.» Dei inviterte også Lang-Ree til «en hyggelig ettermiddagsstund i huset» (HA 22.3.2016). Lang-Ree tok imot innbydinga. Terje Gloppen fortel:

Han var her inne her i to timar, og eg viste han rundt og fortalte han om korleis huset funka, og kva vi brukte det til, og korleis forholdet til brukarane var. Og han er ein verdig mann med hatt, så då vi var ferdige, tok han hatten med seg frå møterommet som vi hadde her inne, tok den på seg og gjekk ut i kontorlandskapet her. *Og der står han ute ved mine medarbeidarar, tar av seg hatten, bøyer seg djupt og seier høgt og tydeleg: UNNSKYLD! Ja, det var ein fantastisk opplevelse.*

Nokre dagar seinare skriv så Lang-Ree sitt aller siste lesarbrev om kulturhuset. «*Det er frå nå av det gjelder*» er tittelen. Den skarpaste kritikaren av alle brukar uttrykket «imponerende – annet kan man ikke si om det byen har fått.» Han skriv entusiastisk om det han har sett og høyrte mens han vart vist rundt i kulturhuset:

En del er teaterrelatert, en annen del for den allmenne kulturen. Saler, store og mindre store rom står til disposisjon til byens borgere: barn, ungdom, voksne, eldre. Mange av rommene fullt utrustet med musikkinstrumenter og opptaksutstyr; rockere, jenteband, janitsjarer, musikksceniorer – kom inn og spill. Teaterinteresserte, kom og opplev! Sangkor, kom inn og syng. Lag og foreninger av alle slag – ta kulturhuset i bruk! Alt er så fleksibelt og kan tilpasses ønskene Nå er det opp til byens borgere og de i nærmeste omegn å ta huset i bruk! Nå må vårt inderlige håp være at alle ting lykkes. At kulturhuset blir en suksess! (HA 28.3.2016)

4.4 Så seier tala

Drifta av Hamar kulturhus har stort sett vore balansert og nøktern. Huset synest å ha ein rimeleg romsleg økonomi. I driftsbudsjettet for Hamar kulturhus i ein søknad om tilskot utarbeidd i februar 2012, opererte ein med samla kommunale driftsutgifter til kulturhuset på 11 mill. kroner. Det har vist seg å vere ein nøktern kalkyle, ikkje langt frå det som vart realitetane, jf. tabellen nedanfor.

Tabell 1 *Rekneskap Hamar kulturhus 2017-2019*

HAMAR KULTURHUS 2017-2019	2017	2018	2019
Kommunal ramme (budsjett)	10 614 364	11 652 184	11 798 101
Leigeinntekter arrangement	2 446 535	2 323 936	2 793 782
Billettinntekter	4 960 569	5 075 903	4 576 903
Andre inntekter (sponsorar, faste leigeavtalar o.a.)	3 389 366	4 480 088	4 700 723
"Omsetning" i alt	21 410 834	23 532 111	23 869 509
Lønnskostnader	10 890 942	12 215 910	12 854 535
Kjøp varer og tenester, inkl. honorar	11 631 345	12 731 616	11 741 465
«Netto driftsresultat» (driftsinntekter minus driftskostnader)	11 163 616	11 778 892	11 278 824
"Resultat" (kommunal ramme minus netto driftsresultat)	-549 252	-126 708	519 277
<i>Billettsal totalt (eks. Hamar kino):</i>			
Tal selde billetter	38 841	32 793	33 104
Sum selde billetter (kroner)	1 1871 600	956 365	1 041 976

Kulturhuset hadde altså i 2019 ei omsetning på knapt 24 mill. kroner. Same året var det budsjetterte kommunale driftstilskotet 11,8 mill. kroner. I 2017 var omsetninga 21,4 mill. kroner og budsjettert driftstilskot 10,6 mill., i 2018 var tilsvarande tal 23,5 og 11,7 mill. kroner.

Både i 2017 og 2018 var «resultatet» for Hamar kulturhus negativt; dvs. at det kommunale driftstilskotet var noko mindre enn skilnaden mellom samla driftsinntekter og samla driftskostnader. Det dreidde seg om ca. 550.000 kroner i 2017 og 126.000 kroner i 2018. I 2019 var «resultatet» derimot positivt, med om lag 520.000 kroner. Det vil seie at det kommunale driftstilskotet viste seg å vere 520.000 kroner større enn skilnaden mellom samla

driftsinntekter og samla driftskostnader. Det skuldast, ifølgje Gloppen, at huset la opp til eit (svært) publikumsvennleg repertoar i kulturhuset etter at dei tapte 1-1,5 mill. kroner under femårsjubileet i mars 2019, då ein hadde pressa inn ca. 70 ulike arrangement i eit utvida jubileumshelg, der iblant ei strålende Midnight Burlesque-forestilling i regi av Mocchi Ryen. Dette vart likevel i meste laget for trauste «hamarsinger». Dei strøymde ikkje nett til kulturhuset denne helga. Kanskje vart repertoaret for moderne og urbant for dei? Men Gloppen tok seg inn att, og vel så det, med eit svært kommersielt og publikumssikkert repertoar resten av året. Underskotet vart meir enn inndekka. Huset kom faktisk ut med «eit overskot» i 2019. Nettoinntektene viste seg altså å vere nesten 520.000 kroner høgare enn det kommunale bidraget til drifta dette året. Det beste resultatet for huset nokon gong. Det gav, om ikkje anna, god utteljing i Hamar Arbeiderblad, som gledeleg kunne fortelje lesarane at kulturhuset gjekk med overskot i 2019.

Frå og med 2020 og tre år framover har kulturhuset også fått eit investeringsbudsjett på 1,5 mill. kroner per år for å fornye teknologien i huset, fortel Gloppen: «Vi er prisgitt utviklinga rundt oss når det gjeld digital teknologi. Politikarane i Hamar har heldigvis skjønt dette.»

Hamar kulturhus hadde i mars 2020 i alt 18 tilsette, på 16,8 årsverk. Av dette var ca. 5 årsverk på program og produksjon, 3,2 på reinhald, 3 på teknikk og 2 på kommunikasjon/marknad. Kulturhussjefen er særst glad for at kommunen gav huset i bemanningsramme som gjer «at vi faktisk kan drive dette huset på eit profesjonelt høgt nivå og at dei no i fortsettelsen gir oss ei økonomisk oppfølging både driftsmessig, men ikkje minst, også investeringsmessig.» Kulturhuset har så langt hatt ein rimeleg romsleg økonomi. Økonomien i kulturhuset har då heller ikkje vore grunnlag for særleg mykje debatt korkje i kommunepolitikken eller i lokalsamfunnet.

Finanskostnader

Det endelege rekneskapen for bygginga av Hamar kulturhus var slik, jf. saksframlegg i Hamar bystyre 30.3.16:

Tabell 2 *Endeleg rekneskap Hamar kulturhus (mill.kroner)*

Endeleg byggjekostnad	662,7
Finansiering:	
- Byggjelån	440,7
- Momsrefusjon	102
- Bruk av fonds	80
- Tilskot frå Hedmark fylkeskommune	15
- Sal av Sangens og musikkens hus	18
- Spelemidlar (fylket)	4
- Musikkutstysordninga	2
Sum finansiering	662,7

Kommunen lånte vel 440 mill. kroner for å byggje kulturhuset. I tillegg lånte kommunen knapt 40 mill. kroner til etablering av parken på Stortorget. Når det gjeld finanskostnader for Hamar kulturhus, opplyser noverande assisterande kommunedirektør Terje Halvorsen at «kapitalkostnader til ulike investeringer er ikke spesifisert i kommunens regnskap.» Men rekneskapen for kulturhuset viser at ein lånte 440,7 mill. kroner av dei 663 mill. huset kosta. Med 2 pst. rente og 50 års avdragstid gir dette årlege kapitalkostnader på 16,8 mill. kroner.

Men fem millionar kroner av den årlege husleiga som Teater Innlandet betalar, går til å dekkje kapitalkostnader. (Resten av leiga pluss felleskostnader vert betalt rett inn til kulturhuset). Då er ein nede 11,8 mill. kroner per år. I tillegg, skriv ass. rådmann at ein «bør også ta med tapte kapitalinntekter på fondene som ble brukt, 80 mill. kroner. To prosent av dette er 1,6 mill.». Då er samla årlege finanskostnader ca. 13,4 mill. kroner. Men ingen av desse tala er spesifiserte i kommunens rekneskap. Resten av byggjekostnadene for kulturhuset vart dekte gjennom momsrefusjon (102 mill. kroner) bruk av fonds (80 mill.), tilskot frå fylkeskommunen, salet av Sangens og Musikkens Hus m.v. jf. tabellen ovanfor.

I den politiske debatten har det etter ferdiggjeringa av kulturhuset vore lite merksemd kring auken i finanskostnader. Den langsiktige gjelda (eksklusive pensjonsforpliktelsar) til Hamar kommune per innbyggjar var i 2019 vel kr 117.000. Landssnittet for alle kommunane i landet var same år kr 95.000. Bodø låg då på vel kr 120.000, Stjørdal på vel kr 109.000.

4.6 Oppsummering

Hamar kulturhus kom litt i vanry hos publikum første driftsåret. Det skuldast ei feiltilsetjing av kulturhussjef og burde sjølv sagt vore unngått. *Ein amatørfeil, av politikarane, som det tok eit år å rette opp.* Huset står no solid som eit godt og ope brukshus for Hamars befolkning, særleg innanfor song- og musikklivet. Konsertar, teater- og danseframsyningar og andre arrangement i den store salen trekkjer eit regionalt publikum. Salane er stort sett baserte på utleige. Repertoaret er ganske «safe»; tilpassa smaken og lynnet til «hamarsingene» og folket elles på Hedemarken. Men på klubbescena er det, heldigvis, rom for litt meir av kvart. Hamar kulturhus har også, etter kvart, fått eit fint, variert og omtykt folkebibliotek med god litteraturformidling i høgsetet. Kulturskulen synest har fått eit nødvendig løft med ein ny rektor frå 2019. Teater Innlandet har mange fine framsyningar i kulturhuset og er ein god og sikkert betalende leigetakar, men forbausande lite engasjert og involvert i kultur(hus)-fellesskapen. Slik bør (kan?) det då ikkje vere? Kinoen lever også sitt eige kinoliv, vegg i vegg med kulturhuset, utan særleg kontakt med naboen. Kor tenleg er det? Og behovet for eit skikkeleg rom for vising og utstillingar av visuell kunst er minst like stort i dag om det var i 2014. Kvifor vert forresten slikt så lågt prioritert i nesten alle kommunale kulturhus?

Hamar by burde no også sørgje for at byens godt brukte og populære kulturhus får eit litt meir høveleg og synleg inngangsparti med ein levande foajé. Planane om integrasjon av kino og kulturhus kunne i tilknytning til dette takast fram att. Her ligg det eit urealisert potensial for kulturhuset. Og av svære Teater Innlandet bør kulturhuset kunne forlange meir enn at dei betalar husleiga innan fastsett frist!

Den økonomisk baserte motstanden mot kulturhuset tagna fort etter ferdiggjeringa. Driftsutgiftene har det heller ikkje vore særleg (politisk) merksemd kring. Det same gjeld kapitalkostnadene. Ifølgje Morten Aspeli, Ap-ordførar 2011-15, kulturhusmotstandar og gruppeleiar for Ap 2007-11, er det no «veldig langt mellom de kritiske røstene». Han legg også vekt på at utan kulturhuset hadde aldri by-utviklingsprosjektet med opprustinga av Stortorget og av Strandgata om sommaren vorte noko av. Kulturhuset har også vore viktig for utviklinga av eit rikt og mangfaldig song og musikkliv i Hamar dei seinare åra, vert det hevda.

Knut Faldbakken, som altså tok første spadetaket på kulturhustomta, konkluderer slik:

Jeg kan ikke si annet enn at jeg er litt stolt når jeg går over plassen her og inn i huset. Og om kvelden se lyset og all aktiviteten inne i øvingsrommene. Nei, kulturhuset har vært en stor berikelse for Hamar for et stort tverrsnitt av befolkningen, med et omfattende og variert program. Noe mer kan man ikke håpe på for et lokalt kulturhus. Og når man attpå alt klarer å

drive det sånn at resultatet blir godt over budsjettet, så er det selvsagt bra. Da viser de evne til å snu seg rundt, også.

Så kan vi berre spekulere på korleis det hadde gått utan Einar Busterud og By- og bygdelista hans. Det hadde knapt vorte noko kulturhus på Stortorget. Burde kanskje ikkje Busterud få ein sal kalla opp seg?

Til sist: Terje Gloppen som vart kulturhusets «redningsmann» våren 2015, går av med pensjon 1. september i år. Nærings sjef i Ringsaker, Tor Rullestad, er tilsett som ny kulturhusleiar. Han tek over eit veldrive hus som er godt forankra både i byen og regionen. Ein del utfordringar står huset likevel overfor. Nokre av desse har eg peikt på ovanfor. Eg trur i tillegg at tida no er moden for at kulturhuset saman med andre skapande musikk- og kulturkrefter i byen og omlandet, burde våge seg på nokre eigenproduserte (og publikumsvennlege) førestillingar. Huset treng denne utfordringa. Og i regionen er det eit rikt og variert musikkliv å samskape med. Men erfaringane viser altså at «hamarsingene» ikkje vil ha altfor moderne og utfordrande kunstnarlege prosjekt....

5 Kimen kulturhus: «Det herre er og skal værre et bygg for alle»

Kimen kulturhus i Stjørdal på 11 600 kvadratmeter (15 700 inkludert parkeringskjellar) til 717 mill. kroner (eksklusive parkeringskjellar) vart offisielt opna ein vakker seinsommars fredagsettermiddag 21. august 2015 av kronprins Haakon og 9 000 frammøtte strålende stjørdalingar. Endeleg! For knapt nokon gong har det storma sterkare kring reisinga av eit kulturhus i landet vårt enn det gjorde i Stjørdal. Men Sp-ordførar Ivar Vigdenes hadde lært av feila frå Hamar og Bodø. Derfor understreka han alt i den gode opningstalen sin (eg var der sjølv...) at det «er viktig at vi fra opninga av synliggjør at det herre er og skal værre et bygg for alle.» Og slik vart det faktisk også. Jazzmusikaren frå Sula på Sunnmøre, Jarle Førde, nytilsett kultur- og kulturhussjef i Stjørdal frå august 2014, skjønnte teikninga. Hans oppgåve var å gi folket det dei var blitt lovde. Og Kimen, men sitt store og allsidige kulturtilbod, breiare enn i knapt noko anna kulturhus i landet, har så definitivt vorte eit hus for folk flest i Stjørdal og omland. Berre seks prosent av dei over 800 førestillingane i huset i 2019 var med (eksterne) kommersielle aktørar! Tenk over det.

Den erfarne journalisten Jan Erik Sundøy i lokalavisa Bladet har følgt utviklinga av kulturhusprosjektet i Stjørdal frå start til slutt. Han seier dette om status for Kimen kulturhus om lag fem år etter opninga

Status er at det ut fra målsettingene er en kjempestor suksess, slik jeg oppfatter det. Huset er veldig mye brukt, og bidrar veldig mye til aktivitet, kulturaktivitet i Stjørdal, så det har oppfylt sine målsettinger som kulturhus; overoppfylt, er det nok kanskje mange som vil si, for det er veldig stor aktivitet. Og folk går i Kulturhuset, og når du går i dit, så treffer du heile tida på folk omtrent uansett hva slags tidspunkt det er.. Det er et veldig levende kulturhus, ja. Det var også meninga, uten tvil Det ble lagt opp til en folkelig profil. Det var gjort helt i fra starten, ved at man involverte brukere og kulturlivet i en veldig grundig prosess over flere år, faktisk, så man fikk de løsningene som kulturlivet etterspurte.

Det var langt ifrå gitt at det skulle gå slik. For sjølve kulturhussaka var både lang, vond og kronglut. «Det har vært en selsom politisk forestilling, for å si det mildt», seier journalisten som har vore tett på prosessen. Han føyer til:

Det er ganske fantastisk at Arbeiderpartiet går mot bygging av et kulturhus. Og at et Frp støtter helhjerta opp om et kulturhus, som de egentlig er imot, det er snudd totalt på hodet, det har ingenting med kulturhus å gjøre, men, enkelt sagt, med hvem de foretrekker som ordfører...

Kulturhuset vart vedteke bygt med 21 mot 20 stemmer i kommunestyret i juni 2012. Eit samla Frp stemte for. Eit samla Ap stemte imot. Og i delar av Ap er det framleis bitterheit å spore etter kulturhusprosessen i Stjørdal kommune, særleg rundt det som skjedde i etterkant av det spennande og avgjerande kommunevalet i 2011. Alt er ikkje gløymt. Men tida har lega dei fleste sår.

Knapt noko kulturhus i landet har eit så variert og breitt kulturtilbod som nettopp Kimen kulturhus. Huset har i tillegg til dei to salane ikkje berre bibliotek, kulturskule og ei rekkje (rundt 20) øvingsrom for song, musikk og dans, men huset inneheld også kino, ungdomsklubb, kyrkje, kunstgalleri, eit Newton-rom og ein liten kafé. Kulturhuset hyser også heile den kommunale kulturadministrasjonen og administrasjonen for Stjørdal kirkelige fellesråd. Huset har følgjeleg svært mange brukargrupper, til ulike tider av døgnet. I dette ligg også noko av forklaringa på det gode omdømet til huset. Fleire skular og barnehagar ligg i gangavstand til kulturhuset. Det visste ein godt då ein planla huset. Dessutan er huset svært ope i seg sjølv, der dei som kjem inn i huset, ikkje finn nokon skrankar eller barrierar, korkje bortover eller oppover. Dette inneber også at bibliotekarane har fått ei litt utvida rolle som servicearbeidarar for heile kulturhuset. Ikkje alle er udelt nøgde med dette. Det går (litt) utover fagarbeidet, ifølgje eit par av bibliotekarane.

Kulturhuset i Stjørdal har ein sterk lokal/regional profil. I 2019 hadde Enhet for kulturproduksjon, som administrerer scenene/salane i kulturhuset, ansvar for vel 800 store og små arrangement på huset. Av desse var altså heile 94 prosent lokalt eller regionalt forankra, medan 6 pst. av arrangementa var (reint) «kommersielle», av typen konsertar med E6-artistar, som til dømes Hellbillies på turne, Halvdan Sivertsen og andre. Det er oppsiktsvekkjande tal. Utan at eg heilt kan gå god for rubriseringane.

5.1 Scener

Kimen kulturhus har fleire scener. *Storesalen* i huset har 570 sitjeplassar i amfi. Når ein tek vekk amfiet, er det plass for 800 personar ståande pluss 172 på galleriet. I vårhalvåret er repertoaret i denne salen vesentleg lokalt og regionalt, som blant anna Opera Trøndelag (sjå nedanfor). Om hausten skal artistar ut på turné, då kjem «alle dei gode tilboda frå artistar som vil inn her, då kan vi berre sitje å velje» fortel kultursjef Jarle Førde. *Vektorsalen* har flatt golv og plass til 200 personar, og er spesialdesigna for akustisk musikk. Den er òg mykje brukt som møtelokale på dagtid. *Øvingssalen Box 1* (flatt golv, 100 personar) er også til utleige og vert brukt som eit lågterskeltilbod, til blant anna fredagsdans, tangoklubb, filmklubb, mindre møte osv. *Kyrkjerommet* (flatt golv, 250 personar) vert forutan gudstenester og kyrkjelege samkomer, også brukt til andre typar konsertar og ulike andre samkomer. Rommet har svært god akustikk. Og galleriet bak kafeen vert brukt til mindre arrangement og minikonsertar. *Dei tre kinolokala* er på tidleg dagtid disponible for møte/seminar. Dessutan har biblioteket eit lite amfi som er eigna for små konsertar, bokbad og debattar. Mulegheitene er mange i Kimen kulturhus.

Faste lokale leigetakarar som *Opera Trøndelag*, som leiger om lag heile huset 3-4 veker per år på vårparten i samband med øving til og framføring av musikalar eller operaframsyning, *Ole Vig videregående skole*, som nyttar huset til (eksamens)konsertar o.l., *Stjørdal seniorforum*, som med sine 1.400 medlemmer jamt leiger kulturhuset til ulike typar aktivitetar, bidreg til jamne og føreseielege rammevilkår for scenedelen av kulturhuset.

Eining for kulturproduksjon, leia av Astrid Cecilie Olaussen, med sine vel seks stillingar er ansvarleg for programmeringa av salane, inklusive arrangement i kyrkja. Olaussen har i

tillegg ansvaret for ungdomsklubben Carbon (fem stillingar). Leigesatsane vart justerte litt oppover frå 1.1.2020. Inntil då var satsane for lokale lag og organisasjonar 9 000 for Vektorsalen og Storsalen og 3 000 for dei andre salane, «billigsalg», ifølgje kultursjef Førde.

Repertoaret på scenene og salane i kulturhuset er breitt, variert og folkeleg. Og i hovudsak lokalt og regionalt. Som sagt vert berre seks prosent av arrangementa internt klassifiserte som «kommersielle». Det er eit særmerke ved Kimen kulturhus. Framleis rår den overordna strategien om at Kimen skal vere eit kulturhus for alle. Etterspørselen er stor. Førespurnadene om å bruke huset har rent inn sidan starten. Dei gjer det enno.

Kimen er primært eit utleigehus. Men kultur(hus)sjefen har likevel funne plass til den Kulturrådsstøtta serien «Lørdagsvrimmel» på programmet. Serien inneheld både jazz, folkemusikk, kammermusikk, lyrikk, «fusion». Førestillingane har særleg vore i den mindre Vektorsalen, men også frå scena i Storesalen. Dette har ein gjort for å vise fram litt andre typar kunstuttrykk i salane. med topp utøvarar innafor dei nemnde sjangrane. «Og folk veit at kjem dei no, så får dei det beste», seier Jarle Førde.

5.2 Institusjonar i huset

Biblioteket

Stjørdal bibliotek går over to etasjar, med eit amfi og ein mellometasje der Newton-rommet i Stjørdal er plassert (sjå nedanfor). Biblioteket har 10 tilsette, med rundt 7 årsverk. Fem av dei tilsette (4,9 årsverk) er bibliotekarutdanna.

Biblioteket var tenkt å vere ei av de sentrale verksemdene i huset. Dette vart også streka under i rapporten «Kultorg 2015» (sjå nedanfor), der det heitte at eit nytt moderne bibliotek var viktig for «å skape den sentrale møteplassen» som kulturhuset vart meint å verte. Vi brukte vel uttrykket «hjertet i kulturhuset», seier biblioteksjef Frank Nordby, som har hatt jobben sidan 1995. Bibliotekarane i huset skulle også vere «publikumsretta» servicearbeidarar for kulturhuset; det vil seie at dei skal drive med informasjon om og ha oversikt over det som til ei kvar tid går føre seg i kulturhuset, og har billettsal til alle kulturarrangement (ikkje kino). Nordby oppsummerer:

Det var nesten der vi starta, for både prosjektleder Jomar Ertsgaard og jeg hadde jo vært rundt på forskjellige kulturhus og bibliotek, og vi hadde kommet fram til samme konklusjon, at det ville være enklest for publikum at de har ett sted å forholde seg til når de kommer hit.

I Kimen er altså «dette stedet» biblioteket. Hovudinngangsdøra fører deg omtrent rett inn i biblioteket. Bibliotekarane vert såleis dei viktigaste «servicearbeidarane» i kulturhuset. Dette har fungert bra overfor publikum i huset. Biblioteksjefen vedgår likevel at «det vi synes vi ikke har lykkes godt nok med, det er å gi en så god bibliotekservice som vi er i stand til.» Andre kulturhusbibliotek har også snusa på Kimen-modellen, men ikkje adoptert den. To av bibliotekarane eg treffer på, seier også at dette kan ha gått litt utover bibliotekservicen, og at dei gjerne hadde sett at det hadde blitt litt mer tid til bibliotekararbeid. Men i Kimen bibliotek er det årleg opp mot 200 arrangement og aktivitetar. Rundt halvparten av desse er i regi av biblioteket sjølv.

Ein (utilsikta?) biverknad av dette er at biblioteket får eit svært høgt besøkstal. Det vil seie at det registrerte besøkstalet i biblioteket er det same som talet på registrerte besøkande i kulturhuset, målt ved teljeapparatet ved hovudinngangsdøra. Per innbyggjar ligg Stjørdal derfor i landstoppen når det gjeld bibliotekbesøk per innbyggjar, med 25,3 besøk. På den andre sida er Stjørdal den av dei tre kommunane våre som har a) klart lågast netto

driftsutgifter og løns-/medieutgifter per innbyggjar til biblioteket, og b) klart lågast bokutlån per innbyggjar. Ein maktar ikkje alt. Kanskje har biblioteket blitt ein liten salderingspost i store Kimen? Personalressursen har då også vorte litt redusert siste åra.

Kulturskulen

Stjørdal kulturskole har sin base, øvingar og kontor i kulturhuset. Skulen har ca. 850 elevar, 400 av desse på dans. Det er eit (svært) høgt tal. Skulen har i overkant av 30 tilsette, av desse tre danselærarar og to-tre musikk lærarar i full stilling. Det er eit godt samspel mellom kulturskulen og resten av huset; biblioteket, kyrkja, galleriet, scenene, Opera Trøndelag. Dans er stort i Stjørdal, også den vidaregåande skulen har ei dans/drama-linje, og Opera Trøndelag har eigen operaskule i Stjørdal. I 2019 var elevane ved kulturskulen med i Opera Trøndelag si store oppsetjing av Sound of Music. «Såne opplevelser, der elevene står sammen på scena, og møtes av et fullt hus, kveld etter kveld, det gjør noe med deres tilhørighet...», konstaterer rektor Karsten Selset Landro

Rektoren har også erfaring frå andre kulturskular, men seier at han aldri har jobba på «en plass det har vært så godt tilrettelagt for kulturskoleundervisning som i Kimen kulturhus. Det er fantastisk å være kulturskolelærer med de fasilitetene vi har.» Men no er kapasiteten sprengd. Rektor set si lit til at det planlagde (?) hotellet vegg i vegg med kulturhuset snart vert bygt. Då kan det verte råd til sambruk med ei ny blackbox-scene, og fleire øvingsrom både for samspel og solospel. Kulturskulen brukar også kyrkjerommet og amfiet i biblioteket for konsertar. Men steingolvet i biblioteket er hardt å sitje på....

Uansett: Kulturskulen er eit godt varemerke for Stjørdal. Og den har høg politisk prioritet. Stjørdal satsar på kulturskulen. Kommunen brukar mykje pengar per innbyggjar på kulturskulen, klart mest av våre tre kommunar.

Kyrkja

Stjørdal kirke er også ein del av Kimen kulturhus. Grunna den raske folkeveksten var det behov for ei ny kyrkje i sentrum av Stjørdal. For kyrkja var det ønskeleg å vere der folket er. Koplinga kyrkje-kulturhus kom opp til diskusjon alt frå slutten av 1980-talet og framover. Dette grepet var også «et politisk sjakktrekk først og fremst for å få kostnadsavlastning», (ordførar Ivar Vigdenes). Det vart både eit fornuftsekteskap og ei spennande utfordring ved å prøve noko heilt nytt som ikkje var prøvd andre stader. Kyrkja var under planlegginga med i både byggherre- og brukarutval og var såleis tett på prosessen heile tida. Kyrkja består av eit kyrkjerom, eit sakristi og ein kontorfløy. Den kyrkjelege delen av kulturhuset er seksjonert ut med eige gards- og bruksnummer, slik kyrkjelova krev det. Kyrkja har også eigen inngang, som samtidig også er inngang til kulturhuset. Men ved denne inngangen er det ikkje noko teljeapparat. Det er i alt 22 kyrkjelege arbeidsplassar lokaliserte til kulturhuset, 9 av desse med egne cellekontor.

Det er mykje samarbeid mellom kyrkja og resten av kulturhuset. Det gir rom for mange synergieffektar, fortel kyrkjevevjerje Oddbjørn Eide. Kyrkjerommet, med sin varme akustikk er ofte brukt til konsertar og andre verdslege tilstellingar. Det er godt å syngje og spele musikk her. Dette stiller krav til ei god og fornuftig programmering av aktivitetar i huset. Ein må unngå uheldige kollisjonar med andre arrangement «i veldig nærhet.» Ei kyrkje skal også vere eit stillerom! Humanistiske gravferder i Vektorsalen brukar kyrkjeinngangen og vestibylen utanfor kyrkjerommet. Ekteskapet mellom kyrkje og kulturhus møtte i starten litt innvendingar frå andre livssynssamfunn og frå nokre politiske parti. Det vart sagt at folk ikkje

vil gå i kulturhuset pga. kyrkja. Men motstanden og skepsisen stilna fort. Prisen for kyrkja i kulturhuset var 53 millionar kroner. Kyrkjevevje Eide summerer opp slik:

Vi kan nå, fem år etterpå, si at alle forventningar ble innfridd og vel så det, både med kirkerommet, plasseringa i huset, inngangen, vestibylen og kontorfellesskapet oss i lag og med kulturavdelinga, det er jo en kjempeartig løsnung som gir masse synergieffekter, så det er artig at det fungerer veldig, veldig godt....

Kinoen

Kimen kino med sine tre kinosalar er driven av det kommunalt eigde selskapet Trondheim kino AS, som også har ansvaret for kiosk/kafé-drifta i kulturhuset. To av kinosalane har 129 faste sete, éin sal har 112 sete. Opphavleg var tanken at kommunen skulle drive kinoen. Avgjerda om å setje den vekk til Trondheim kino AS kom seint inn i kulturhusprosessen. Det var under deltaking på eit NHO-seminar om «Innovative anskaffelser», der også representantar for Trondheim kino var med, at ein kom på nye tankar, fortel kulturhusplanleggjar Jomar Ertsgaard. Og dette «vart veldig bra, for vi hadde nok å tenke på, lell», seier han. Kinoen har hatt svært høge besøkstal: 81 000 i 2017, 90 000 i 2018 og 78 000 i 2019, og er med klar margin den nest største kinoen i Trøndelag. Trondheim kino betalar kulturhuset ein fast leigepris per år, pluss provisjon av billett- og kioskinntektene.

Senterleiar Gro Langnes ved Trondheim kino er i Kimen kulturhuset fire dagar i veka. Ho fortel at Kimen kino har funne ein god marknad i barnefamiljar og godt vaksne seniorar. Familiefilmar og norske filmar går særst bra. Det aktive seniorlaget har eigne visingar, ein svær og populær seniorkino, på dagtid. Kinoen har nært samarbeid med fleire lokale aktørar, og samarbeider godt med dei andre aktørane i kulturhuset. På tidleg dagtid kan kinoane også brukast til møte/seminar. Kristin Skog ved Trondheim kino AS fortel at det i 2019 vart brukt opp mot ti årsverk ved Kimen kino. Dette året var kinoen stengt berre to dagar; jul- og nyttårsaftan. Resten av året var kinoen open frå kl. 11.00 til 23.45, heile tida med minst to personar på vakt. I 2020 blei det brukt rundt seks årsverk ved Kimen kino.

5.3 Anna innhald i huset

Den kommunale *fritidsklubben* Carbon held også til i Kimen kulturhus. Klubben, med fem faste stillingar, er open for dei som har begynt på ungdomskulen og til og med fylte 20 år. I tillegg er det juniorklubb for mellomtrinnet på barneskulen éin gong i veka. Klubben har eigen inngang. I utgangspunktet hadde vi tenkt at biblioteket og ungdomsklubben skulle ha nært samarbeid, fortel biblioteksjef Frank Nordby. Men det gjekk ikkje bra; «de bråka for mye, rett og slett, og de på klubben sa at de ikke klarte å holde orden». Derfor vart døra til biblioteket stengt. Koplinga kulturhus og fritidsklubb fungerer elles godt. Klubben har også utvikla tiltaket «*Carbon catering*», der ungdommane hjelper til ved store arrangement i kulturhuset, serverer artistar o.l.

Stjørdal kommune har også eit såkalla «*Newton-rom*» som er lagt til mellometasjen i biblioteket i Kimen. Newton-rommet byr på praktisk undervisning i naturfag, matematikk og teknologi for elevar på ulike trinn i grunnskulen. Rommet vert styrt og administrert av oppvekstetaten i kommune. Alle tiande-klassingar i Stjørdal er i Newton-rommet to heile dagar to gonger i året. Biblioteket og kulturhuset tek vel imot dei, slik at ungdommane skal føle litt tilknytning til huset

Kimen rommar også ein *enkel kafé*, rett innfor hovudinngangen. Det er kinoen som driv kafeen. Her får du òg kjøpt kinobillettar. Kinoen betalar ei provisjonsbasert husleige til kulturhuset, men tener ikkje pengar på drifta. Arealet bak kafeen vert brukt til små konsertar og til utstillingar av visuell kunst o.l., i samarbeid med det lokale kunstlaget. Det var seks

utstillingar her i 2019, i regi av det lokale kunstlaget eller av Kimen sjølv. Heller ikkje i Stjørdal er visning av visuell kunst særleg høgt prioritert.

Kimen kulturhus hyser altså heile *den kommunale kulturadministrasjonen*, inklusive ungdomsavdelinga, med i alt 54 tilsette og 38 årsverk. Kulturskulen har 15 av desse årsverka, biblioteket 7,9; eining for kulturproduksjon har 6,3 og ungdomsklubben 5. I tillegg hyser også kulturhuset administrasjonen for *Det kyrkjelege fellesrådet* for Stjørdal, med i alt 22 personar, med 9 cellekontor. Kontorfellesskapet er eit godt fundament for å få huset til å fungere så bra som det gjer. Brukarane er tett på og avhengige av kvarandre. Huset er til tider heilt fullbooka. Då er ein avhengig av at det meste går seg til. Eg fekk inntrykk av at ein har makta dette i Kimen....

Faste brukarar

Opera Trøndelag er eit av seks norske distriktsoperaselskap, med 70 pst. statleg/30 pst. lokal/regional finansiering, og høyrer så desidert heime i Stjørdal, som ei direkte vidareføring av Steinvikholm musikkteater skipa i 1992. Dette selskapet oppførte i 1993 for første gong operaen Olav Engelbrektsson på Steinvikholm Slott, med musikk av Henning Sommero og tekst av Edvard Hoem. Og, litt tilfeldig, fekk ein med seg Stein Winge som regissør. «En hellig treenighet; det var ganske stort, altså», fortel noverande operasjef Lars Eggen. På denne holmen, eit par mil nord for Stjørdal, budde i si tid den siste norske erkebiskopen Olav Engelbrektsson. Heilt fram til 1537 var han nr. 2 på ranglista i det kyrkjelege Noreg etter paven. Men reformasjonen gjorde slutt på dette. Operaen vart framført årleg fram til 2015. Då kulturhuset kom, vart så operaen flytta dit, og Opera Trøndelag blei definert. «Men alt vi driver med i dag, har sitt utspring fra Steinvikholm musikkteater», seier Lars Eggen.

Operaen spelar, slik dei andre distriktsoperaene gjer det, éin stor opera eller musikal for året. I 2020 stod Turandot av Puccini på programmet, ein ganske ambisiøs produksjon for ein distriktsopera. I samband med framsyningane legg Opera Trondheim beslag på nesten heile kulturhuset i tre til fire veker i vinter/vår-halvåret. Dei har då 6-8 framsyningar av ein opera eller ein musikal. I 2019 var det musikalen Sound of Music, med åtte stappfulle hus, i 2020 altså operaen Turandot. Dei brukar både Storsalen og Vektorsalen, alt av garderobar og «greenrooms», sminkerom, dansesal, delar av biblioteket og kyrkja. Dette er verkeleg store produksjonar med opptil 40 musikarar i orkestergrava.

Prosjektet er krevjande for kulturhuset, framfor alt for husets tekniske stab. Innarbeidings- og øvingstid er minst to veker. Men dette gjer godt for Kimens faste inntekter. Husleiga er rundt éin million kroner. Operaoppsetjinga inneber stor involvering også av kulturskulen. Opera Trøndelag skipar dessutan til ein årleg gallakonsert i kulturhuset i juni med Kirsten Flagstad-repertoar, i samarbeid med kulturskulen. Dei har sidan 1991 også drive sin eigen operaskule for barn/ungdom i alderen 10-19 år. Den er no lokalisert til kulturhuset. Operaen har sine kontor i Stjørdal, og ville gjerne hatt tilhaldsstad i kulturhuset. Men her er det smekk fullt og ikkje plass til nye leigetakarar. Operasjef Eggen avsluttar slik:

Selv om Kimen er stort, er det for lite. Vi skulle hatt kontor her. Men jeg mener Kimen er et vellykka hus. For meg som kulturarbeider, er Kimen et veldig fint hus. Jeg har vært i både Hamar og Bodø. Bodø blir noe anna da, men Hamar er relaterbart Vi kan ikke gjøre noe sånt der, fordi scenen ikke er tilrettelagt for en så stor produksjon som vi gjør. Der er det ikke grav, og det er en helt annen sal rett og slett

Her kan det også føyast til at *Ole Vig videregående skole* har alle sine eksamenskonsertar i kulturhuset i juni, då leiger dei Storesalen ei heil veke.

Stjørdal seniorforum med sine over 1 400 medlemmer, med myndige Ole Myrbekk i spissen, er også ein aktiv og nyttig brukar av kulturhuset. Forumet har sin eigen kontrakt med kulturhuset for kvart år, der ein vert samde om korleis ein skal samarbeide og kva for vilkår som gjeld. Forumet har fast seniorkino ein gong i månaden, med to (tre) filmar parallelt. Repertoaret vert laga i fellesskap av kinoen og tre styremedlemmer i forumet. Elles brukar ein både kyrkjerommet, Vektorsalen og, ein gong i blant, Storesalen, til ulike arrangement; foredrag, gjerne med nasjonale kapasitetar, møteverksemd og musikk/konsertar. Dei fleste arrangementa har også eit sosialt aspekt, med kaffi og kaker i forkant. Forumet har «en egen senior varietégruppe, med egne cabareter for oss. De drar også rundt omkring på eldrecenter og sykehjem», fortel Myrbekk. Dei har òg sin eigen Senior-blues, knytt til bluesfestivalen i Stjørdal (Kimen) kvar haust. Seniorforum samarbeider også med Opera Trøndelag. Myrbekk er svært godt nøgd med kulturhuset: «Det blei jo et stor løft for oss når vi kom over hit i Kimen. Og vårt forhold til kulturhuset er utrolig bra og profesjonelt til tusen, vil jeg si.»

Men Myrbekk skulle gjerne sett at kulturhuset hadde ein sal som var ein mellomting mellom Vektorsalen og Storesalen. For Storesalen kan iblant verte litt for dyr for dei; kr 16 000. Og han skulle gjere ha sett at Storsalen fekk eit anna namn, gjerne *Johan Arnts sal* etter gamleordførar Johan Arnt Elverum som leia den noko skjøre Sp-koalisjonen 1999-2013 som fekk realisert det vellykka kulturhuset. Myrbekk meiner også at kyrkja har blitt eit stort pluss for Kimen. Seniorforumet har elles 400 000 kroner på bok, og toler derfor å gå underskot med nokre arrangement. Medlemskontingenten er berre kr 100,- per år.

«Ole Vig-huset»

Under heile arbeidet med kulturhuset hadde ein i Stjørdal med seg soga om folkeopplysningsmannen Ole Vig. Han var fødd i Vikmarka i Stjørdal i 1824. Han døydde i Christiania i 1857, berre 33 år gamal. Han vert i dag rekna som ein pioner når det gjeld arbeidet med folkeopplysing over heile landet. Han var òg ein tidleg forkjempar for ein felles folkeskule i offentleg regi for alle born. Av mange vert han også rekna som den norske folkehøgskulens far. Han redigerte tidsskriftet «Folkevennen», organet for «Selskabet for folkeoplysningens fremme», frå starten i 1851 til han døydde i 1857.

Vi hadde med oss Ole Vig heile tida, fortel Jomar Ertsgaard, kulturhusplanleggjar og første leiar av Enhet for kulturproduksjon: «Det han stod for, folkeopplysning, danning; ja, det kan høres litt svulstig ut, men vi var faktisk inspirert av Ole Vig og pionerarbeidet hans. Det er også derfor huset heter Kimen». Undervegs i arbeidet var ein inne på å lage eit Ole Vig-senter som del av kulturhuset. Men ein valde heller å markere han med aktivitetar og anna i huset, bl.a. med Newton-rommet, og med det forpliktande namnet «Kimen». Det å skape ein møteplass og ein aktivitetsarena for ulike generasjonar, var vesentleg i arbeidet med planlegginga av huset. Plasseringa av huset og parken nær kjøpesenteret og ei rekkje skular (barne- og ungdomsskular og vidaregåande skule) legg også godt til rette for denne «møteplassfunksjonen», som bidreg til å gi huset liv nesten døgnet rundt. Også kultursjefen, Jarle Førde, fortel at han la vekt på «Ole Vig-tanken, og at det var tenkt inn heilt frå grunnen av», då han, heilt utan oppfordring, bestemte seg for å søkje kultursjefstillinga i Stjørdal tidleg i 2014.

Kulturskulerektor Landro sier det slik:

Det er en stadig strøm av folk til Kimen. Kinoen, biblioteket og kulturskolen er de store generatorene av besøk her i huset, på tvers av generasjonene. Det hadde blitt dødt her om vi «bare» hadde hatt kirka og de to salene. Da hadde vi mistet mye av det daglige livet, foreldre som følger barna til kulturskolen, får sett hva som foregår her, blir eksponert for det uke etter uke, og får mer lyst til å komme hit for hver gang.

Kimenparken: parkområdet framfor kulturhuset vart innvigd og teke i bruk i mai 2017. Kostnaden var ca. 40 mill. kroner. Parken er godt lagt til rette med grasareal, fleire leikeareal, kvilebenkar og estetiske element som kunst, ulike plantar og ei vakker vassfontene. Det skal vere ein summande møteplass med mange mulegheiter. Aktivitetane er kulturbaserte, og er også knytt opp til programmeringa av kulturhuset. Det gjeld store utandørs konsertar med kjende, og mindre kjende, band og artistar, ByFest Stjørdal, men mest ulike typar kulturarrangement for barn og unge, med deltaking av andre aktørar frå kulturhuset osv. Parken ligg heilt inntil kulturhuset. Arkitekt Reiulf Ramstad uttalte at «parken utenfor egentlig strekker seg halvveis inn i Kimen.» Parken kan òg leigast av kommersielle aktørar. Ei ny, større utescene er under planlegging, i samarbeid med Vennatrøgruppen, som eig handlesenteret ved kulturhuset.

Eit hotellbygg opp til nordenden av kulturhuset har vore på ønske- og plankartet i fleire år. Kommune, kulturhuset og aktørane i/bak huset ønskjer av mange grunnar eit slikt hotellbygg velkome. Kor nær det er realisering, er uklårt. Men eit hotell vil bidra til å løyse nokre utfordringar for kulturhuset, bl.a. på serveringssida. Det inneber også større etterspørsel etter møterom o.l. på dagtid for Kimen.

Vennatrøgruppa, nemnt ovanfor, eig også det store handlesenteret som er nesten vegg-i-vegg med kulturhuset. Gruppa sit på 12 000 kvadratmeter utviklingsseigedommar nært opp til Kimen, og er ein sentral viktig aktør i arbeidet med å utvikle Stjørdal sentrum. Adm. dir i Vennatrø Gruppen, Alf Joachim Vennatrø, fortel at kulturhuset i seg sjølv ikkje har ført til nokon omsetnadsauke for handlesenteret. Men etableringa av Kimen kulturhus, inklusive parken, ser dei på som eit svært viktig bidrag frå kommunens side til sentrumsutvikling. Det dreg mykje folk til sentrum. Dette bidreg igjen til ei sterk privat satsing på eigedomsutvikling i Stjørdal sentrum. Vennatrøgruppa var også blant dei ti private næringsaktørane som skaut inn 500.000 kroner kvar til aksjekapital til etablering av selskapet Stjørdal kulturutvikling AS i 2007/08, det no nesten heilt kommunalt eigde selskapet som var byggherre for Kimen og framleis er eigar av kulturhuset.

Besøkstal

Besøkstalet i Kimen kulturhus i 2019 var 611 000, det beste sidan 2016, då det var heile 650 000. Dei to åra imellom var besøkstala vel 580 000. «Det er eit godt teikn at vi går opp att», seier kultursjef Jarle Førde. «Det betyr at vi har klart å halde trøkket oppe». Besøkstalet kjem fram ved ei mekanisk registrering av alle som går inn døra i hovudinngangen til huset året rundt. Det faktiske besøkstalet er (ein god del...) høgare, sidan dei som kjem inn via kyrkjeinngangen på andre sida av huset, ikkje vert talde. På den andre sida nyt Kimen godt av at det er fleire grunnskular og vidaregåande skular i nærleiken, og at huset elles har fleire mykje brukte aktivitetar innandørs enn kulturhus flest. Også Stjørdal «briskar» seg med høge besøkstal. Men det finst ingen systemisert kunnskap om kven desse 600 000 «besøkjarane» er, kva som trekkjer dei til kulturhuset, kor ofte dei kjem hit, osv.

5.4 Prosjekt Kultorg 2015

I slutten av 2012, nokre månader etter at kommunestyret med 21 mot 20 stemmer hadde vedteke å byggje eit kulturhus på Husbyjordet, etablerte Stjørdal kommune ei brei prosjektgruppe, leia av Jomar Ertsgaard, for å greie ut spørsmålet om organisering og drift av kulturfeltet i Stjørdal kommune inklusive det nye regionale kulturhuset. Arbeidet skulle mellom anna basere seg på den omfattande planen «Kultursatsing i Stjørdal» (2008). Prosjektet tok namnet «Kultorg 2015» og la fram rapporten sin i januar 2014.

Prosjektrapporten foreslo å organisere kulturtilbudet og -forvaltninga i kommunen under ein ny etat, Etat Kultur. Dette innebar at kulturfeltet vart teke ut av den eksisterande Etat Oppvekst og kultur. Den nye etatssjefen for Etat kultur skulle verte ein del av rådmannens leiargruppe. Gruppa gjekk dessutan inn for ei samlokalisering (i det nye kulturhuset) av tilsette i heile kulturfeltet i kommunen. Det vart vidare føreslege «at kommunal drift velges som drifts- og selskapsform» for det nye kulturhuset. Då vil «det kulturpolitiske og administrative ansvaret være fast forankret i kommunestyret og hos rådmannen». Men drifta av kinoen «kan vurderes å settes ut til eksterne aktører.» Prosjektgruppa vurderte også etablering av kulturhuset som eit eige kommunalt føretak, men meinte dette medførte ekstrakostnader og store endringar i administrative og politiske ansvarsoppgåver.» Kommunestyret slutta seg seinare til forslaga i «Kultorg 2015»

Rapporten summerer elles opp ein del «driftsrelaterte suksessfaktorer ved etablering av nye kulturarenaer» basert på erfaringsinnhenting frå andre kommunar, andre kulturhus og rådgiivarar. Her trekkjer ein mellom anna fram kor viktig det er at huset får ein klar og tydeleg kultur- og regionalpolitisk profil, at ein rekrutterer dagleg leing i god tid før oppstart, at ein under oppstarten er særst opptekne av å få alle interesse- og aldersgrupper i kommunen til å oppleve bygget som sitt, at alle dei kommunale funksjonane i huset utviklar eit sterkt lag med felles profil og kulturfagleg engasjement, og at huset har ein god internkultur....prega også av «kommersiell forståing.»

Rapporten har fleire nøkterne og rimeleg realistiske vurderingar av driftsøkonomien i det kommande kulturhuset og av behovet for ekstra kommunale løyvingar. Det er også verdt å merke seg at rapporten foreslår at ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av det nye kulturhuset vert lagt til Enhet eiendom og Enhet renhold i Stjørdal kommune. Dette omfattar reinhald, vaktmeisteroppgåver, vedlikehald o.l. i kulturhuset.

Organiseringa av den nye kulturetaten i Stjørdal kommune og av det nye kulturhuset var altså ikkje basert på tilfeldigheter. Men på ei godt fundert utgreiing og innhenta informasjon frå andre kommunar og kulturhus. Dei føreslegne modellane i prosjektrapporten vart då også retningsgivande og førande for organiseringa i Stjørdal. Kvifor hadde dei inga slik utgreiing i Bodø kan ein skribent tillate seg å fundere over?

5.5 Så seier tala

Organisasjonsstrukturen kring Kimen kulturhus er noko meir komplisert enn for Hamar kulturhus. Kimen er eigd av det ideelle aksjeselskapet Stjørdal kulturutvikling AS. Dette selskapet var også byggherre for kulturhuset. Kommunen eig no 98 pst. av aksjane i selskapet. Men kommunestyret såg ingen grunn til at kulturhusdrifta skulle skje gjennom eit aksjeselskap eller via eit kommunalt føretak. Det har heile tida vore meininga at drifta skulle vere ein del av den kommunale kulturforvaltninga. Den kommunale kultursjefen, som i praksis også er kulturhussjef, og heile staben hans, held då også til i kulturhuset.

Driftsrekneskapan for huset, det vil seie for Eining for kulturproduksjon, som har ansvaret for drifta av scener og salar i kulturhuset, ser slik ut for 2018 og 2019 ser slik ut:

Tabell 3 *Rekneskap Kimen kulturhus 2018 og 2019. 1000 kroner.*

KIMEN KULTURHUS STJØRDAL 2019 og 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
UTGIFTER		
Løn	5 019	4 935
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	15 039	15 176
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	45	-
Overføringar	4 724	4 672
Finansutgifter, fin. transaksjonar	17 368	18 511
SUM UTGIFTER	42 195	43 295
INNTEKTER		
Salsinntekter	14 070	15 504
Refusjonar	5 647	5 565
Overføringar	326	245
Finansinntekter, fin. transaksjonar	1 278	1 672
SUM INNTEKTER	21 320	22 983
DIFFERANSE (Inntekter minus utgifter)	-20 875	-20 312
Differanse, ekskl. finansielle transaksjonar	-4 785	-3 472

Tabelltolking: Det går fram av tabellen at differansen mellom inntekter og utgifter både i 2019 og 2018 var vel 20 mill. kroner, medrekna finansielle transaksjonar. Ser vi vekk frå desse, både på utgifts- og inntektssida, er differansen 4,8 mill. i 2019 og 3,5 mill. kroner i 2018. Desse tala viser kva drifta av kulturhuset kosta kommunen i 2019 og 2018. Dette under føresetnad av at alle driftsutgifter er rekna med. Men vi veit at t.d. utgifter til vaktmeister og reinhald vert bokførte under drift av teknisk etat, og er ikkje med i rekneskapen ovanfor. Som sagt ovanfor, nyttar Hamar kulturhus 3,2 årsverk til reinhald, og 2 årsverk til stillingar som driftsleiar og driftsassistent.

Vi kan her føye til at finanskostnadane sjølvsagt vedkjem heile det store kulturhuset, ikkje berre den delen av huset der kommunen driv aktiv kulturproduksjon gjennom Kimen kulturhus. På den andre sida så vert altså kostnader til reinhald og drifts-/vaktmeisteroppgåver i kulturhuset belasta andre konti enn Eininga for kulturproduksjon. Lønnskostnaden ved kulturhusdrift i Kimen var i 2019 5 mill. kroner. Til samanlikning var dei same året 12 mill. kroner i Hamar kulturhus. Hamar kulturhus har dessutan eigen teknisk stab, medan Kimen kulturhus, i alle fall fram til 2020, i hovudsak har leigd inn personale for teknisk drift av hus/scene.

Kulturhuset opplyser følgjande om rekneskapen:

- «Vi betaler husleie til SKU AS (Stjørdal kulturutvikling). Denne summen er bokført under kulturproduksjon. Kapitalkostnaden er inkludert i husleie.»

- «Kimen kino driftes av Trondheim kino. De betaler husleie/felleskostnader til Stjørdal kommune, og det er inngått en avtale om provisjon av kiosksalg.» Netto inntekt for Kulturhuset på denne posten var ca. 2 mill. kroner både i 2019 og 2018.)
- «Kirken har sin egen avtale med SKU og er ikke blandet inn med regnskapet til etat kultur». (Vår merknad: dette gjeld kyrkjeininga i Kulturhuset)
- «Utgifter knyttet til vaktmester og renhold bokføres under etat teknisk drift»

Det er høgt aktivitetsnivå i Eining for kulturproduksjon i Kimen kulturhus. Salsinntekter for 2019 (15 mill. kroner, inkl. provisjon frå kiosksal) er betydeleg høgare enn for Hamar kulturhus (12 mill. kroner). Drifta av Eining for kulturproduksjon kosta i 2019 Stjørdal kommune knapt 4,8 mill. kroner, ut frå rekneskapstala ovanfor. Men alle kostnadselementa er altså ikkje inkluderte her, jf. ovanfor. Drifta av Hamar kulturhus kosta Hamar kommune 11,5 mill. kroner i 2019. Men når alt kjem til alt, er kanskje driftsutgiftene for dei to husa ikkje så svært ulike kvarandre.

Den samla rekneskapen for heile kulturetaten til Stjørdal kommune som held til i Kimen kulturhus, ser slik ut for 2019:

Tabell 4 *Rekneskap for kulturetaten Stjørdal kommune 2019. Tusen kroner.*

KIMEN KULTUR 2019 (i 1000 kroner)	Brutto drifts- utgifter	Drifts- inn- tekter	Netto drifts- utgifter
Kulturadministrasjon	14 425	5 129	9 296
Kulturproduksjon (drift av kulturhuset)	42 195	21 320	20 875
Ung kultur	3 816	870	2 946
Kulturskule	16 138	6 513	9 625
Bibliotek	7 189	926	6 263
KULTURETATEN	83 763	34 758	49 005

Finansiering/finansieringskostnader

Tabellen nedanfor viser finansieringskjeldene for bygginga av Kimen kulturhus, parken framfor huset og parkeringskjellaren under huset. 54 pst. av utgiftene til bygging av kulturhuset er lånefinansiert. Parken er 100 pst. lånefinansiert. Det same gjeld 75 pst. av parkeringskjellaren. Samla låneopptak var 478 mill. kroner. Av dette dreidde 389 mill. kroner seg om kulturhuset, jf. tabellen nedanfor:

Tabell 5 *Finansiering Kimen kulturhus (pluss park og park.kjellar) (mill. kroner)*

	Kimen	Parken	P-kjellar	Totalt
Pris	717	40,5	65	822,5
Lånefinansiert	389	40,5	48,5	478
Sjølvfinansiert:				
- Mva-refusjon	111			
- Aksjekapital	117			
- Tilskot	25			
- Sal av tomter	75			
- Anleggsbidrag			16,5	
I alt sjølvfinansiert	328	0	16,5	344,5

Kimen kulturhus inklusive parkeringsanlegg (eksklusive kyrkjebygget) er altså eigd av selskapet Stjørdal kulturutvikling AS. Dette selskapet finansierer rente- og avskrivingskostnader gjennom ei husleige til Stjørdal kommune. Lånet er avdragsfritt dei første fem åra. Kommunen betalar 17 244 000,- til SKU AS i husleige. I tillegg betalar kommunen (2019) også 1,8 mill. som prisstigning på husleiga. Dessutan fakturerer SKU AS kommunen for felleskostnader (433 000 i 2019). Finansiering av parken og parkeringsanlegget under parken er gjort av kommunen. Rentekostnaden for denne delen utgjorde i 2019 ca. 2 mill. kroner. Avdragskostnadene er berekna til 2 mill. kroner årleg.

Kommunestyret vedtok i sak 14/18 (20. mars 2014) at Stjørdal kommune skal drifte bygget og dekke alle forvaltnings-, drifts-, vedlikehalds- og utviklingskostnader (FDVU). Inklusive parkeringskjellar vart det totalt føresettt årlege kostnader til FDVU på 6,76 mill. Sum årlege kostnader for bygget vert då sett til 25 mill. kroner (husleige, felleskostnader og FDVU). Då tok ein ikkje for hardt i.

Det kan av reknestykket ovanfor sjå ut som ein (god) del av finanskostnadene for Kimen kulturhus vert dekte av netto driftsinntekter ved huset. Men her må vi igjen slå fast at driftsutgifter til reinhald og til vaktmeister (driftstenester) for Kimen vert ikkje belasta driftsbudsjettet for kulturhuset. Dette omfattar (nok) mellom 5-7 årsverk.

Som nemnt ovanfor, utgjorde den langsiktige gjelda (inkl. pensjonsforpliktelsar) til Stjørdal kommune i 2019 kr 109 000 per innbyggjar. Tilsvarende summer for Hamar og Bodø var 117 000 og 120 000. Landssnittet same året var kr 95 000.

5.6 Oppsummering

Det var slett ikkje opplagt at det skulle kome eit nytt kulturhus på Husbyjordet midt i sentrum av Stjørdal. For knapt nokon gong i Noreg har eit kulturhusprosjekt vorte raljert meir med i det offentlege rommet, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Men kritikken stilna forbausande fort etter den strålende opningshelga i august 2015.

Kimen kulturhus har vorte ein suksess. Bak dette ligg, som vi har vist ovanfor, overraskande god, involverande og detaljert innhalds- og organisasjonsplanlegging. Men truleg endå viktigare: den politiske leiinga i Stjørdal kommune, i motsetning til i Hamar, sikra seg at dei som skulle drive det nye kulturhuset, hadde det klart for seg kva for idear, visjonar og kulturpolitisk tenking det nye kulturhuset var forankra i. Ideane er framleis berande for Kimen, utan at politikarane treng å blande seg inn i drifta. Planleggjar Jomar Ertsgaard, som nærmast med eit naudskrik vart tilsett som kulturhusplanleggjar i 2005, var heilt sentral i dette arbeidet i meir enn eit tiår. Og Stjørdals første (og einaste) kommunale kultursjef, Jarle Førde, skjønnte fort kva det var slags hus, og kulturetat, han var sett til å forvalte. Men den som aller sterkast har streka under den folkelege profilen på (og derav innhaldet i) det nye kulturhuset, var ordførar Ivar Vigenes. For korkje Vigenes eller Senterpartiet) hadde råd å feile. Til meg sa Vigenes at kulturhuset i Stjørdal skulle (og måtte) verte eit hus med eit innhald

.... der alle skal ha kjent på i løpet av et år eller to at det var noe der for meg også. Så det var på en måte den overordna føringa for programmeringa første åra, at når det har gått et år eller to så skal alle kunne se seg tilbake og si at du verden, det var noe der for meg og. Jeg brukte tanta mi øverst i Dalen, det må være noe for misjonsforeninga også, ikke sant, som gjør at alle kommer inn på et tidspunkt. Og det tror jeg en har lykkes veldig godt med, for tilbudet har vært veldig variert. (Har tanta di funne noko?) Tanta mi har vært der, ho har funnet noe.

Kimen kulturhus i Stjørdal rommar svært mange og varierte aktivitetar. Dei synest å ha gått forbausande bra i lag. Kyrkje, kino og kultur. Opera, dans, gudstenester. Mykje musikk. Huset ligg dessutan svært lagleg til. Det er skular, kafear, varehus på alle kantar. Barn og unge finn lett vegen hit. Resultatet er at denne småbyen i utkanten av Trondheim har lykkast med å skape eit attraktivt kulturhus som, om ikkje syder, så i alle fall er tydeleg prega av høg aktivitet frå tidleg formiddag til seine kvelden. Det har vorte eit hus for (nesten) alle. Så får ein heller leve med at den vaksne Stjørdalsungdommen (heller) reiser til Trondheim og andre stader.

Den bitre, intense og langvarige politiske striden kring og ein sterk (og sunn) folkeleg førehandsskepsis til det kostbare kulturhuset, vart fort gjort til skamme. Ideen om samlokalisering av ulike kulturfelt, som var berande i rapporten Kultorg 2015, har vist seg å vere svært fruktbar. Synergieffektane av å samle så mange ulike kulturelle aktivitetar under eitt tak, har openbert vore mange og skapt innhald som elles ikkje ville ha vore muleg å få til. Kanskje har det gått litt på kostnad av eigenarten til biblioteket og, særleg, bibliotekarane. Dei er ikkje udelt tilfredse med også å vere servicemedarbeidarar.

Men huset har alt vorte for lite. Kulturen og aktivitetane veks og treng meir plass. Dette visste forresten Vigdenes og co. alt i 2012, men det var då korkje politisk eller økonomisk muleg å byggje eit større hus. No er det trøgt i kulturhuset. Det finst ingen lagerplass. Mat- og serveringsmulegheitene er dårlege. Kan kanskje det nye hotellet, som eventuelt kjem kloss inntil kulturhuset, gi plass for fleire kulturaktørar. Eller må Kimen sjølv byggje ut?

Stjørdal kommune valde ein noko anna modell for bygging og eigarskap av kulturhuset enn det kommunar flest gjer. Etableringa av selskapet Stjørdal kulturutvikling AS var politisk omstridt. Modellen var valt mellom anna for å skaffe noko privat kapital til reisinga av bygget, og for lettare å tilfredsstille nøkkelpartiet Frp. Drifta av og driftsmodellen for Kimen synest å vere rimeleg rasjonell og effektiv. Strukturen ein har valt, gjer det likevel noko innfløkt å få fram alle kostnader ved drifta av kulturhuset. For ordens skuld burde kommunen kunne lage eit særskilt driftsrekneskap for huset, der også alle driftskostnadene er medrekna. Det har også vore litt politisk uro kring dette.

Men det har vore ein imponerende standhaftigheit kring arbeidet med Kimen kulturhus i Stjørdal. Retninga har vore klar frå starten av. Ole Vig danna grunnmuren. Kulturhusets profil og innhald vart meisla ut gjennom gode og skapande prosessar. Kommunen var på offensiven og i forkant med konkrete planar for organiseringa. Og den Sp-leia koalisjonen, med Frp på laget, klarte ved kløkt og politisk hestehandel å lose kulturhusprosjektet gjennom i kommunestyret. Senterpartiet synest faktisk å ha hausta politisk mynt på saka.

Så er spørsmålet om Ivar Vigdenes har fleire kulturtanter som skal tilfredsstillast. Eller om Kimen etter kvart bør finne andre og noko yngre målgrupper for primærverksemda frå scena i Storsalen. Her bør i alle fall huset vere i forkant.

6 Kulturkvartalet Stormen

Historia om utviklinga av Kulturkvartalet Stormen i Bodø har fleire likskapstrekk med historia om Hamar og Kimen kulturhus. Men det finst også nokre klare ulikskapar. Den mest openberre er at Stormen består av to åtskilde bygg; eit stort bibliotek og eit svært konserthus. Den mest avgjerande skilnaden er likevel av eit anna slag: I Hamar og, særleg, i Stjørdal vart det gjennom fleirårige involverande og inkluderande prosessar klarlagt og bestemt kva som

skulle vere innhaldet i og profilen på kulturhusa som reiste seg. I Bodø var det tilløp til slike prosessar i forkant av opninga, men prosessen enda med at leiinga nesten aleine forma ut innhaldet i og profilen på Stormen konserthus KF. Dette fekk i sin tur betydelege konsekvensar for drifta av huset. Det er også her vi finn grunnlaget for mange av dei stadige stormane i og kring konserthuset. Stormen bibliotek, derimot, vart eit svært inkluderande litteratur- og kulturhus som folket i Bodø snøgt trykte til sitt bryst.

6.1 Introduksjon

Men det begynte så bra. Kulturkvartalet i Bodø, det vil seie dei to husa *Stormen konserthus* og *Stormen bibliotek*, med ein samla prislapp på knapt 1,2 mrd. kroner, vart offisielt opna laurdag 15. november 2014. Det var (er?) den største kultursatsinga i Nordland nokon gong. Kjende og kjære kunstnarar frå Bodø og Nord-Noreg, saman med Leif Ove Andnes, stod for opninga, som også vart sendt på NRK1 same kvelden. Gjestelista var «celeber». Kronprins Haakon heldt opningstale. Journalist Stein Sneve i lokalavisa var begeistra:

I salen (*Store sal i Konserthuset*) satt folket. Spente. I et sus av hviskende forventning, skrapende lakksko og rasling med ordførerkjeder. Ingen gikk derfra skuffet da det hele var over. De gikk derfra med et smil. Og et håp. En tro. For det er nå det virkelig begynner. Det harde arbeidet. Med å fylle salene. Skape suksessene. Få inn folket. Partituret i den store symfonien om Bodø er vendt om, nå venter en ny sats. En ny begynnelse. Og det er opp til oss - vi som bebor denne vindskakke odden - å gripe sjansene det gir.

Og så det viktigste. Biblioteket. Hverdagens lysende palass. Dit vi trekker når vinden blir for bister, eller vi er i menneskenød. På jakt etter samvær og samtaler. På jakt etter viten - og magi. Et sted å sitte. Et sted å tenke. Et sted å nyte. Et sted for alle. Til alle tider.

(Avisa Nordland 17.11.2014)

Nokre månader seinare, 19.2.2015, melde avisa: «Stormen har tatt Bodø med storm. Publikumsinteressen har eksplodert. Økningen er mer enn 100 prosent». Alt såg så lovande ut. Men alt då syda det under overflata. Det kom offentleg til uttrykk nokre månader seinare. Då kvesste skribenten og forfattaren Morten Strøksnes pennen, og forkynte for heile Nord-Noreg og halve Noreg i aviskronikken «*Frå flystøy til stormende jubel*» publisert i avisene Nordlys, Adresseavisen og Bergens Tidende, at Bodø lenge har hatt rykte på seg for å vere ein ganske korrupt by. I debatten som utvikla seg snøgt etter dette, viste han til ei rekkje lite heldige hendingar i og rundt Stormen konserthus KF. Stormen kring Stormen vart med dette eit faktum for alle (jf. s. 45).

Mine informantar i Bodø er uansett samstemte om at skeptiske bodøværingar etter kvart tok til seg, sette stor pris på og vart retteleg stolte av det byfornyande Kulturkvartalet Stormen nede ved hamna i sentrum av byen. Det same inntrykket får vi gjennom lokalmedia. Det hjalp at bygginga av kvartalet skjedde innanfor budsjettamma på 1 181 mill. kroner. Og det gjekk fort opp for folk at dei to kulturbygga slett ikkje var så verst likevel. Dei har rett og slett stramma opp og urbanisert heile sentrumsområdet på ein framifrå måte. «Urbane figurer» var då også namnet på bidraget til dei engelske arkitektane som i 2009 vann arkitektkonkurransen om utforminga av kvartalet. Heile 82 pst. av lesarane til Avisa Nordland meinte rett nok at dette var eit (svært) dårleg val. Men juryleiar og ordførar Odd-Tore Fygle (Ap) stod hardt på sitt. Han fekk etter kvart også eit samrøystes bystyre med seg. I dag er det knapt nokon som angrar på dette. Men nokre synest framleis at ein kunne ha bygd eit rimelegare kulturlokale.

Bodøværingane tek gjerne tilreisande gjester med seg ned til Kulturkvartalet. Utan dette kvartalet hadde Bodø aldri kunne blitt Europeisk kulturhovudstad 2024. Bodø har då også vunne nokre by-kåringar etter 2014: Stormen kulturkvartal fekk for 2015 Statens byggeskikkpris. Statens pris for attraktiv by gjekk i 2016 til Bodø. I 2017 kåra Norsk

kulturforum (NOKU) Bodø til Noregs kulturkommune. I 2018 gav Norsk Sentrumsutvikling si utmerking Årets sentrum til Bodø. Same året vart Stormen bibliotek kåra til årets bibliotek i Noreg. Og i september 2019 vart det klart at EU peikte ut Bodø som Europeisk kulturhovudstad i 2024, den aller første byen av «slikt slag» nord for polarsirkelen. Tittelen Europeisk kulturhovudstad 2024 deler Bodø med byane Tartu i Estland og Bad Ischl i Østerrike. Den langvarige og planmessige satsinga på utvikling av sentrum i byen har lege i botnen for alle desse utmerkingane. Stormen kulturkvartal har vore og er ein (svært) viktig del av dette.

Ved femårsmarkeringa for kvartalet hausten 2019 formulerte sjefredaktør Jan-Eirik Hanssen i *Avisa Nordland* seg slik under overskrifta «*Den attraktive møteplassen*»

To slitne parkeringsplasser er blitt til en eventyrlig smeltedigel av kulturaktiviteter. Begge hus, hver for seg og sammen, har vært en suksess i kraft av sine funksjoner, sin plassering og sine arkitektoniske kvaliteter. Uten Stormenbyggene ville Bodø vært sjanseløs til å bli europeisk kulturhovudstad (*Avisa Nordland* 30.11.2019).

Og folket har altså teke både biblioteket og konserthuset i bruk. I 2019 var heile 470 000 personar innom Stormen bibliotek, registrert gjennom teljeapparat ved inngangen. Talet på arrangement og aktivitetar i biblioteket var svært høgt, rundt 800. Det samla talet på registrerte besøkande i Stormen konserthus var i 2019 118 000, litt meir enn den tidlegare rekorden frå 2016. Talet på arrangement i huset var i 2019 826, mot rundt 550 per år i perioden 2018-2016; eit lite teikn på eit opnare konserthus enn før. Talet på selde billetter til arrangement i konserthuset var i 2019 70 737. Konserthuset, eit kommunalt føretak, har dessutan klart seg svært godt økonomisk. Dette har gjort det muleg å setje av betydelege beløp til både vedlikehald av bygget og til kunstnarleg utvikling. Men det var dei som meinte at dei avsette midlane til kunstnarleg utvikling heller skulle ha vorte brukte til eigenbaserte arrangement i konserthuset. Konserthuset utvikla seg nemleg i for stor grad til å verte eit (reint) utleigehus. Biblioteket hadde langt fleire eigenproduksjonar enn konserthuset.

6.2 Stormen bibliotek: «En historie til å bli glad over»

Stormen bibliotek med sine 6 300 m² er blant dei største, og best utrusta folkebiblioteka i Noreg. Biblioteket heilt nede ved sjøkanten går over tre luftige, opne og fleksible etasjar, er (har vore) ope kvar dag, 72 timar i veka og har hatt opp mot 470 000 besøkande i året, med rundt 800 aktivitetar og arrangement per år. Ved sida av å vere eit bibliotek har huset også ein litteratursal med scene og ein digital verkstad for produksjon av lyd og film. Huset hyser alt frå store arrangement som nettverksmøte i Unge Stormen og svære direkteendingar for NRK/Avisa Nordland, via store og mindre debattar av mange ulike slag, til små lesestunder om sommaren eller ein kunstaktivitet i vinterferien. Debatten i oktober 2015 om (påstått) ukultur i Stormen konserthus vart forresten ein godt besøkt debatt. (Her finn du både heile debatten og ein kortversjon: <https://www.nrk.no/nordland/se-hele-den-stormfulle-debatten-om-navngitte-personer-i-bodos-kultur--og-maktelite-1.12598879>)

Biblioteket er også det aktive litteraturhuset i Bodø. Det er dessutan sete for jazzgruppa Bodø Rhythm Group (BRG) og for Nordnorsk jazzsenter (NNJS). Intensjonen opphavleg var at desse to skulle halde til i og vere ein ressurs for og i Stormen konserthus. Men det enda opp med at leiinga for konserthuset fann ikkje å kunne hyse desse to institusjonane. Då tok biblioteket imot dei med opne armar og ei positiv innstilling. Dei er begge framleis i biblioteket, no i konstruktivt samarbeid med konserthuset og den nye leiinga der.

Stormen bibliotek blei i 2018 kåra til Årets bibliotek i Noreg av Norsk bibliotekforening. Det vart då mellom anna lagt vekt på at biblioteket har eit svært godt samarbeid med eksterne

aktørar for utvikling av arrangement. Biblioteket dreg inn mellom éin og to mill. kroner per år i eksterne midlar (som blant anna husleige, medfinansiering av prosjekt og produksjonar, sponsormidlar). Det heitte vidare at sidan opninga for fire år sidan har Stormen etablert seg som eit naturleg samlingspunkt og ein møteplass for folk i og rundt Bodø. Besøkstalet er firedobla, når ein samanliknar med besøkstala for det gamle biblioteket.

Biblioteket har eit stort spenn av arrangement og aktivitetar. Talet på eksterne samarbeidspartar er mange, og aukande. Biblioteksjefen, Trud Berg, som forresten er siviløkonom utan bibliotekutdanning, seier det slik:

Stormen bibliotek er «et folkeie», vi er en del av byens eierskap, jeg tror alle anser det slik. Alle våre brukere som er her over litt tid, vurderer nok biblioteket som sitt, altså det er «deres», det er ikke vi ansatte sitt, det, er Bodø sitt bibliotek Vi kunne ikke ha holdt på med så stor aktivitet og så mange arrangement, om vi ikke var adoptert av byen.

Folket i Bodø har teke godt imot biblioteket. Intervjuobjekta mine i Bodø (politikarar, byråkratar, kulturlivet) er samstemte når det gjeld den positive vurderinga av arbeidet med og utviklinga av Stormen bibliotek. Berre éin politikar ute på høgresida har eit lite atterhald....

Én ting er nå biblioteket, når du bygger Nord-Europas største bibliotek, så er det jo litt stormannsgalskap vi har fått masse fine premier og alt, priser, men hadde vi bygget tre skoler for samme antall kroner, så hadde vi sikkert fått masse priser da, også, og hva hadde vi mest behov for?

Men her er nok partiet for «folk flest» ikkje heilt på parti med folket. Biblioteket har lagt mykje vekt på og fått nye og fleire brukargrupper enn tilfellet var før Stormen kom; ungar, ungdommar og innvandrarar. Det vert peikt på at særleg ungdommane har funne seg godt til rette i det nye biblioteket, dei bookar seg inn sjølve og styrer sine egne aktivitetar. Nettverket *Unge Stormen* er oppretta for ungdommar som ønskjer å bruke Stormen bibliotek. Nettverket består av rett og slett av dei ungdommane som har meldt si interesse for å bidra til eit rikt kulturliv i byen via biblioteket, det dreier seg om 5-600. Unge Stormen står for ei rekkje kulturaktivitetar; konsertar, diskotek, utstillingar, «kick-offs», kurs av ulike slag osv. Unge Stormen Media har etablert eit senter for film og formidling. Og alt i 2017 blei Stormen bibliotek og Unge Stormen nominert som kandidat til Norsk Publikumsutviklingspris.

I 2018 vart *Stormen samiske senter* etablert, i samarbeid med fylkeskommunen og med støtte frå Sametinget. Eit språksenter er grunnpilaren i drifta av senteret, med vekt på samisk kultur og litteratur, og hovudvekt på lulesamisk språk. Saman med Nord Universitet og Nordlandsforskning har Stormen etablert forumet *Lytring*, som ein arena og eit konsept for debatt og relevant forskingsformidling. Biblioteket har også etablert *eit kunstgalleri* med ein eigen kunstkurator. I samarbeid med skulekontoret i kommunen har biblioteket oppretta *ei eiga pedagogstilling* som skal arbeide med utvikling av bibliotekets tilbod til barn og unge.

Biblioteket har også *ein kafé*. Den er «anbudsbasert», med biblioteket som «anbudseier» eller kontraktspart. Drifta er basert på ei låg husleige og prosent av omsetninga. Pengane som kjem inn, brukar biblioteket til bl.a. å delfinansiere eigenproduksjonar. Kafeen har ein brei meny med relativt enkle matrettar, øl- og vinservering og byens finaste utekafé om sommaren, heilt nede i fjæra. Kafeen, som er open kvar dag, har all servering i tilknytning til møte, aktivitetar, utstillingar, konferansar i Stormen bibliotek.

Bodø Rhythm Group og jazzsenteret

Som om ikkje dette er nok, så tok også Stormen bibliotek i 2016 imot vertskapsrolla for jazzgruppa *Bodø Rhythm Group* (BRG), og vart med dette det einaste biblioteket i verda (?) med tilsette jazzmusikarar. Denne gruppa, med tre musikarar, vart etablert i 2004 av Bodø

kommune og knytt til Bodø kulturhus frå 2005. Men då leiinga for BKH vart ført over til Stormen konserthus i 2014, var ikkje BRG lenger med i planane, av økonomiske og andre årsaker. Gruppa vart då i nesten to år ein (uverdig) kasteball mellom bystyre, formannskap og leiing og styre for Stormen konserthus KF, som ikkje ville ha gruppa som leigetakar. Enden på visa vart at biblioteket tok over ansvaret for *Bodø Rhythm Group*. I ein bystyreregulert avtale fekk gruppa likevel tilgjenge til det lydisolerte store øvingsrommet i konserthuset, saman med Arktisk filharmoni. Noko leiinga for konserthuset sa nei til. «En meningsløs krangel om et øvingsrom», meinte den konstituerte direktøren Arild Olsen.

Jazz-gruppa fann seg fort godt til rette i biblioteket, som har brukt jazzmusikarane mykje; i barneforestillingar, i fengselsbiblioteket, besøk på andre bibliotek, på den mobile scena i litteratursalen, konsertar med litterær sveip osv. Dessutan har BRG brukt Sinus-scena i konserthuset etter ein avtale mellom biblioteket og konserthuset om «så og så mange gangers bruk av denne scenen i løpet av året.» Gruppa skal halde fram med å vere i biblioteket. «Rett og slett fordi vi og de ønsker at de skal være knyttet til biblioteket og de mulighetene det finnes for fine konsepter hos oss», seier biblioteksjefen. Dette skjer no i god forståing med den nye leiinga av konserthuset.

Også *Nordnorsk jazzsenter* (NNJS) enda opp som leigetakar hos Stormen bibliotek. Historia om kvifor det gjekk slik, har fleire versjonar. Opphavleg vart det meininga at NNJS, saman med BRG, Nordland Musikkfestuke (MFU) og NOSO (Nordnorsk opera og symfoniorkester (i dag Arktisk filharmoni), i fellesskap skulle lokaliserast til det nye konserthuset. MFU konkluderte med at husleiga i Stormen konserthus vart for høg og fann seg derfor, og av andre grunner, eigne kontorlokale i byen. NNJS, med sine tre tilsette, vart verande i Stormen; ikkje i konserthuset, der dei naturleg hadde høyrte heime, men i biblioteket. Dette hang igjen noko saman med den uryddige endringa i driftsmodell for konserthuset, jf. nedanfor. Utfallet vart i alle fall at også NNJS med sine tre arbeidsplassar, hamna som leigetakar i Stormen bibliotek. Det gjekk bra, det også. Så bra at jazz-senteret vert verande i biblioteket, også etter leiingsskiftet i konserthuset. Dette har å gjere med at Konserthuset sjølv har teke på seg nye og store oppgåver og prosjekt, bl.a. i samband med Bodø 2024 (Europeisk kulturhovudstad) og at leigetakaren Arktisk filharmoni også treng meir plass. Det er god dialog om dette mellom NNJS, biblioteket og den nye leiinga av konserthuset. Fleire samarbeidsprosjekt har kome i stand mellom jazzsenteret og konserthuset. Nye tonar, altså.

Sjølv om biblioteket, med sine i alt 26 tilsette med stort og smått, 8-9 av desse er bibliotekutdanna, har opplevd eit par mindre budsjettkutt (2015 og 2019), klarar dei seg godt. Dei har vore flinke å prioritere mellom og programmere arbeidsoppgåver. Det betyr også å seie nei. Både til oppdrag, programpostar og samarbeidspartar. I motsetning til kulturhuset har biblioteket også brukt ressursar på utvikling av både strategiplan og organisasjonsplan. Biblioteksjefen konstaterer elles at biblioteket har fleire eigenproduksjonar enn det konserthuset har hatt. Biblioteket har likevel også hatt sine arbeidsmiljø saker, men har arbeidd seg gjennom og ut av desse, utan offentleg merksemd. Trud Berg opplever derimot at Stormen bibliotek har lide under bråket i og kring Stormen konserthus. Stormen er Stormen. Ikkje alle veit kva som er kva. Samarbeidsklimaet mellom bibliotek og konserthus var ikkje særst godt under den førre leiinga av konserthuset.

Talet på registrerte arrangement og besøkande ved desse er svært høgt ved biblioteket i Bodø samanlikna med tilsvarande tal for biblioteka i Hamar og Stjørdal. Biblioteket hadde i 2019 samla brutto driftsutgifter på 19 millionar kroner. Netto driftsutgifter var 16,5 millionar. Netto driftsutgifter (2019) per innbyggjar for biblioteket var i Bodø kr 315, om lag midt mellom

Hamar (kr 412) og Stjørdal (kr 221). Landssnittet er kr 309. Å drive dette store, luftige og samskapande biblioteket kostar altså ikkje kommunen «all verda». For den som måtte tru det, då.. Bodøværingane synest å ha fått ganske mykje att for den store bibliotekinvesteringa.

Oppsummert

Noko av forklaringa på suksessen til Stormen bibliotek ligg sjølvstøtt i utvidinga og utviklinga av arbeids- og ansvarsområdet for norske folkebibliotek siste tiåret, med basis i endringa av formålsparagrafen i folkebiblioteklova i 2013. Mange nye norske folkebibliotek har delvis endra karakter, og møtt utfordringa i den nye lova om å «være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt» med mange gode og populære tiltak. Det har også Stormen gjort, med bravur. Biblioteket kom i rett tid. Det synest dessutan å ha teke på fullt alvor det lova seier om at i tilboda både til barn og vaksne skal biblioteket «legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.» Unge Stormen merkjer seg særskilt ut. Biblioteket har vorte småbyens litteratur-, debatt- og kulturhus, og har begeistra byens befolkning. Ikkje minst den yngste delen. «En historie til å bli glad over», skreiv Avisa Nordland ved femårsjubileet i 2019.

God og målretta planlegging ligg også bak suksessen til Stormen bibliotek. Planleggarstillinga for drift av og innhald i Stormenkvartalet som Bodø kommune oppretta i 2012, må her takast med. I denne stillinga, som Kari Nystad hadde fram til opninga, vart mesteparten av innsatsen brukt til å arbeide med planleggingsoppgåver for biblioteket. Når det gjaldt konserthuset, tok leiinga av Bodø kulturhus KF seg etter kvart av planleggingsarbeidet.

Det eg likevel har bite meg mest merke i ved Stormen bibliotek, er det omfattande samarbeidet med ei rekkje ulike eksterne aktørar i regionen. I dette ligg eit vesentleg grunnlag for mange av dei faste tiltaka og prosjekta som biblioteket har fått til sidan starten hausten 2014. Samarbeidet inkluderer også økonomiske bidrag og tilskot. «Samskaping» har vorte eit kjenneteikn ved Stormen bibliotek. Dessutan har biblioteket framleis si eiga rhythm-gruppe.

6.3 Stormen konserthus KF: «kulturelle høydepunkter, vedvarende bråk og konflikter»

Stormen konserthus, 11 200 m², på andre sida av Hålogalandsgata rett overfor biblioteket, rommar fire scener eller salar. Størst og vakrast er *Store sal*, med sine 944 plassar, i amfi med faste sete og på balkongar. Krefter arbeidde for å få til eit flatt golv med eit mobilt amfi. På den måten kunne ein nå eit anna (og ståande) publikum. Slik gjekk det ikkje. Konserthusleiinga og «finkulturen» gjekk av med sigeren. Men konsertsalen er, også internasjonalt, rekna for å vere ein svært god sal å framføre akustisk musikk i, med eit Steinwayflygel handplykke av Leif Ove Andsnes. Den same Andsnes seier at *Store sal* i konserthuset i Bodø er éin av hans favorittsalar i verda. Jan Garbarek og Kari Bremnes seier det same, mange operasongarar også.

I tillegg har huset *Den lille sal*, med 240 sete i eit mobilt amfi, brukt til alt frå store middagar til mindre intimkonsertar, og *ein kammersal* med plass til 70 personar, mest brukt til mottakingar o.l., og den minst brukte av salane. Dessutan har ein *Sinussalen*, som er eit framhald av den rytmiske scena/klubbscena i gamle Bodø kulturhus, og vert brukt i ulike oppsetjingar til konsertar, foredrag, møte og konferansar. Om ein tek i bruk balkongen (mesaninen) er det plass ca. 440 her. Det er eit relativt hyppig brukt og fleksibelt lokale, m.a. av jazzklubben Ad Lib, ein av Noregs lengstlevande jazzklubbar, med rundt 30 årlege

konsertar i Sinus-lokalet. Klubben har no forresten fått kontor i konserthuset. Sinus er også hovudarenaen for konsertverksemda til Nordnorsk Jazzsenter.

Konserthuset er eit teknisk avansert hus. Det har dessutan ein stor og særst godt kvalifisert teknisk stab, med personale og utstyr til å gjere det meste. Ca. 11 av 33 årsverk ved konserthuset har vore på teknikk og produksjon. Huset er såleis veldig sjølvgåande når det gjeld teknisk drift av konsertar og andre arrangement i huset. Men denne kompetansen kunne også ha vorte meir brukt til å lage fleire eigenproduksjonar, har det vorte hevda.

Konserthuset har også sju relativt store øvingsrom, og nokre solistrom. Øvingsromma har så langt (2019/20) einast vore brukte av Arktisk filharmoni. Unntaket har vore Bodø Rhythm Group, med avtalefesta tilgang til eitt av øvingsromma. Romma har stått ledige 50 pst. av tida, fortel Arild Olsen. Det var først siste tida (2019/2020) at spørsmålet om betre utnytting av salane og øvingsromma i konserthuset vart tema i den offentlege diskusjonen om konserthuset.

Konserthuset består elles av ein noko trist, litt mørk og unseleg foajé og fleire korridorar og mingleområde, der det også er og har vore bar og servering ved ulike høve. Siste året har det skjedd ei oppgradering og tilpassing av det store området utanfor Store sal, det er mellom anna bygd ein ny og større bar. Det er også planar om å lage bar og kafé i foajéområdet, også med mulegheiter for uteservering. Konserthuset har fram til no stort sett vore eit daudt hus på dagtid. Men også her er det no endringar på gang.

Konserthuset har tilbode konsertar innanfor ulike sjangrar, mest klassisk og populærmusikk, og teaterframsyningar med Riksteatret, Nordland teater og Beaivvás Sami Teahter. Særleg når gjeld klassisk musikk, har repertoaret halde (svært) høg kvalitet, med internasjonale topputøvarar. Elles har tilbodet i konserthuset bestått av ulike former for populærmusikk med kjende artistar, visesong, gjerne med nordnorske artistar, dans, og liknande. Pluss nokre få lokale produksjonar med kor, korps, kulturskule o.l. Barn og unge har då heller ikkje vore noka prioritert målgruppe for konserthuset. Og det semiprofesjonelle og amatørbaserte regionale og lokale song- og musikklivet har i forholdsvis beskjeden grad vore brukarar av konserthuset. Men dette er no i endring.

Arktisk filharmoni

Den einaste faste leigetakaren i konserthuset er altså Bodø-delen av *Arktisk filharmoni*, tidlegare NOSO (Nordnorsk opera og symfoniorkester). Det var behova for dette orkesteret som var med på og utløyste løyvinga frå Kulturdepartementet på 161 mill. kroner i 2009 til bygginga av konserthuset. «Det var 10 millioner i første omgang, og deretter 151 til spesialtilpassningar i bygget», fortel direktør Tor Læg Reid. Dei to andre kulturhusa i mi undersøking fekk inga slik statleg løyving. Arktisk filharmoni består i dag av ein sinfonietta (20 musikarar, Bodø), eit kammerorkester (21 musikarar, Tromsø), eit symfoniorkester (alle musikarane, pluss gjestemusikarar) og årlege operaproduksjonar i større eller mindre format. Administrasjonen er delt mellom Bodø og Tromsø. Arktisk filharmoni har tilhaldsstad i Stormen konserthus og Tromsø kulturhus. Kvart år set orkesteret opp ca. 220 førestillingar og konsertar, og har i tillegg i eit normalt år mellom 200-300 ulike gjestemusikarar (frilansarar) på kortare og lengre oppdrag.

Arktisk filharmoni trivst godt i konserthuset. «Meget bra», seier Læg Reid om kvaliteten på «saler, scener, øvingsfasiliteter og kontorfasiliteter. Når det gjelder akustikk som er så sentralt

i forhold til kunsten, så har vi de blant de beste arbeidsvilkår i landet». Filharmonidirektøren seier at

det var en forutsetning for statsstøtte til prosjektet at daværende Nordnorsk Opera og Symfoniorkester skulle ha tilhold og faste øvingsfasiliteter i Stormen. Denne statsstøtta hadde ikke kommet om det ikke var for oss i orkesteret. De målsetningene for akustikk og spesialtilpasninger som ble muliggjort gjennom Staten sitt tilskudd til bygget, er så absolutt oppnådd. Det er rett og slett fantastiske forhold for akustisk musikk i Stormen. Slik at sett fra både kommunen som byggherre og staten ved Kulturdepartementet sin side, har de fått full uttelling for prosjektet.

Arktisk filharmoni opplever elles at det siste tida har blitt ei større forståing for kva filharmonien sine behov er. I husleigekontrakta er det også fastsett kor mange dagar orkesteret har i dei ulike salane, for det meste brukar dei Store og Lille sal. Normalt har orkesteret hatt fleire konsertar enn kontrakten tilseier i den største salen.

Opphavleg var det altså tenkt at konserthuset skulle hyse aktørar frå mange kulturmiljø i eit stort arbeidsfelleskap mellom Stormen-administrasjonen og dei andre aktørane i huset. Men av desse andre vart det, av ulike grunnar, berre Arktisk filharmoni som flytta inn. Og ikkje før i 2019 fekk Arktisk filharmoni oppdelte kontorlokale for alle i administrasjonen, til ein avtalt tilleggskostnad, ifølgje Læg Reid. I perioden 2014 fram til 2019 disponerte orkesteret fire kontor og eit eige møterom. I 2019 fekk administrasjonen og musikarane to nye kontor med totalt fire plassar slik at det blei ordna forhold for alle tilsette.

Arktisk filharmoni er godt tilfredse med at dei no endeleg har fått eigne fråskilde kontorlokale i konserthuset for alle i administrasjonen. Som einaste leigetakar i huset, har orkesteret hittil stått for 12-15 pst. av omsetninga i huset. Dei har heile tida hatt eit godt samarbeid med leiinga for konserthuset, men opplever at det dei siste åra blitt meir fleksibilitet og mottakelegheit for at orkesteret er ein viktig og sentral del av huset.

Musikkfestuka (MFU)

var også tiltenkt ein plass i konserthuset. Slik gjekk det ikkje. Det hadde mest å gjere med at lokala ikkje var eigna for Musikkfestuka. MFU ønskte seg fråskilde kontorlokale og hadde også behov for lagerplass. Dette var ikkje muleg å få til i konserthuset. MFU vart følgjeleg verande i dei lokala dei alt hadde i Bodø sentrum, fortel dagleg leiar (i 2020) Andre W. Larsen.

Musikkfestuka har heile tida likevel vore ein viktig brukar av konserthuset. MFU starta som ein kyrkjemusikkfestival under Olsokdagene i Bodø i 1980, men har etter kvart vorte ein breiare festival med vekt på klassisk musikk, men omfattar også jazz, populærmusikk, folkemusikk og dans. MFU er ein av dei største festivalane i Nord-Noreg med ca. 25.000 besøkande. Sjølve «festuka» er normalt i august månad. MFU har eit tett samarbeid med Stormen konserthus, som sel alle billettane for dei. MFU brukar huset og salane og er kunde og leigetakar i konserthuset under musikkfestveka. Frå tid til anna har MFU gjort samproduksjonar med konserthuset utanfor festivaltida, blant anna når det gjaldt konsertane med Mahler Chamber Orchestra og Leiv Ove Andsnes sitt Beethovenprosjekt i 2015.

Andre W. Larsen fortel (mars 2020) at dei er særst nøgde med konserthuset, og særleg Store sal:

Vi er glad for at den blei som den blei, med at den først og fremst blei bygget for akustisk musikk, og det viser seg at vi har vært så heldige og fått en sal som har akustikk i verdensklasse, så det har også gjort MFU mer attraktivt for internasjonale orkester, så vi har

hatt mange internasjonale gjestespill etter at Stormen kom, for ryktet til Salen er bra, og det at vi kan tilby en sånn sal, det gjør at det er mye enklere å få til internasjonale produksjoner der, så vi har tidvis gjort mye i Stormen. Vi opplever Stormen som profesjonell og som en god samarbeidspartner for MFU, det er veldig flinke folk som jobber der på lyd, lys, teknikk, sceneproduksjon, så det er for oss en god og ukomplisert arena å jobbe med ... Men vi bruker også biblioteket som arena under musikkfestuka, egne barneforestillinger som en samproduksjon med biblioteket og vi har (hatt) konferanser der.

Larsen seier også at han trur konserthuset har nye mulegheiter framover. Han ser for seg et stort potensial for huset de kommende årene. Husets omdømme vil også styrkes ved at det åpner seg for flere grupper, det gjelder særlig ungdommen. Huset er jo dessuten finansiert med og driftet av offentlige midler, og i et demokratiperspektiv ligger det her at man også skal presentere musikk og forestillinger som når bredt ut.

Som alt nemnt var også Nordnorsk jazzsenter tiltenkt ein plass i konserthuset. Dagleg leiar i NNJS, Ulla Stina Wiland, fortel:

det var satt opp mange brukertvalg, der ulike deler av kulturlivet var med og alle lederne av de statlige institusjonene satt i et felles utvalg. Man diskuterte denne momsproblematikken og ulike organiseringsmodeller. Det var tenkt i utgangspunktet at alle de statlig støtta institusjonene som NOSO (nå: Arktisk filharmoni), NNJS, MFU, alle skulle ha kontorfellesskap i lag og det skulle være et produksjonsmiljø rundt dette... Men så tok da Bodø Kulturhus KF et sterkere lederskap, kan du si, og fikk det egentlig slik som de ville, og da ble de andre institusjonene kanskje spilt litt ut, de ønska å gjøre om Bodø Kulturhus KF til et Stormen Konserthus KF, så det ikke skulle være noe mer i strukturen enn det allerede var, det var det de ønsket, og det fikk de til sist også igjennom, selv om det var mye debatt rundt det..

6.4 Organisering og leining

Konserthuset er organisert som eit kommunalt føretak (KF). Det var også forgjengaren Bodø kulturhus KF (forkorta BHK). Organisasjonsmodellen, leiinga og personalet ved BKH vart ført over til konserthuset då dette blei etablert i november. Ifølgje kultursjef i Bodø, Arne Vinje, gjorde bystyret vedtak om dette alt rundt årsskiftet 2010/11. Kor omfattande diskusjon det var om dette, veit eg ikkje. Musikaren Rolf-Cato Raade som var kulturhussjef for Bodø kulturhus KF (2012-2014), vart direktør for Stormen konserthus KF. Første styreleiar for konserthuset var Morten Jakhelln, som også leia styret for Bodø kulturhus KF.

Organisasjonsmodellar

I perioden 2012-2014 var det ein omfattande diskusjon og utgreiingar om driftsmodellar for Stormen konserthus. Spørsmålet om momsritak i drifta og momsrefusjonar knytt til byggjekostnadene stod her sentralt. Momssaka var brennheit på denne tida og skapte organisasjonsmessige utfordringar for fleire konsert- og kulturhus. Med basis i ei omfattande juridisk ekspertutgreiing om saka etablerte Bodø kommune (ved bystyrevedtak) i juni 2013 selskapet Stormen Drift AS. Dette selskapet skulle «forvalte, drifte, vedlikeholde og utvikle det nasjonale kulturbygget. Et ansvar de overtar fra Bodø kommune som eier bygget» (AN 5.6.2013). Driftsmodellen vart kalla «utleigemodellen». Det nye selskapet tilsette alt hausten 2013 folk i stillingar som teknisk sjef og administrasjonssjef. «Nå er Stormen på riktig spor», proklamerte selskapet i januar 2014 (AN 2.1.2014).

Men eit par månader etterpå er det meste snudd på hovudet. No har (nye..) skatte- og avgiftsekspertar

kommet til at Bodø kommune som eier kommer vel så godt ut av det økonomisk på avgiftssida, med at Stormen driftes av et kommunalt foretak, som Bodø Kulturhus allerede er Styre og ledelse for Bodø Kulturhus har for lenge siden signalisert at de heller ville ha

denne driftsformen. Bodø Kulturhus KF (Kommunalt Foretak) har allerede mange ansatte som innehar den nødvendige fagkunnskapen for å ta seg av drift og vedlikehold i Stormen. Nå blir det altså slik likevel.» (AN 11.3.14)

Og slik vart det. Bodø Kulturhus KF flytta inn i Stormen konserthus KF med si leiing, administrasjon og styre. Selskapet Stormen Drift AS vart ein parantes. «*Utleigemodellen*» for drift, som dette selskapet, etter kvalifiserte juristråd og vedtak i bystyret, skulle forvalte, vart erstatta av administrasjonen for BKH, som, etter råd og utgreiing frå andre juridiske ekspertar, hadde kome til at «*kompensasjonsmodellen*» for drift, var den beste for å takle dei mange utfordringane momsen stilte konserthuset overfor. Denne endringa fekk følgjer for Stormen konserthus KF. Både for drift av og innhaldet i huset.

Politisk forankring

Kor godt politisk forankra var så denne endringa? Våren 2015 var det diskusjonar kring dette i Bodø. Debatten tok skikkeleg av i vekene etter Morten Strøksnes sin artikkel «*Fra flystøy til stormende jubel*» (sjå s. 37). I eit skarpt oppfølgingsinnlegg i Avisa Nordland 19.8 trekte han mellom anna fram det mykje omtalte bråket rundt avgjerdene til enkeltpersonar i 2014 om å drive Stormen etter den såkalla «*kompensasjonsmodellen*», stikk i strid med bystyrevedtaket frå året før om å drive etter «*utleiemodellen*». Strøksnes meinte denne kuvendinga var eit uttrykk for ein «*ukultur*». Reaksjonane i Bodø var sterke. Saka kom til og med opp i bystyret. Vi fekk den første stormen kring Stormen konserthus. «Har det utviklet seg en spesielt uheldig kultur i Bodø, en kultur preget av kameraderi, nettverk, vennskap, dobbeltroller og inhabilitet?» spurde Strøksnes. Om ikkje anna gav dette fullt hus for ein stormande Stormen-debatt i ja, sjølv sagt, Stormen bibliotek. Men ingen av dei kritikken var retta mot, møtte opp til opne debatten.

Kontrollutvalet i Bodø kommune granska i 2015 saka om endring av driftsmodell for Stormen konserthus. Utvalet konkluderte i oktober 2015 med at det at ikkje er
fattet noe formelt vedtak om endring i driftsmodell, men erfarer at modellen ble justert på grunn av endrede forutsetninger. Det ble ikke lagt fram sak til bystyret slik det etter Kontrollutvalgets syn skulle vært gjort» (NRK Nordland 23.10.2015).

Stormen hadde såleis vore drifta i strid med vedtak i bystyret. Denne konklusjon fekk ingen følgjer for dei som hadde ansvaret for dette. Valet av ny organisasjonsmodell var heimla i ei juridisk utgreiing til Stormen konserthus KF frå selskapet Ernst og Young til ein kostnad av kr 564 000. Oppdraget var ikkje konkurranseutsett. «Sterkt beklagelig», sa styreleiar for konserthuset, Morten Jakhelln. Den 19. oktober, berre nokre dagar før kontrollutvalet kom med si innstilling, gav Jakhelln så melding om at han ville trekkje seg som styreleiar i samband med at bystyret denne hausten skulle nemne opp nytt styre for konserthuset.

I ein artikkel i Avisa Nordland alt 19.8 konkluderte sjefredaktør Jan-Eirik Hanssen med at Bodø har hatt godt av sprengladningene fra provokatøren Strøksnes..... Debatten har gitt god anledning til refleksjon og økt oppmerksomhet rundt handlinger som ikke tåler dagens lys. Derfor er debatten viktig og nødvendig.

Denne saka var ingen særleg god start for Stormen konserthus KF. Dei viktige avgjerdene kring styringsmodell for Stormen konserthus synest ikkje å ha vore lagde fram for husets øvste myndigheit, nemleg bystyret. Huset fekk dessutan berre éin leigetakar. Og dei mange aktuelle lokale og regionale brukargruppene for huset, var det ingen som tenkte særleg mykje på. Heller ikkje politikarane i Bodø.

Styreleiarar og direktørar

Morten Jakhelln gjekk av som styreleiar alt i oktober 2015, etter ei uroleg tid for konserthuset.

Ny styreleiar vart tidlegare ordførar, og Stormen-gudfar, Odd-Tore Fygle. Han sat som styreleiar fram til oktober 2018, då han trekte seg. Også denne avgangen fall saman med ei mykje omtalt og omstridd sak i og rundt konserthuset; den såkalla Danny Hayes-saka om ein sponsoravtale for konserthuset. Denne saka medførte at direktør Rolf-Cato Raade fekk ei skriftleg åtvaring frå styret. Innhald i og profil på konserthuset endra seg lite under styreleiarperioden til Fygle. Hans store innsats var elles å lose Stormenkvartalet fram til realisering.

Men hausten 2018 var det slutt på tolmodet. No ønskte politikarane handling i konserthuset. Dette viste bystyret ved å utnemne Arild Olsen til ny styreleiar for Stormen konserthus KF. Olsen kom til vervet etter meir enn 20 års erfaring som administrerande direktør i Private Barnehagers Landsforbund (PBL), ein organisasjon han hadde vore med å byggje opp frå starten av. Han var kjent som ein mann med stor gjennomføringskraft. Olsen hadde inga tilknytning korkje til konserthuset, Stormen-kvartalet eller kulturlivet i byen. Det var, og er, ei felles oppfatning at Olsen vart sett på styreleiarjobben for «å rydde opp» i konserthuset. Det vil seie å få slutt på bråk og uro internt i huset og å sørge for at drifta av konserthuset kom meir i samsvar med både dei administrative og kulturpolitiske retningslinjene i kommunen og med den vedtekne eigarstrategien for konserthuset våren 2018. «Det sentrale framover nå blir å få ro i rekkene og bygge opp tilliten til Stormen konserthus», sa Olsen sjølv til Avisa Nordland etter utnemninga (27.10.2018).

I mars 2019 kom den første endringa. Då gjekk Rolf-Cato Raade, etter avtale, av som direktør for konserthuset og over i ei nyskipa stilling som program- og utviklingssjef. Mange såg på dette som ei naturleg endring på grunn av den til dels sterke kritikken som hadde vorte retta mot leiarstilen til Raade, fleire av disposisjonane hans og det faktum at konserthuset under hans leiging hadde forsømt viktige delar av kulturlivet i byen.

Teknisk sjef Håvard Christensen vart i mars 2019 konstituert som ny dagleg leiar i konserthuset. Det vart kortvarig. Han trekte seg alt i mai. I juni overtok derfor styreleiar Arild Olsen sjølv stillinga som konstituert direktør. Han sat i denne fram til den nye direktøren, danske Rasmus Adrian, begynte 4. mai 2020. I mellomtida fungerte nestleiar i styret, Ida H Gaustad, som styreleiar. Rolf-Cato Raade vart så sagt opp frå stillinga som program- og utviklingssjef i april 2020. Han aksepterte ikkje oppseiinga og tok den inn for retten, der han fekk medhald. Men i byrjinga av juni 2020 vart partane samde om ein endeleg sluttavtale mellom Raade og konserthuset. Avtalen kosta konserthuset ca. 1,6 mill. kroner.

Sjefredaktør Jan-Eirik Hanssen formulerte seg slik om kvifor Arild Olsen vart peikt ut som styreleiar etter at Odd-Tore Fygle kasta korta:

Han var respektert og ble vurdert å ha de egenskapene som skulle til for å få Stormen-organisasjonen på rett kjøl. Med seg hadde han et mandat som ingen har uttalt høyt: Å kvitte seg med Rolf-Cato Raade. (AN 25.4.2020)

Dette vert stadfesta av fleire av intervjuobjekta mine i Bodø. Det er grunn til å understreke at som konstituert direktør og styreleiar for konserthuset har Arild Olsen hatt bortimot full politisk oppbacking for oppryddingsarbeid og utforminga av ny kurs for konserthuset. Bystyret nemnde han derfor opp att som styreleiar i midten av mai 2020, med 36 av 39 stemmer; der Rødt sine tre representantar stemte blankt. I 2018 hadde Raudt forresten ein Raudt-politikar som sin kandidat til styreleiarvervet.

Økonomien i konserthuset

Stormane kring konserthuset har hatt lite med økonomi å gjere. Tvert imot. Huset har hatt solide overskot. I perioden 2016-19 var omsetninga mellom 58,6 og 55,5 mill. kroner. Det

årlege tilskotet frå Bodø kommune varierte frå 21,7 til ca. 19 mill. kroner (2019). I tillegg kjem betaling frå kommunen for utførte FDV-tenester for Stormenkvartalet, inklusive biblioteket, som konserthuset har driftsansvaret for. Siste åra har denne summen vore 6,8 og 6,6 mill. kroner. Sals- og leigeinntekter for konserthuset utgjorde i 2019 26 mill. kroner. For perioden 2018-2016 var inntektene 25,1 mill., 22,4 mill. og 28,1 mill.

Talet på selde billetter til førestillingar i konserthuset har siste tre åra (2017-19) vore i overkant av 70 000 årleg. Det samla talet på (registrerte) besøkande var i 2019 118 000, litt meir enn rekorden frå byjubileumsåret 2016. Talet på arrangement i huset var i 2019 heile 826, mot rundt 550 per år 2018-2016.

Konserthuset har kvart år presentert solide «overskot» eller, som det vert kalla, «mindreforbruk». Netto driftsresultat har i perioden 2015-2019 lege mellom 8,1 og 10,8 mill. kroner. Desse midlane har i all hovudsak vorte sette av til eit disposisjonsfond for drift og vedlikehald (gjeld heile Stormen-kvartalet) og til eit mindre fond for kunstnarleg utvikling. Per 31.12.2019 stod det ca. 30 mill. kroner på FDVU-fondet og vel 9 mill. kroner på fondet for kunstnarleg utvikling. Siste åra (2017-19) har det årleg vorte brukt mellom 2,7 og 4,0 mill. kroner frå FDVU-fondet til ulike typar formål (konserthuset/biblioteket). Av det kunstnarlege fondet vart det i 2018 brukt 460 000 kroner. Elles har fondet ikkje vorte brukt til noko fram til 2020. Årsmeldingane seier ikkje noko om kvifor.

Eg finn ingen spor etter nokon offentleg lokal debatt om disponeringa av overskota/mindreforbruket hjå konserthuset. Men både for styreleiar/fungerande direktør Arild Olsen og styremedlem Gøran Aamodt (2018-2020) var den store fondsoppsamlinga eit viktig ankepunkt mot den tidlegare leiinga. Og eit argument for satsing på fleire eigenproduksjonar. Om ikkje dette skjedde, ville politikarane (sjølv sagt) kutte meir i løyvingane til huset.

6.5 Innhald og innhaldsendringar i konserthuset

I oktober 2019, mens det på ny stormar for fullt kring (ny) intern uro i konserthuset, summerer styreleiar Arild Olsen opp slik overfor Avisa Nordland:

Det er særleg tre ting vi (Stormen konserthus) ikke har vært gode nok på:

1. Barn og unge
2. Lokalt kulturliv
3. Tilgjengelighet og bruk generelt

Vi må bli bedre på alt.

Dette er ein sterk dom over delar av konserthusets verksemd i perioden 2014-19 (utan at AN-journalisten synest å ha fått det med seg). Huset har svikta overfor barn og unge, overfor det lokale kulturlivet og lagt for lite til rette for tilgjengelegheit og bruk av det store huset. Dette inneber at huset ikkje har følgd opp viktige målsetjingar i den lokale kulturpolitikken. Huset hadde få eigenproduksjonar, salane og øvingsromma var dårleg utnytta og huset nesten heilt dautt på dagtid. Konserthuset hadde heller ingen strategi eller profil overfor sentrale brukargrupper som barn og unge og lokalt (og regionalt) kulturliv. Strategien var å ikkje ha nokon strategi.

Spørsmål som dette var lenge tema i lokalpolitikken i Bodø. Men dei synest ikkje å ha vore tema i dei jamlege eigarmøta mellom leiinga for Stormen og kommuneleiinga 2016-19, vurdert ut frå referata for desse møta. Vi finn heller ingen spor etter diskusjon av slike tema i innkallingane til eller i referata frå styremøta i konserthuset for same periode.

Eit av dei første grepa konstituert direktør Arild Olsen gjorde, var å lyse ut og tilsetje i ei toårig prosjektstilling (hausten 2019) for å utvikle tiltak og samarbeid med barn og unge. Det var lagt merke til. Arild Olsen nemner elles i intervju med Avisa Nordland 26. september 2019 at det no skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon av konserthuset «for å sikre at Stormen Konserthus' drift er i henhold til Bodø kommunes eierstrategi.» Dette var viktig. For Bodø kommune hadde alt i mai 2018 vedteke nye eigarstrategiar for kommunens tre kommunale føretak (KF-ar). Utan at dette gav særleg gjenlyd i lokalpressa. Og utan at konserthuset i første omgang synest å ha brydd seg særleg med saka.

Eigarstrategi

Forholdet mellom dei tre kommunale føretaka i Bodø og kommunen vart presisert i eit omfattande dokument PS 48/2018 «*Eierstrategier og retningslinjer for samhandling mellom kommunale foretak og basisorganisasjonen i Bodø kommune*», vedteke av bystyret i mai 2018. Bakgrunnen for dette var mellom anna at føretaka, også konserthuset, i nokon grad hadde opptredd som ein sjølvstendig aktør, og i mindre grad som ein forlenga del av kommunens basisorganisasjon. Det var eit ønske frå kommunen at samhandlinga vart betre. Kommunen såg også behovet for å klargjere at føretaka er ein del av «kommunefamilien» og skal drivast i samsvar med kommunens økonomiplan, samt vedtak og retningslinjer fastsette av bystyret. Dessutan ønskte kommunen ei tydeleggjering av eigarstrategiane for dei tre kommunale føretaka. Konserthuset var godt orientert om dette arbeidet alt våren 2017.

Møte med Komité for samfunnsutvikling

11. mars 2020 held så fungerande direktør Olsen, saman med prosjektleiar for satsinga på barn, unge og lokalt kulturliv, Alice Sivertsen, ei orientering for kommunens *Komité for samfunnsutvikling*. Tema her er nettopp eigarstrategiar, retningslinjer for samhandling med andre, og ulike nysatsingar i konserthuset. Denne orienteringa var viktig og vart også venta på. Ho vart då også svært godt motteken av politikarane. Eg intervjuar leiaren for komiteen, Randolv Gryt, SV, eit par dagar dette møtet. Gryt skryter av Olsen:

Han har ansatt en person, Alice Sivertsen, som skal være bindeleddet mellom konserthuset og det lokale kulturlivet, det er lurt og et smart dramatisk grep. Så har han åpnet opp de salene og øvingsrommene som nå står tomme når ikke Arktisk filharmoni bruker dem. Han står faktisk for kulturpolitiske synspunkter som matcher veldig de jeg står for

I si orientering til komiteen for understreka Olsen følgjande punkt:

1. Stormen KF skal legge Bodø kommunes overordnede kulturstrategi og politikk til grunn for alt sitt arbeid
2. Stormen KF skal være en møteplass, smeltedigel og formidlingsarena som løfter frem lokal kunst og kulturproduksjon, samtidig som det er en arena for presentasjon av stjerner i verdensklasse
3. Stormen KF skal videreutvikles som en attraktiv møteplass for kommunens innbyggere

Det blei vidare lagt vekt på at det er vedtektsfesta at konserthuset skal fremme interessa for musikk og scenekunst i regionen, med utgangspunkt i å vere ei drivkraft for å vidareutvikle det lokale kulturlivet. Samtidig vart det problematisert at konserthuset har ledig kapasitet/ledige salar, at utleigepreisar for lokalt kulturliv er under vurdering og at hotell og serveringsstader i byen er medspelarar og ikkje konkurrentar. Dessutan peikte ein på følgjande retningslinjer i arbeidet mot barn, unge og det lokale kulturlivet:

- Jobbe aktivt ut mot lokalt kulturliv
- Sørge for at det lokale kulturlivet har optimale rammevilkår
- Sørge for masse aktivitet for barn og unge
- Og fülle huset med aktivitet, spesielt i dei periodane når huset står mykje tomt.
- Leggje til rette for preproduksjon på huset

Det vart også trekt fram ei rekkje nye og spennande lokale og regionale samarbeidsprosjekt mellom konserthuset og kultur- og foreiningsliv som alt var utvikla, var i gang eller som var under arbeid.

Kursendring

Det heile signaliserte at ei lenge etterlyst kursendring av konserthusets profil no var i snøgg utvikling. Arild Olsen gjorde det heilt klart og tydeleg at det også er ei oppgåve for Stormen konserthus KF å vere ei drivkraft for å videreutvikle det lokale kulturlivet, å sikre utvikling av lokale band og musikkutøvarar og skape eit miljø for både profesjonelle og ikkje-profesjonelle aktørar. Dette var ny musikk i øyra til mange av medlemmene i kommunens Komité for samfunnsutvikling. Så kan vi berre lure på kva dei same politikarane tenkte då dei to år tidlegare vedtok den nye eigarstrategien for konserthuset. For moro skuld, kanskje?

Ordførar Pinnerød, som eg intervjuar midt i mai 2020, var glad for kursendringa. Ho kommenterte det heile slik overfor meg:

Ja, jeg får tilbakemelding fra komiteene.. Og ja, dette ble veldig godt mottatt, og de var imponert, og selv deres egne som kjenner godt til arbeidet som er der, ble veldig fornøyd og synes det var veldig bra. Så det er ingen friksjon mellom kommunen og Konserthuset nu.

Men kvifor det tok så lang tid før denne (sterkt) ønska kursendringa kom, ville den same ordføraren ikkje svare på. Ho sa dette:

Jeg er veldig optimistisk nu. For det første er jeg veldig glad for at vi har fått landa og fått på plass han Rasmus, som ny direktør. Vi har et godt styre, og det er nettopp valgt, vi kommer til å utvide med en representant.. (held Arild Olsen fram?) Ja, Arild fortsetter som styreleder. (Endringar no: Nordnorsk jazzsenter og Bodø Rhythm Group flyttar inn...?) Vi har jo ønska det hele veien. Og det var viktig for oss at huset skal bli et sånt hus og ha rom for disse. Æ trur at det skaper entusiasme. Ja, og så er jeg veldig optimistisk, det er så flinke produsenter og teknikere der Og jeg synes at Stormen har fått ufortjent lite ros for alt det gode de har gjort, om jeg skal si det sånn...

Utover dette var det også venta at det nye styret ville gripe aktivt fatt dei mange interne styrings- og leiingsutfordringane i konserthuset, som år etter år vart avspegla i spaltene i lokalavisa. Huset har vore prega av sterke personalkonfliktar. Gjentekne undersøkingar har vist dårleg arbeidsmiljø. Det har også vore brot på ulike lover på skattelov, rekneskapslov, arbeidsmiljølov og alkohollov. Det har vore dårleg kontroll på varelageret, bl.a. når det gjeld alkohol. Delar av drifta har ikkje vore i samsvar med bestillinga frå eigaren, altså Bodø kommune. Saka i 2018 om inngåing av sponsorkontrakt mellom konserthuset og den amerikanske forretningsmannen Danny Hayes, skapte også stort oppstuss i Bodø. Sjefredaktør Hanssen i Avisa Nordland formulerte seg i april 2020 under overskrifta «Nå må det være nok»:

Stormen har vært en suksess med fulle hus og kulturelle høydepunkter. Dessverre har Stormen konserthus blitt like kjent for vedvarende bråk og konflikter. Også utenfor Bodøs grenser. Forfatter og spaltist Morten Strøksnes har rett når han spissformulert hevder at konserthuset er blitt mer norgesberømt for ukultur enn kultur (AN 24.4.2020).

Saker som dette har blitt slått stort opp i dei lokale media, særleg i Avisa Nordland. Når dette så skjer gong etter gong over fleire år, rokkar det sjølvsagt ved folks tillit og tiltru til konserthuset. Husets omdøme har heilt klart vorte svekka. Kulturleiar Helge Grønmo i AN utropte forresten 2018 til «*det kulturelle rabalderåret*» i Bodø (AN 2.1.2019).

Finansiering av Kulturkvartalet

Vi har ovanfor gitt eit kortfatta oversyn over driftsøkonomien i Stormen konserthus. Huset har gått med store overskot, eller mindreforbruk, i perioden 2016-19. Ved utgangen av 2019 hadde huset samla opp eit kunstnarleg utviklingsfond på ca. ni million kroner. Stormane kring Stormen har ikkje dreidd seg om driftsøkonomien i konserthuset. Heller ikkje finansieringa har vore noko synleg stridstema etter at husa vart bygde og tekne i bruk.

Byggjebudsjettet for Kulturkvartalet var 1 181 million kroner (inklusive prisstigning).

Finansieringa var slik:

- | | |
|--------------------|-------------------|
| • Statstilskot | 161 mill. |
| • DA-midlar/fylket | 200 mill. |
| • Momskompensasjon | 167 mill. |
| • Kraftpengar | 348 mill. |
| • Kapitalfondet | 60 mill. |
| • Lånebehov | 245 mill. |
| SUM | 1181 mill. |

(DA-midlar: Kompensasjonsordning for differensiert arbeidsgivaravgift, der Nordland fylkeskommune fekk overført midlar frå Kommunaldepartementet for å gjennomføre utviklingstiltak for Bodø og Nordland.)

(Kraftpengar: sal av kommunale aksjar i selskapet Salten kraftsamband AS)

Kommunen lånte altså 245 mill. kroner. Låneopptaket var mindre enn tilsvarende låneopptak for Stjørdal og Hamar kommune. På den andre sida har inntektene frå sal av aksjar i Salten kraftsamband mange alternative bruksmåtar. I mindre utstrekning gjeld dette også DA-midlane.

Fordelinga av kostnadene på tiltak var opphavleg slik

- Stormen Bibliotek og Litteraturhus - 328 mill.
- Stormen Teater- og Konserthus med Sinus - 689 mill.
- Parkeringsanlegg - 109 mill.
- Byrom og gater - 51 mill.
- Arbeid med organisering og innhald - 4 mill.

Totalt: 1 181 mill.

Parkeringsanlegget vart ikkje noko av. Eg har ikkje klart å få fram informasjon om kva for tiltak dei 109 mill. som var sette av til parkeringsanlegg, vart nytta til. Eg har fleire gonger, utan hell, vendt meg til rådmann og til økonomidirektør i kommunen for å få svar på dette. Det same gjeld spørsmål om storleik på og finansiering av kapitalutgiftene i samband med Kulturkvartalet.

6.6 Ny kurs: «Være det beste konserthus vi kan for byen og regionen»

Den nye direktøren for konserthuset, danske Rasmus Adrian, kom altså på plass 4. mai 2020. Arild Olsen heldt fram som nyoppnemnt styreleiar. Den tidlegare direktøren, Rolf-Cato Raade, forsvann ut av Stormen i juni 2020 etter sluttavtalen. Direktør Adrian var sjølv sagt innforstått med uroa og stormane i Stormen før han tok imot stillingane. Han har også skjønt og teke til seg dei politiske signala. Han summerte opp slik i Avisa Nordland i november 2020:

Nå er det satt en strek internt. At det har vært stille i det siste, er ikke tilfeldig. Min fornemmelse er at vi har lagt noen dårlige opplevelser bak oss. I en så stor virksomhet, vil det nærmest alltid være noen konflikter. Men vi er kommet videre. Vi snakker om det som er viktig.

Med det meiner han rolla Stormen skal spele for Bodø som Europeisk kulturhovudstad 2024. Og kva huset skal være for omgivnadene.

Uten å kjenne historien i detalj, fornemmer Adrian at noe gikk tapt for bodøværingene på veien fra kulturhus til konserthus. I alle tilfeller vil han bort fra opplevelsen av at Stormen er for finkulturen. - Målet må dreies fra å skape et av de førende konserthus i Norge, til å være det beste konserthus vi kan for byen og regionen (AN 7.11.2020).

Adrian finn seg godt til rette med eigarstrategien for konserthuset. Det var, seier han til meg, «nærmest full overensstemmelse» mellom denne og hans eige syn på og oppfatningar av den rolla konserthuset skal spele i og for Bodø og regionen rundt, og for dei ulike mål- og brukargrubbene. Samtidig førebur konserthuset seg på mange måtar også med fleire prosjekt på oppgåva Bodø har som Europeisk kulturhovudstad 2024.

Ei rekkje nye tiltak er no sette i verk og/eller er under utvikling/planlegging i konserthuset:

- Alt rundt årskiftet 2019/20 vart det tilsett i eiga stilling (100 pst.) som prosjektleiar for konserthusets satsing på barn og unge i lokalt kulturliv.
- Eit av den nye direktørens første gjeremål var å ta kontakt med og gjere seg kjent med så mange lokale kulturaktørar som muleg.
- Nyskapinga Sinus Lokalt er i gang; for å skape fornya glød og kraft på Sinus ved å sleppe til og løfte fram lokale band i stort monn framover. Både øvings- og konsertarena.
- Skiping av kulturvandringar i Bodø, der ei rekkje lokale artistar medverkar på ein vandretur gjennom Bodø med varierende kulturopplevingar.
- Utarbeiding av ny profil for Stormenkvartalet, i samarbeid med biblioteket. Ein tydelegare profil som får fram kven som faktisk kommuniserer, om det er biblioteket, konserthuset eller det nye samarbeidet *Stormenkvartalet*.
- Konserthuset og biblioteket er godt i gang med planlegging av aktivitetar, festivalar og arrangement som kan gjerast i regi av samarbeidet Stormenkvartalet. Merkenamnet skal bli eit løft for framtidige store og spennande fellesarrangement.
- Samarbeid med Bærum konserthus. Saman med partnerar frå seks andre europeiske land er målet å realisere storskala-produksjonar og formidling av dans og scenekunst med ungdom som målgruppe på tvers av kulturhusa.
- Oppgradering av foajéområdet framfor inngangane til Store sal våren 2020. Det er bygd ein ny bar for betre å kunne yte service til eit større publikum når salens kapasitet er fullt utnytta.
- Legg planar for kafé/servering, inkl. mulegheit for uteservering i sommarperioden. Dette vil tidlegast skje frå sommaren 2022.
- Prosjekt Kulturambulansen; mobil konsertarena som rykkjer ut på bestilling.
- Fargespill Bodø. Samarbeid med Arktisk filharmoni, Nordnorsk jazzsenter, Bodø Rhythm Group, Stormen bibliotek og Norsk Folkehjelp. Del av Bodø 2024.
- Sinuscafe, initiativ i samarbeid med Bodø kommune etablert eit nytt initiativ retta mot ungdom 13-18 år. Kafeen er opne tysdag 17-22.
- Stormen er med i Eurofestivalprosjektet Big Bang, «musical adventures for young audiences in Europe», der 17 byar i Europa deltek. Laurdag 27. november 2021 skal det vere klart for Big Bang-festival i Bodø.
- ”Lørdag i Stormen”. Retta mot barn og familiar, laurdag ettermiddag, med eit variert tilbod med mat, konsertar, mindre førestillingar og fellesaktivitetar.
- Ny prosjektstilling (tre år, 100 pst.) som musikkprodusent, spesiell rolle med fokus på å utvikle musikkfeltet i Bodø og Nordland. Retta inn mot Bodø 2024.

- Ny stilling (fast, 100 pst.) som produsent for dans og scenekunst. Skal utvikle Stormens kunstnarlege profil, med ei spesiell rolle for å utvikle dansefeltet i Bodø og Nordland. Retta inn mot Bodø 2024.
- Ny stilling (fast, 100 pst.) som kommunikasjonssjef. Ansvar for konserthusets merkevarebygging, samt utvikling av kommunikasjons- og marknadsføringsstrategi.
- Stormen Konserthus skal utvikle ein eigen kunstnarleg profil, med eigenproduksjon av musikk- og scenekunst.

Lista talar for seg sjølv. Stormen konserthus KF tek steget frå å vere eit nesten reint utleigehus til å (ville..) bli ein viktig kulturprodusent i Bodø. Huset har teke den kommunale eigarstrategien frå 2018 på fullt alvor. Mange av tiltaka er retta mot barn og unge, eit område (og ei gruppe) som ifølgje Adrian «har vært forsømt i mange år.» Fleire av prosjekta og tiltaka er utvikla i samarbeid med andre aktørar, både lokalt/regionalt, og nasjonalt/internasjonalt. Konserthuset og biblioteket samhandlar og samarbeider godt. Både Bodø Rhythm Group og Nordnorsk jazzsenter vert verande i biblioteket. Alle synest å vere tilfreds med denne løysinga.

Bodø 2024 er viktig for planlegginga av aktivitetar og program for konserthuset, og også for Stormen bibliotek og for det nye «fellestiltaket» Stormenkvartalet. Bodø som Europeisk kulturhovudstad 2024 er for Adrian er «avsindig deilig» og svært utfordrande og spennande å styre imot. Tilsetjing av produsentar er ein viktig del av ei strategisk oppbygging av ei avdeling i konserthuset for program og utvikling, med fire produsentar; for dans/scene, for musikk (klassisk/jazz), for pop/rock og for barn/unge. For direktøren er dette særskild viktig for utviklinga av konserthusets kunstnarlege profil og kvalitet. Dette kan ein ikkje overlate til marknaden, seier han.

Så står det att å sjå korleis og i kva omfang dei mange tiltaka nemnde ovanfor, vert realiserte. Og kor mykje midlar kommunen for sin del vil gå inn med for å få realisert dette. Det heile er også avhengig av finansieringa av prosjektet Bodø Europeisk kulturhovudstad 2024.

6.7 Oppsummering

To vakre, velutrusta, kostbare og omstridde kulturbygg i Bodø sentrum dannar ramma for forteljninga om Kulturkvartalet Stormen. Eit bibliotekbygg som har lykkast godt, og som byen har gjort til sitt. Eit konserthus som det har storma kring frå før starten og heilt fram til 2020. Det hjelpte lite at Bodø fekk seg eit av dei beste, mest velutstyrte og flottaste konserthusa i Norden. Konserthuset har rett nok gitt byen mange store kunstnarlege og musikalske opplevingar i meir enn seks år, og verdskjende musikarar og klassiske orkester av det ypparste slaget har vitja byen. Men andre oppgåver og forpliktelsar blei forsømte og drifta av konserthuset har vore prega av mykje støyande uro over lang tid.

Kvifor gjekk det slik? Og kvifor tok det så lang tid å kome ut av uføret?

Svaret på det første spørsmålet verkar ganske opplagt: *manglande planlegging*. Eller med andre ord: det synest å ha vorte heilt opp til leiinga for Bodø kulturhus KF, som også vart leiing for Stormen konserthus KF, å avgjere kven som skulle verte leigetakarar i det nye huset, kva for programprofil og strategi dette huset skulle ha og kva for målgrupper huset skulle tilgodesjå. Korkje politikarane i Bodø eller kulturlivet i byen og omlandet har tilsynelatande hatt nokon særleg innverknad på dette. Mens ein i Hamar og, særleg, i Stjørdal starta eit involverande og forpliktande planleggingsarbeid av innhald og organisering i god tid før kulturhusa var på teiknebrettet, synest dette arbeidet å ha vorte forsømt i Bodø. Kva

skjedde forresten med idear og innspel frå dei (mange) gruppene som synest å ha kome i sving etter samrådsmøtet i 2011? Vart det kanskje slik at «kompensasjonsmodellen» for drift trumfa det meste, og blei bestemmande både for innhaldet i og organiseringa av Stormen konserthus KF?

Det tok lang tid å kome ut av uføret fordi ingen synest å ta ansvaret for det. Den vedvarande uroa i konserthuset, den manglande evna og viljen til å satse på barn og unge, eller det å kome det lokale og regionale kulturlivet i møte, var «alle» klar over. Men ingen gjorde noko med det. Ikkje styret, ikkje eigaren. I offisielle protokollar av ulike slag finst ingen spor av den ulmande misnøya. I det minste kunne og burde den øvste politiske og administrative leiinga i kommunen ha sagt frå eller gripe inn. Til slutt valde kommunen den enklaste utvegen: dei henta inn ein handlekraftig kar utanfrå, for å få gjort den jobben dei sjølve ikkje makta. Arild Olsen tok på seg denne utakksame jobben hausten 2018. Har brukte rundt 1 1/2 år å få jobben gjort. Då var den gamle direktøren borte. Ein ny direktør som omfamna eigarstrategien, kom på plass. Kor mykje jobben kosta Arild Olsen personleg, veit eg ikkje. Han får uansett mykje vellæte frå både oppdragsgivar og frå kulturlivet i byen.

Historia om Stormen konserthus er ikkje noko dei leiande politikarane og topp-administrasjonen i Bodø by bør ha på skrytelistas si. Dei har vore fråverande. Styringsmodellen med eit konserthus organisert som eit kommunalt føretak har i dette tilfellet heller ikkje vist seg særleg tenleg. Eigarane, det vil seie kommuneleiinga, abdiserte. Det er nesten ikkje til tru, når ein veit at dette gjaldt forvaltninga av den aller største kulturinvesteringa nokon gong i Nordland. Heldigvis tydeleggjer den nye eigarstrategien med retningslinjer for samhandling, både ansvar og plikter for konserthuset. Men når det no er så pass tydeleggjort at konserthuset skal ha rekkje ei kulturelle forpliktelsar overfor lokalsamfunnet, kunne ein samtidig ha vurdert å la den kommunale kulturforvaltninga overta styringa av huset. Det vil seie avvikle Stormen konserthus som kommunalt føretak, og i staden late huset verte forvalta av den kommunale kulturetaten. For å vere på den sikre sida.

Direktør Rolf-Cato Raade vart den store syndebukken i den årelange striden i og kring Stormen konserthus. Men som peikt på ovanfor, må han dele denne tvilsame æra med fleire andre. Konserthuset braut mange reglar og styringsprinsipp, utan at dette fekk konsekvensar for nokon. Systemsvikt? Kanskje det. Truleg ligg nok ein (god) del av forklaringa på kvifor oppryddinga har teke så lang tid, i det Morten Strøksnes peikte på alt i 2015: kultur, kameraderi, nettverk, vernetenester, maktelite i leiing og styre i byen. Både i konserthuset, i kulturlivet og i kommunen. Bodø er ein liten by.

Det ser unekteleg lovande ut no. Konserthuset har fått ein direktør, heilt utanfrå, som omfamnar eigarstrategien, spelar på lag med alle gode krefter i det lokale og regionale kulturlivet og vil gjere konserthuset til eit kulturproduserande hus. Men kva kommuneleiinga eventuelt har lært av historia om Stormen konserthus KF 2014-2020, er noko uklårt.

7 Avsluttande refleksjonar

I denne rapporten har vi fortalt historia om utviklinga av tre omstridde og relativt kostbare kulturbygg i tre norske småbyar i ulike delar av landet: Hamar, Bodø og Stjørdal. Dei første kulturhusideane kom på bordet rundt 1990 i alle byane. 25 år seinare, i 2014 og 2015, vart bygga realiserte og tekne i bruk. Vedtak om bygging vart gjorde i perioden 2010-2012. Prosjekta blei borne fram av høgst ulike politiske konstallasjonar i dei tre byane. Alle husa vart medvite og strategisk plasserte på sentrale tomter midt i bykjernen. Kulturbygga har vorte

signalbygg i småbyane. Dette gjeld ikkje minst dei to husa i Kulturkvartalet Stormen i Bodø. Men då vinnarutkastet for prosjektet (Urbane figurer) vart presentert for folket i Bodø i 2008/09, meinte mange at bygga ville verte ein skamplott for byen.

Ei vellykka satsing

Under planleggings- og byggeperioden for desse tre kulturhusprosjekta gjekk diskusjonane høgt både lokalt og nasjonalt. Dette er gjort greie for i dei to innleiande kapitla. Men etter kvart som bygga vart ferdige og tekne i bruk, stilna diskusjonen. Den ivrigaste kritikaren av dei alle, pensjonisten Einar Lang-Ree (f. 1928) på Hamar, kapitulerte våren 2016, og bad kulturhuset om orsaking for all kritikken han kome med. Han avslutta slik: «Nå er det opp til byens borgere og de i nærmeste omegn å ta huset i bruk! Nå må vårt inderlige håp være at alle ting lykkes. At kulturhuset blir en suksess.»

Min konklusjon er då også at kulturhussatsinga i Hamar, Bodø og Stjørdal har vore vellykka. Dette går fram av kap. 4-6. Folket i byane og det nærmaste omlandet har verkeleg teke husa i bruk, enten det er som publikum, som deltakar, som kunst- og kulturutøvar eller (berre) som ein fin plass å vere. At publikum set pris på og fyller salane og scenene i husa er no éin ting. Like viktig er det at alle leigetakarane og brukarane der; biblioteka, kulturskulane, song- og musikklivet, organisasjonane, kinoen, kyrkja (i Kimen), teateret (i Hamar) osv. har funne seg til rette og vert brukte. Det har dei og det vert dei. Folk kjenner seg velkomne i husa og føler at husa også tilbyr noko for dei. Ei sterk lokal og regional forankring, særleg i kulturlivet, er eit vere eller ikkje-vere for dei regionale kulturhusa. Det tok dessverre altfor lang tid før Stormen konserthus skjønnte dette. Det var ein politisk «blunder» som gir konserthussatsinga i Bodø ein alvorleg bismak. Men no er også dei på rett kurs.

Etter kvart som husa vart opna, har altså folket gjennom aktiv bruk vist at dei har sett pris på dei nye tilboda. At husa var dyre og investeringane store, har ikkje gått i gløymeboke, men det synest å vere lite debatt om dette i dag, kanskje med eit visst unntak for Stjørdal. For her var temperaturen høgast og motsetningane sterkast i planleggings- og byggeperioden. Og kulturhusøkonomien er framleis ikkje så transparent som den kunne vere. Det rokkar likevel ikkje ved konklusjonen min om at kulturhussatsinga i Stjørdal samla sett er den mest vellykka, jf. avsnittet nedanfor. Men generelt har det i dei tre småbyane ikkje vore mykje snakk om kostnadene ved drifta av kulturbygga. I Bodø har det likevel av naturlege grunnar vore nokre kutt i konserthusbudsjettet. Faktisk også i budsjettet for biblioteket.

Viktigaste suksessfaktor: forpliktande planlegging og planlagt rekruttering

Innleiingsvis i kap. 2 spurte eg om det finst *suksessfaktorar* som avgjer om ein lykkast eller mislykkast med kulturhusinvesteringane. Min konklusjon etter å ha sett nærmare på kulturhusutviklinga i Hamar, Bodø og Stjørdal, er eit opplagt ja. Det finst nokre opplagde suksessfaktorar.

Det er to openberre grunnar til at ein i Stjørdal lykkast så godt med Kimen kulturhus. Den mest tydelege grunnen er 1) langvarig, forpliktande og inkluderande planlegging. At den Sp-leia koalisjonen bak kulturhuset klarte å lirke på plass ei stilling som kulturhusplanleggjar (med Jomar Ertsgaard) frå 1.1.2006, var her viktig. Kulturlivet i sine mange fasettar vart inkluderte i planarbeidet. Det vart også tidleg klargjort kva for type kulturhus ein ønskte seg. Huset fekk då også eit svært variert innhald, meir enn kanskje noko anna kulturhus. Alt dette visste ein når kulturhuset vart opna. Men god planlegging i seg sjølv er likevel ingen garanti for suksess. Den må følgjast opp med 2) rekruttering av kulturhusleiarar og anna

nøkkelpersonale som skjønar «teikninga», det vil seie dei må assosiere seg med dei verdiar, ambisjonar og føremål som ligg til grunn for etableringa av kulturhuset.

Dette var ein medvitne om i Stjørdal. Vi hadde heile tida med oss Ole Vig og det han stod for, folkeopplysning og danning, fortel Jomar Erstgaard. Kulturhusprosessen i kommunen gjekk i slutfasen også parallelt med oppbygginga av ein ny og eigen kommunal kulturetat. Prosjektet Kultorg 2015, leia av Ertsgaard, var viktig. Heilt medvite vart kulturetaten plassert i kulturhuset. Ved rekruttering til stillinga som kommunal kultursjef blei det lagt betydeleg vekt på å finne tak i person(ar) som skjønnte kva slags kulturhus Kimen var meint å verte. Det lykkast ein med. Den tilsette kulturhussjefen Jarle Førde tok «tonen» tidleg og skjønnte kva for type kulturhus han som kultursjef fekk det øvste ansvaret for, og kva for brukarar som skulle prioriterast. Dessutan fekk han med seg Jomar Ertsgaard som leiar av Eining for kulturproduksjon i kulturhuset. Det var heller ingen tvil om at kulturhuset skulle vere ein del av den kommunale kulturforvaltninga, og ikkje noko kommunalt føretak eller aksjeselskap.

Etableringa av det innholdsrike Kimen kulturhus er eit godt døme på målretta og effektiv kulturplanlegging. Lite synest å ha vorte overlata til tilfeldighetene. Det må også leggjast til at det var politisk viktig for den mangeårige borgarlege koalisjonen, ikkje minst for Sp og ordførar Vigdenes, at Kimen kulturhus skulle stå fram som eit vellykka prosjekt. Derfor har også den politiske oppfølginga i etterkant vore relativt tett. Men ikkje plagsam tett.

Også i Hamar hadde politikarane eit tydeleg siktemål med kulturhuset. Det skulle vere folkeleg og appellere til breie grupper. Dette synest å ha vorte kommunisert godt, både utetter og truleg innerter. Men planlegginga av og kring kulturhuset i Hamar synest ikkje å ha vore like forpliktande som i Stjørdal. Det tilsette kulturhussjefen viste seg å ha andre førestillingar om kva kulturhuset skulle vere enn det kommuneleiinga og mesteparten av «hamarsingene» hadde. Systemsvikt eller planleggingssvikt? I Stjørdal var ein medvitne om at slikt kunne skje og hadde sikra seg mot denne type feilsteg. Hamar makta dei det ikkje. Det fekk dei svi for.

Om Kimen kulturhus står fram som eit døme på at ein prosess med god og inkluderande planlegging saman med oppfølgjande og målretta rekruttering, gir eit godt og vilja resultat, så kan *Stormen konserthus* vere eit døme på det motsette. Då huset skulle takast i bruk hausten 2014, var det uklårt kva for type hus konserthuset skulle vere. Kven skulle inn i huset? Skulle huset ha særlege forpliktelsar overfor det lokale og regionale kulturlivet? Var barn og unge i regionen ei prioritert målgruppe? Eller var det kanskje ikkje konserthusets oppgåve å ivareta allmenne kulturhusfunksjonar? Ingen visste heilt. Ulike arbeidsgrupper hadde rett nok vore i sving og jobba med slike spørsmål. Men ingenting var bestemt. Då vart det utfallet at konserthusleiinga, ført direkte over frå Bodø kulturhus KF utan mykje diskusjon, aleine avgjorde innhaldet i, profil og retning på konserthuset, utan særlege føringar å halde seg til. Men kvifor abdiserte Bodø-politikarane i denne viktige innleiande fasen? Først i 2017/18 utarbeidde politikarane ein eigarstrategi for Stormen konserthus KF. Denne strategien er bortimot overtydeleg på kva slags og kor mange kulturelle forpliktelsar konserthuset skal ha overfor lokalsamfunnet. Anar vi her kanskje spor av dårleg samvit hos kulturpolitikarane i Bodø?

Det kommersielle og det lokalt/regionalt forankra

I kapittel 2 har vi også nemnt spørsmålet om korleis kulturhusa skal/kan finne balansen mellom lokale/regionale og reint kommersielle kulturytringar. Kimen kulturhus er i det store og heile bygt opp kring og med arrangement med lokal eller regional forankring. Dette gjaldt i 2019 heile 94 pst. av alle arrangementa, rundt 800 med stort og smått. Berre seks prosent av

desse var (reint) «kommersielle», av typen konsertar med E6-artistar, som til dømes Hellbillies på turne, Halvdan Sivertsen og slike omreisande kjende artistar. Det får då vere måte på å vere lokalt og regionalt forankra, tenkjer du kanskje? Men tala frå Kimen viser også at kulturhuset har vorte svært populært blant mange kulturaktørar i regionen, som i aukande grad kjøper seg inn og legg eigne arrangement dit. Vi nemnde Stjørdal seniorforum og Opera Trøndelag som har vorte storbrukarar av Kimen kulturhus. Vi nemnde også Erland Dalen og hans kor Damenenes Aften og deira bruk av Hamar kulturhus. Gode døme på aktiv og stimulerande bruk av regionale kulturhus.

På denne måten vert kulturhusa sjølve aktive (med)kulturskaparar, ikkje berre formidlarar. Men folket forlangar sjølvst og også at dei store salane og scenene i kulturhusa skal gje plass til kjende og kjære artistar på turné langs E6 eller andre vegar. Berre så det er sagt. Å seie nei til slike artistar, slik den første leiinga for Hamar kulturhus gjorde, er ein form for kulturell arroganse som kulturhus helst ikkje skal vere kjende for.

Kombinasjonen mellom det kommersielle og populære artisttilbodet på den eine sida og det mangesidige lokalt og regionalt forankra kulturtilbodet på den andre sida, er ein balansegang alle kulturhus veit om. Det kan verke som at Kimen har makta denne balansen rimeleg godt. Truleg Hamar også. Men Hamar sine eigenproduksjonar har ikkje akkurat treft det lokale publikummet. Stormen konserthus valde på si side å vere relativt avvisande til ein stor del av det regionalt og lokalt forankra tilbodet. No er denne feilen i ferd med å verte retta opp. Også det regionale *KONSERThuset* erkjenner no sine lokale og regionale kulturelle forpliktelsar, og utviklar fleire samarbeidstiltak med lokale og regionale kulturaktørar. Desse forpliktelsane er faktisk også éin av berebjelkane i den bystyrevedtekne eigarstrategien.

Regionale profesjonelle kulturhus bidreg altså til stimulans og utvikling og høgare profesjonalitet i det lokale og regionale kulturlivet. Opera Trøndelag legg beslag på nesten heile Kimen i tre veker kvar vår. Elevar frå kulturskulen deltek. Erland Dalen og hans kor «Damenes Aften» samlar fulle hus med sine populærmusikkshow ei heil veke. Fleire andre burde tore å satse slik, meiner Dalen. Leige storesalen, altså! *Gode kulturhus har og skal ha mange ringverknader for det lokale kulturlivet. Gode kulturhus skapar langt fleire kulturelle ringverknader enn økonomiske ringverknader!* I mitt prosjekt har dei sistnemnde ikkje ein gong vore tema. Men alle tre kulturhusa er strategisk plassert midt i sentrum av byane og bidreg kvar på sin måte til eit meir levande og attraktivt sentrum. I særleg grad gjeld dette Kimen som har fleire aktivitetar og hyser fleire institusjonar enn dei andre husa. Konserthuset i Bodø har derimot så langt stort sett vore eit dautt hus på dagtid. Det skal ein også endre på no. Stormen bibliotek, på den andre sida, er fullt av folk nesten heile dagane og mange av kveldane.

Økonomiske forhold

I det nasjonale ordskiftet 2010-14 om bygginga av dei tre kulturhusa som er tema for denne rapporten, var det mykje snakk om økonomi og kostnader, og om det var folk og aktivitetar nok til å fylle husa. Fanst det verkeleg eit behov for slike (store) hus? Ville kommunane klare å bere dei auka kostnadene?

Når det gjaldt *økonomi*, dreidde dette seg mest om byggjekostnader og den mulege kommunale finansieringa. Hadde kommunane verkeleg råd til slike hus? Vi har ovanfor vist at Bodø, Stjørdal og Hamar har lånt 245, 389 og 441 mill. kroner til bygginga av kulturhusa. Stormen hadde også statstilskot (161 mill.) til bygginga, og skaffa dessutan 350 mill. kroner ved sal av kommunale aksjar i eit lokalt kraftselskap. Denne summen har sjølvst alternative

bruksmåtar, medan statstilskotet var øyremerkt Stormen. Hamar kulturhus har ein i hovudsak statleg finansierte stor leigetakar (Teater Innlandet). Kimen har ingen statleg leigetakar eller statlege tilskot. Men Den Norske Kyrkja eig sjølv sin del av kulturhuset (utskilt med eige gards- og bruksnummer; ca. 40 mill. kroner) og betalar for vedlikehald og leige av kontorlokale. I etterkant har det vore relativt lite fokus på dei auka kapitalutgiftene som kulturhusa medfører for kommunane. I 2019 hadde norske kommunar i snitt langsiktig gjeld (unnateke pensjonsforpliktelsar) per innbyggjar på ca. kr 95 000. Bodø hadde kr 122 000, Stjørdal kr 109 000 og Hamar kr 118 000. Kor stor del kulturhusgjelda utgjer av den samla kommunale langsiktige gjelda i dei tre kommunane, veit eg ikkje.

Når det gjeld *driftsøkonomien* for dei tre husa, er det gitt eit lite oversyn over dette i kapittel 4-6. Her går det fram at konserthuset i Bodø kostar kommunen rundt knapt 20 millionar kroner i året i driftsstøtte. Hamar kommune yter rundt knapt 12 mill. kroner i driftsstøtte til Hamar kulturhus. I Bodø har dei kommunale tilskota vorte reduserte, bl.a. med tilvising til store driftsoverskot i konserthuset og til det store fondet for kunstnarleg utvikling. Når det gjeld Kimen kulturhus, går det ikkje fram av rekneskapen for kulturhuset kor stor den samla driftsstøtta til Kimen er, sidan utgifter til reinhald og vaktmeistertenester vert bokført under Etat for teknisk drift. Det burde ikkje by på særlege problem å ta desse postane med i rekneskapen for kulturhuset. Trekantforholdet mellom kommunen, eigarselskapet Stjørdal kulturutvikling AS og kulturhuset gjer det også problematisk å få alle tala på bordet. Første heile driftsåret, 2016, var det ein del diskusjon om kostnadene ved drifta av Kimen. Fram til det siste har det dessutan frå opposisjonen i kommunen, og i pressa, vorte hevda at summen av meirkostnader ved Kimen og det at kommunen ikkje har eigedomsskatt, har medført at kommunen går på sparebluss når det gjeld til dømes skule og eldreomsorg. Det har ikkje i same grad vore tilsvarande diskusjonar i dei to andre kulturhuskommunane, som begge forresten har eigedomsskatt. For ordens skuld burde alle kommunale driftsutgifter som vedkjem Kimen kulturhus, vorte belasta kulturhusrekneskapen. I det minste burde dei ekstra kostnadene gå direkte fram i eit tillegg til eller i ein note til rekneskapen for Eining for kulturproduksjon. Det vil tene alle partar. Kulturhusøkonomien bør vere så transparent som muleg! Også i Stjørdal.

På den andre sida: Det har vore relativt lite offentleg debatt kring kulturhusøkonomien i dei tre aktuelle kommunane, sett i forhold til kor sterkt denne problematikken dominerte debatten før kulturhusa vart tekne i bruk. Både i Stjørdal og i Hamar har også leigeprisane for lokale brukarar av kulturhusa vore ganske overkomelege. Og den lokale bruken av husa, er, som alt nemnt, stor.

Kva får kommunane att?

Kva har så dei tre kommunane fått att for å investere 2,65 milliardar kroner i to kulturhus inklusive parkar, eit konserthus og eit storarta bibliotekbygg? Det er naturleg å stille seg dette spørsmålet. Eg kan dessverre ikkje summere opp og finne tal med to strekar under. Så enkelt er det ikkje.

Dei viktigaste verknadene av husa er sjølvstøtt av kulturell art. Auka og betre kulturtilbod, som eit nytt kulturhus, konserthus eller bibliotek, medfører større etterspørsel etter og bruk av ulike typar kultur. Musikk i ulike sjangrar, teater, dans, shows, kino osv. Eit betre kulturhustilbod fører òg til fleire og betre kulturbrukarar og utøvarar gjennom kulturskulen, musikk- og danseopplæring, litteratur- og bibliotektilbod. Husa tilbyr arenaer for eigne opptredningar og utstillingar og formidlar profesjonelle kulturtilbod av mange slag. Formidlingsfunksjonen er viktig og ei sentral oppgåve for eit regionalt kulturhus, slik

avtroppande kulturhussjef Terje Gloppen i Hamar sa det. Men eit godt kulturhus skal også vere ein arena for samskaping og framvising av og for lokal forankra kunst og kultur, slik Kimen er eit døme på. Kimen har med kyrkja innomhus både fått ei ekstra scene i huset, med svært god akustikk, og ein kulturprodusent med lange historiske tradisjonar. Mulegheitene vert fleire.

Kan effekten av dette målast på nokon måte? Kanskje ikkje. Men høgare kulturell og kunstnarleg kompetanse har ein tendens til å vise att, på scener, i salar og salongar. Og i litteraturen. Ikkje gløym biblioteka. Ikkje berre Stormen, men både Stjørdal og, særleg, Hamar har bra bibliotek med god plass, sentralt i kulturhusa. Elles så kan vi jo følge med på Norsk kulturindeks som Telemarksforsking publiserer kvart år. I 2019 var Hamar på 6. plass på lista, Stjørdal nr. 45 og Bodø nr. 39. I 2014 var plasseringane nr. 5, nr. 79 og nr. 55. Ein liten framgang altså for Stjørdal og Bodø. Hamar har lege jamt høgt heile tida.

Og ja, så skal Bodø i 2024 vere ein av tre Europeiske kulturhovudstader. Dette hadde vore utenkjeleg utan Kulturkvartalet Stormen. Men eg tenkjer nok dei fleste i kulturlivet i byen er glad for konserthuset no får ei ny og sterkare regional forankring, slik at byen og regionen sjølve kan spele ei meir aktiv kulturell og kunstnarleg rolle i den «happeningen» som Bodø 2024 skal verte.

Det vert sagt til meg at kulturhusa er med og styrkjer den lokale identiteten og gjer innbyggjarane litt stoltare av byen enn dei elles ville ha vore, at innbyggjarane set pris på at kulturhuset og parken utanfor har bidrege til eit meir levande og interessant sentrum. Dei likar òg at husa er levande både på dagtid og på kveldstid. Dette er noko kulturhusa og kommunane burde interessere seg for, langt meir enn dei ganske inkjeseiande besøkstala kulturhusa som likar å rapportere om. Kan ikkje kulturhus prøve å skaffe fram ein del empiriske data om korleis befolkninga i byen, og gjerne i omlandet, ser på, vurderer, opplever og konkret brukar kulturhusa? Så langt veit vi lite om dette. Det er på tide at vi får noko eksakt kunnskap på området. Berre gå i gang. Det kostar ikkje all verda å gjere nokre undersøkingar om dette.

Rangering

Denne undersøkinga omfattar tre store (regionale) kulturbyggprosjekt i tre mindre norske byar. I alt dreier det seg som fire ulike kulturbygg. Avslutningsvis vil eg rangere desse bygga etter kor vellykka eg meiner prosjekta (kulturbygga) har vore. Eg har ovanfor i dette kapitlet alt skrive litt om dei suksessfaktorane som er viktige for at ein lykkast eller mislykkast med kulturhusinvesteringane. *Stjørdal kommune* har gjort dette heilt etter læreboka. Då kulturhuset opna i august 2015, var det meste (alt..) for lengst klart og politisk klarert: profilen på huset, kven som skulle inn i huset, kven som skulle vere leiarar, organiseringa, rekneskapsføring osv. osv. Derifrå har det meste gått etter planen. Eg har likevel to merknader: 1) Eg ønskjer noko større transparens når det gjeld drifts- og kapitalrekneskapsfor huset og trekantforholdet kommunen – kulturhuset – Stjørdal kulturutvikling AS. 2) Eg er også litt usikker på kor vellykka det har vore å bruke bibliotekarar som ein slags type allmenne «kulturhusvertar.» Uansett: førsteplassen til Kimen kan ingen utfordre!

1. plass: Kimen kulturhus

På førsteplass kjem utan tvil Kimen kulturhus. Eit godt planlangt og svært tydeleg forankra prosjekt frå start til mål. Ei kulturhusleiing som har arbeidd heilt i takt med ordførar og kommuneleiing. Kimen er truleg Noregs mest varierte kulturhus, med mange typar leigetakarar som utfyller kvarandre og jobbar godt i lag. Brukarane er godt nøgde. Huset ligg strategisk til i sentrum av byen, nær mange av skulane. No er huset sprengt. Det visste kanskje

ordfører Vigdenes, men det var politisk umuleg å byggje større hus. Utfordringar: Nærleiken til Trondheim. Balansen mellom det kommersielle og det lokalt/regionalt forankra kan endre seg... Korleis taklar Kimen det i tida framover?

2. plass: Stormen bibliotek

Stormen bibliotek kjem på ein god andre plass. Eit svært aktivt og utoverretta bibliotek, som har vorte byens litteratur-, debatt- og kulturhus og har begeistra byens befolkning. Biblioteket har merka seg ut med eit omfattande samarbeid med lokale og regionale aktørar ved igangsetjing av fleire ulike tiltak. Unge Stormen har vorte eit varemerke for biblioteket, som også er vertskap for ei jazzgruppe som konserthuset ikkje ville hysje i 2014. Eit strålende vakkert og godt utnytta bibliotek. Utfordring: det nye samarbeidet om Kulturkvartalet.

3. plass: Hamar kulturhus

Kulturhuset var meint å verte eit folkeleg forankra hus med brei appell. Men planlegginga var ikkje så forpliktande som i Stjørdal. Der første kulturhussjefen la opp til eit meir elitært program enn det kommunepolitikarane og mesteparten av «hamarsingene» ville ha. Det gjekk dårleg. Seinare har huset vore på bøljelengd med «hamarsingene». Publikum vil underhaldast, ikkje oppdragast. Huset har gode leigetakarar, særleg musikklivet har det svært bra i huset. Godt bibliotek. Den største leigetakaren, Teater Innlandet, er god brukar av scenene i huset, men er lite engasjert i resten av kulturhuset. Utfordring: korleis utfordre «hamarsingene» om nye kulturytringar på ein konstruktiv måte? Og skal den nye kulturhussjefen sjølv få velje profil på huset?

4. plass: Stormen konserthus.

På siste plass kjem altså Stormen konserthus. Huset scorar svært dårleg når det gjeld forpliktande og inkluderande planlegging. Var det i det heile noko forsøk på innhalds- og profilplanlegging av/for konserthuset? Burde ikkje stillinga som direktør for konserthuset ha vore lyst ut? Unnvikande politikarar. Det storma kring huset alt første året, av fleire årsaker. Det måtte ein «leigesoldat» til for å ordne opp. Men no er det ny giv og ny leiing er på plass. Store endringar er på gang. Huset skal no også verte eit produserande hus. Og samarbeide tett med lokalt og regionalt kulturliv. Barn og unge er viktig målgruppe. Bodø 2024 er viktig for konserthuset. Utfordring: å kunne realisere alle djerpe nye tiltak.

Lærdomar

- 1) Det kommunalpolitiske engasjementet kring kulturhuset må vare inn i driftsperioden, ikkje ta slutt ved at huset vert opna. Husets profil må vere forpliktande.
- 2) Ein må sikre seg ein sjef/direktør som evnar og har vilje til å realisere visjonar, målsetjingar og strategiar for huset. Samtidig må ein i opne prosessar tilpasse og utvikle nye strategiar og profiler etter kvart.
- 3) Modellen med kommunalt føretak synest ikkje å vere velegna når det gjeld å sikre vidareføring av kommunalpolitiske eigarstrategiar og målsetjingar for kulturhusa.

Vedlegg: Nokre kulturindikatorar 2019: Hamar, Stjørdal, Bodø og Noreg

	Hamar	Stjørdal	Bodø	Noreg
Netto driftsutgifter per innbyggjar:				
Kultursektoren i alt (kroner)	3.382	3.229	3.043	2.627
• Biblioteket (kr)	412 (12,2 %)	221 (6,8 %)	315 (10,4 %)	309 (11,8 %)
• Kulturskulen (kr)	259 (7,7 %)	403 (12,5 %)	266 (8,7 %)	300 (11,4 %)
• Kulturbygg/andre kulturaktivitetar (kr)	940 (27,8 %)	1436 (44,5%)	1438 (47,3 %)	629 (23,9 %)
• Idrett/idrettsanlegg (kr)	1472 (43,5 %)	928 (28,7 %)	615 (20,2 %)	885 (33,7 %)
Netto driftsutg. kultur i pst. av komm. samla netto dr.utg (pst)	5,3	8,0	5,0	4,2
Indikatorar kulturskule:				
Netto driftsutgifter til kulturskular per innb. 6-15 år (kroner)	2.348	3.077	2.238	2.507
Prosentdel barn 6-15 år i kommunens kulturskule (pst.)	13,0	21,0	7,8	13,3
Prosentdel barn 6-15 år på venteliste (pst.)	7,4	5,7	0,7	3,1
Indikatorar bibliotek:				
Fysiske besøk i biblioteket (tal)	196.000	612.000	460.000	25,8 mill.
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (tal)	6,3	25,3	8,8	4,8
Arrangement i biblioteket (tal)	161	198	838	63.800
Deltakarar på arrangementa (tal)	6.204	8.310	34.309	1,7 mill.
Plassering (nr.) på Norsk kulturindeks 2019 (2014)	6 (5)	45 (79)	39 (55)	-
Langsiktig gjeld, ex. pensjonsforpliktelsar (milliardar kroner)	3,7	2,6	6,4	513,4
- per innbyggjar (i kroner)	117.638	109.498	122.143	95.562

Note: Alle registrerte besøkande i Kimen kulturhus kjem rett inn i biblioteket, og vert registrerte (også) som besøkande i biblioteket.